



VOLDA KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utvalg: Formannskapet
Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus
Dato: 12.12.2017
Tid: 12:00

Forfall skal snarast meldast til servicekontoret/utvalsekretær på telefon 70 05 87 00 eller postmottak@volda.kommune.no, som kallar inn vara. Varamedlemer møter difor berre etter eiga innkalling.

Folkevalde, både medlemer og varamedlemer, plikter å møte jf. kommunelova § 40 nr. 1, med mindre det ligg føre gyldig forfall.

Den som ønskjer å stille spørsmål om sin habilitet i ei sak, jf. forvaltningslova § 6 og kommunelova § 40 nr. 3, skal melde dette til utvalsekretær i god tid før møtet. Dette også grunna eventuell innkalling av varamedlem, jf. forvaltningslova § 8, 3. ledd.

Møtet er ope for publikum, men kan verte lukka ved handsaming av saker som inneheld informasjon som er unnateke offentlegheit.

Saksdokumenta er lagt ut til offentlig ettersyn på Volda kommune si heimeside <https://innsyn.ssikt.no/volda/dmb> og på servicekontoret.

Jørgen Amdam
ordfører



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 217/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 218/17	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 180/17	Orientering Volda skisenter - søknad om kommunal bankgaranti
PS 219/17	Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda - grunnlagsdokument til Arealdelen - Planid 2016005
PS 220/17	Bygningsmiljø og estetisk rettleiar - dokument til høyring
PS 221/17	Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2018
PS 222/17	Volda ungdomsskule - Moglegheitsstudie og grunnleggande føringar for renovering/ombygging
PS 223/17	Månadsrapport oktober 2017
PS 224/17	Fastsetting av revidert forskrift om renovasjon og slam for Volda og Ørsta kommunar
PS 225/17	Orienteringssaker
OS 181/17	Barnetrakk med skuleelevar i Volda
OS 182/17	NAV - Pressemelding arbeidsmarknaden november 2017

PS 217/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 218/17 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

OS 180/17 Orientering Volda skisenter - søknad om kommunal bankgaranti



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Heidi Istad

Arkivsak nr.: 2016/963

Arkivkode: 2016005

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

219/17

Formannskapet

12.12.2017

SENTERSTRUKTUR, SENTRUMSAVGRENSING OG FUNKSJONSFORDELING I VOLDA - GRUNNLAGSDOKUMENT TIL AREALDELEN - PLANID 2016005

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet tek grunnlagsdokument «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda», datert 01.12.2017 til vitande, og ber om at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030.

Vedleggsliste:

Grunnlagsdokument «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda»

Uprenta saksvedlegg:

Planprogram – Arealdelen 2018 – 2030

Samfunnsdelen 2016 - 2028

Samandrag av saka:

Saka gjeld Formannskapet si tilslutning til dokumentet «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda». Det blir foreslått at dokumentet blir lagt til grunn for det vidare arbeidet med kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030.

Saksopplysningar/fakta:

Senterutvikling og senterstruktur er eit av 7 hovudtema i kommuneplanen sin arealdelen 2018 – 2030. I planprogrammet vart det konkludert med eit behov for å vurdere sentrumsavgrensing, senterstruktur, soneinndeling og funksjonsfordeling i Volda sentrum. Prosjektgruppa for utarbeiding av arealdelen har utarbeidd eit forslag til prinsipp for sentrumsavgrensing, senterstruktur, soneinndeling og funksjonsfordeling i heile kommunen. Det har vore to arbeidsmøte med formannskapet der forslag til prinsipp for sentrumsavgrensing, senterstruktur, soneinndeling og funksjonsfordeling har vore tema og

der det har vore høve til å komme med innspel til arbeidet. Innspel og signal frå Formannskapet er forsøkt innarbeid siste versjon av dokumentet datert 01.12.2017.

Helse og miljøkonsekvensar:

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. Fleire av forslaga i dokumentet vil vere med på å danne grunnlag for redusert transportbehov.

Økonomiske konsekvensar:

Kommunal tilrettelegging for realisering av foreslåtte fortettings- og utviklingsområde kan medføre kostnader til innløyising av tomtegrunn.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Det er krav om ROS-analyse for foreslått ny/endra arealbruk i arealdelen.

Vurdering og konklusjon:

Dokument «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda» gir ein grundig gjennomgang av problemstillingar, rammer og føringar for å kunne vurdere framtidig senterstruktur, sentrumsavgrensing og fordeling av funksjonar i arealdelen 2018 – 2030.

Hensikta med å ha ein avklart senterstruktur er i første rekke å ha eit verktøy for å kunne prioritere arealbruk i samsvar med Rikspolitiske bestemmelsar for areal og transportplanlegging, Regional delplan for attraktive byar og tettstader og vår eigen Samfunnsdel.

Mork/Furene og Hovdebygda som ein ny bydel mellom Volda og Ørsta sentrum er ikkje fastsett som noko mål i Samfunnsdelen, vil til dels vere i konflikt med fleire målsettingar i Samfunnsdelen, som går på å styrke Volda sentrum, og er derfor ikkje vektlagt i utgreinga. Det er heller ikkje foreslått å auke ramma for detaljhandel i Furene utover det som er tillate i gjeldande kommunedelplan og reguleringsplan. Føreståande kommunesamanslåing vil kunne medføre endringar i senterstrukturen som ein vil måtte ta opp som tema i ein felles kommuneplan for den nye kommunen.

Med foreslått soneinndeling av Volda tettstad og forslag til fordeling av funksjonar mellom dei ulike sentrumssonene, Mork/Furene knutepunktsenter og dei andre lokalsentra vil kommunen ha eit godt verktøy til å styre lokalisering av handelsverksemd og andre funksjonar i samsvar med måla i kommuneplanen sin Samfunnsdel. Eg rår derfor til at Formannskapet tek grunnlagsdokument «Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i Volda», datert 01.12.2017 til vitande, og at dokumentet vert lagt til grunn for arbeidet med Kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Sektor for Utvikling.

Klageinstans:

Ikkje klagerett



SENTERSTRUKTUR, SENTRUMSAVGRENSING OG FUNKSJONSFORDELING I VOLDA

Arealdel 2018 - 2030

Dato: 01.12. 2018



Innhald

<u>Bakgrunn og føringar - Senterstruktur og funksjonsfordeling</u>	3
<u>Forslag til framtidig senterstruktur og funksjonsfordeling</u>	4
<u>Volda sentrum(Hovudsenter)</u>	4
<u>Volda sentrum – Indre sentrumssone</u>	6
<u>Volda sentrum – midtre sentrumssone</u>	7
<u>Volda sentrum – ytre sentrumssone</u>	8
<u>Mork/Furene Knutepunktsenter</u>	8
<u>Lokalsenter(bygdesenter)</u>	9
<u>Funksjonsfordeling</u>	9
<u>Sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar</u>	9
<u>Regionale funksjonar, service, tenesteyting og allmenne formål</u>	10
<u>Storhandel og plasskrevjande varer</u>	11
<u>Oppsummering</u>	12

Dokumentet inngår som eit grunnlagsdokument til kommuneplanen sin arealdel 2018 - 2030. Dokumentet er ei utgreiing og vurdering av senterstruktur, avgrensing og soneinndeling av tettstaden Volda og funksjonsfordeling mellom dei ulike sentra når det gjeld handel, privat og offentleg tenesteyting og anna næringsverksemd.

Dokumentet er utarbeidd av Sektor for Utvikling i Volda kommune v/Heidi Istad.

Bakgrunn og føringar- Senterstruktur og funksjonsfordeling

Senterstruktur og busetnadsmønster i Volda kommune er eit resultat av den historiske utviklinga. Med utgangspunkt i SSB sin definisjon av ein tettstad har det pr. 2016 utvikla seg to tettstadar i kommunen; Mork/Furene og Volda sentrum. Volda sentrum er kommunen sin største tettstad og kommunesenter. Mork/Furene er eit knutepunkt mellom ytre og indre Søre Sunnmøre, som også har vakse fram som eit handelsområde med plasskrevjande varer. Kommunen har elles mange spreidde bygder rundt om i kommunen. Tidlegare hadde dei fleste bygdelag eigen skule, butikk, postkontor m.v. Desse bygdesentra hadde ikkje berre ein tenestefunksjon, men like viktig var rolla som møtestad og identitetsberar.

I **Samfunnsdelen** er det formulert ei rekke strategiar som gir føringar når det gjeld fordeling av "sentrumfunksjonar" og korleis Volda sentrum skal utviklast. Samfunnsdelen har ikkje formulert presise føringar for kvar dei ulike funksjonane skal lokaliserast og dette vert ein del av arbeidet med arealdelen. I planprogrammet vart det fastsett arealstrategiar som legg føringar for sentrumsutvikling og senterstruktur.

Det er også fastsett arealstrategiar for andre viktige fokusområde som gir føringar for fastsetting av senterstruktur og fordeling av funksjonar mellom desse:

«Forskrift om rikspolitiske bestemmelse om kjøpesenter» og «**Regional delplan for attraktive byar og tettstader**» legg klare føringar for etablering av handel. I den regionale delplanen er det eigen retningslinje om at det utanfor by- og tettstadsentrum ikkje er lov å etablere nye handelsverksemdar som kvar for seg eller samla utgjør eit bruksareal på meir enn 3000 m². Tettstadanalysen for Volda sentrum frå 2007 gir gode råd om utvikling av Volda sentrum, og vil framleis vere rettleiande for den vidare utviklinga av tettstaden.

Arealstrategiar for sentrumsutvikling og senterstruktur:

- Volda sentrum skal prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringsssentrum, med urbane kvalitetar der detaljhandel skal lokaliserast til sentrumskjernen og institusjonar med krav til utrykkingstid ikkje vert lokalisert utanfor Volda tettstad.
- Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grønne lungar og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
- Legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.

Arealstrategiar for busetting:

- Volda kommune skal ha eit variert bustadtilbod og ledige tomter både i sentrum og i bygdesentra.
- Nye bustadfelt skal lokaliserast i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.
- Spreidd utbygging skal skje som utfylling eller forlenging av eksisterande busetting i skred- og flaumsikre område, og slik at ein ikkje punkterer samanhengande grøntområde, kjerneområde landbruk, eller restriksjonsområde med omsyn til kulturminne.

Arealstrategiar for offentlege og allmenne formål:

- Offentlege funksjonar med tilhøyrande uteområde skal lokaliserast til Volda sentrum.
- Offentlege og allmenne formål utanfor Volda sentrum skal lokaliserast til bygdesentra.
- Allmenne formål i Volda sentrum skal lokaliserast i gangavstand frå sentrumskjernen med sikte på å utvikle eit sentrum med urbane kvalitetar.


Arealstrategiar for landbruk og næringsliv

- Legge til rette for bærekraftig utvikling av landbruk, skog- og fjordbruk.
- Stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen.
- Legge til rette for næringsareal knytt til hovudvegnettet og trasèar for kollektivtransport.

Forslag til framtidig senterstruktur og funksjonsfordeling

Volda sentrum vil framleis ha funksjon som hovudsenteret i kommunen. Det er foreslått å soneinndele Volda sentrum i «indre sentrumssone», «midtre sentrumssone» og «ytre sentrumssone».

Mork/Furene er foreslått å ha funksjon som både lokalsenter og knutepunktsenter med område for handel med plasskrevjande varer. Lauvstad/Dravlaus, Folkestad og Fyrde er med dagens kommunestruktur foreslått å vidareføre som lokalsenter(bygdesenter). I figuren under er det vist ein illustrasjon av den overordna senterstrukturen. Vidare i dokumentet er det gjort vurderingar av kva funksjonar dei ulike sentra og dei tre sentrumssonene skal ha.




Illustrasjon: Forslag til senterstruktur, Arealdelen 2018 - 2030

Volda sentrum(Hovudsenter)

Volda sentrum er det mest folketette området i kommunen og det klare hovudsenteret. I samfunnsdelen og i planprogrammet er det vist ein illustrasjon av tettstaden Volda inndelt i tre soner som til dels har ulike funksjoner.

Sentrumskjernen ei indre sone med detalj- og utvalshandel, offentlig og privat tenesteyting og service, forsamlingshus m.v. Ei midtre sone(Volda sentrum) med pleie- og omsorgsinstitusjonar, barnehagar, barne- og ungdomsskule, vidaregåande skule, høgskule, sjukehus, Tingrett, daglegvarebutikkar, samt anna privat og offentlig tenesteyting. Den ytre sona(Volda tettstad) er dominert av bustader med einestader og meir konsentrerte bustadformer med to- og firmannsbustader.

Føringar i Regional delplan og Kjøpesenterforskrifta gjer at det må fastsettest kva som skal vere sentrumssone med høve til handel, område med høve til framtidig sentrumsutvikling og eventuelt eige handelsområde for plasskrevjande varer dersom det ikkje er plass for dette i tilknytning til sentrumsområdet.



Illustrasjon: Prinsippskisse soneinndeling av Volda sentrum, planprogram.

I arealdelen må vi derfor fastsette ei meir konkret avgrensing av sentrumskjernen og andre aktuelle område for handel med føresegner og retningslinjer for kva funksjonar dei ulike områda skal ha. Det er derfor foreslått å dele Volda tettstad inn i ei indre sentrumssone, midtre sentrumssone og ytre sentrumssone.

I følge forskrift om rikspolitiske bestemmelser om kjøpesenter er det berre lov med etablering av kjøpesenter (detaljhandel) større enn 3000m² i samsvar med regional delplan.

Regional delplan for attraktive byar og tettstader følger opp dette med eigen retningslinje om at det utanfor by- og tettstadsentrum ikkje er lov å etablere nye handelsverksemdar som kvar for seg eller samla utgjør eit bruksareal på meir enn 3000 m². I den regionale delplanen vert det lagt til grunn at sentrumsområdet skal avgrensast i kommuneplan eller reguleringsplan.

I Regional delplan er det fastsett følgjande: Som hovudregel skal all handelsverksemd, så langt som mogeleg, lokaliserast i sentrum. I tilknytning til dagens sentrumsområde kan det avsetast område for framtidig sentrumsutvikling og for handel med plasskrevjande varer. Dersom det ikkje er tilstrekkeleg plass i tilknytning til sentrumsområdet, kan det regulerast eigne handelsområde som ikkje ligg i tilknytning til sentrum. Dei regulerte areala må ha ei utforming og ein storleik som er realistisk og tilpassa dei overordna måla i planen.

I Samfunnsdelen er det formulert eit klart mål om at Volda sentrum skal vere midtpunktet i kommunen og eit tydeleg regionsenter med bymessige kvalitetar saman med Ørsta. Det er også eit mål at Volda sentrum skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel og aktivitet, der fleire skal bu og opphalde seg.

I Regional delplan for attraktive byar og tettstader er det utarbeidd følgjande prinsipp for avgrensing av sentrumsareal i kommuneplan:

- For å gjere tettstadene konsentrerte, skal dagens mangfald og konsentrasjon av handels-, service- og kulturtilbod, parkar, torg og andre møteplassar, vere utgangspunkt for avgrensing av sentrum.
- Det regulerte sentrumsarealet bør ikkje vere større enn det området kommunen vil opparbeide med sentrumsmessig preg og kvalitet, eventuelt saman med andre aktørar i området.
- Det skal vere gangavstand mellom ytterpunkta. Retningsgivande maksimalavstand i dei tre største byane er 800 meter. I dei andre tettstadene bør avstanden vere høvesvis mindre.
- Tilgjenge for alle, særleg den delen av befolkninga som har låg mobilitet, må sikrast gjennom planløysingar som er utarbeidd i samarbeid med samferdselsstyresmaktene. Kravet til universell utforming gjeld kollektivtransport, parkering, gang- og sykkelveggar, offentlege bygningar og anlegg og andre fysiske tiltak retta mot publikum.



Grensene mellom dei tre sonene representerer ei skjønsmessig avgrensing og må ikkje forståast som eksakte grenser. Det er i hovudsak tatt utgangspunkt i gateløp og veggar og her kan derfor vere eigedomar som vert delt mellom to soner.

Volda sentrum – Indre sentrumssone

I **Kommunedelplan for Volda sentrum frå 2009** vart det fastsett ei avgrensing av sentrumskjernen, som det kan vere naturleg å vidareføre. Sentrumskjernen vart den gang avgrensa mot Smitsgata i vest og Hamna 20 i sør, i nord ved rundkøyringa i Storgata og i aust ved Porse studentbustader og Skjellebreida.

Hauane er eit område som historisk sett høyrer naturleg med i den indre sentrumssona. Dette er eit småhusområde som vaks fram som ein del av sentrumskjernen der ein tidlegare hadde mindre handverksverksemdar. Det er derfor ønskeleg å innlemme dette arealet i avgrensing av den «indre sentrumssona».

Innanfor denne avgrensinga finn vi i dag handels-, service- og kulturtilbod, torg, parkar og plassar. Det er gangavstand mellom ytterpunkta, som ligg i ein avstand på om lag 800 m. Dette samsvarar langt på veg prinsipp i regional delplan, sjølv om avstanden mellom ytterpunkta er noko i overkant av retningsgjevande maksimalavstand.

I samsvar med Samfunnsdelen og arealstrategiane skal sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar i tillegg til at det skal leggjast til rette for utvikling av eit regionalt handels-, bu og næringssentrum med urbane kvalitetar. Dette må vere utgangspunktet for kva funksjonar ein ønskjer å prioritere i denne sona.



Illustrasjon: Avgrensing av sentrumskjernen, KDP Volda sentrum.




Illustrasjon: Avgrensing av indre sentrumssone, Arealdel 2018 - 2030

Volda sentrum – midtre sentrumssone


Like utfor sentrumskjernen finn vi ei sone med pleie- og omsorgsinstitusjonar, barnehagar, barne- og ungdomsskule, vidaregåande skule, høgskule, sjukehus, Tingrett, daglegvarebutikkar, samt anna privat og offentleg tenesteyting. Her er både ein bustadområde og område med konsentrerte småhus og blokker.

Området strekk seg frå Klokkarvika og området kring omsorgssenteret i vest, langs Kårstadvegen, Røyslidvegen og Heltnevegen i nord. Avgrensa i aust mot Heltneelva, men slik at idretts- og friluftsområda ved Årneset er med. Øvre og nedre Rotset avgrensa mot småbåthamna.

Området ligg i gangavstand frå sentrumskjernen og i denne sona kan ein nå tak i alle kvardagsfunksjonar utan bruk av bil. Store delar av området har busstilbod. I denne midtre sentrumssona er det ein stor del konsentrert busetnad med rom for fortetting i etablerte bustadstrøk og utbygging av udisponert bustadareal. I Området mellom den framtidige Voldatunnelen og Rotsethorntunnelen er det store areal som kan vere egna som suppleringscenter når det gjeld handel. Her bør det kunne etablerast ein handelspark med høve til handel med både plasskrevjande varer og enkelte utvalsvarer som hushaldningsapparat, verktyø og sportsutstyr som kjem under definisjonen av detaljhandel. Ein bør derfor kunne etablere detaljhandel med totalt bruksareal opp til 6000m² i denne midtre sona.



Illustrasjon: Funksjonar i midtre sentrumssone.




Illustrasjon: Avgrensing av midtre sentrumssone, Arealdelen 2018 - 2030

Volda sentrum – ytre sentrumssone

Ytre sentrumssone er resten av arealet som ligg innanfor Volda tettstad. Dette er i stor grad ei bustadsone, men her er også barnehagar, forsamlingshus og skular.

Barnehage, skule og forsamlingshus for å støtte behovet i bustadområda bør kunne etablerast i ytre sentrumssone.

Denne sona bør framleis hovudsakleg vere eit område med stor grad av frittliggande småhus, sjølv om det må vere rom for konsentrerte småhus. Blokk bør vere unntaket i denne sona. Bustadfortetting er eige tema i arbeidsrapport x Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting.



Illustrasjon: Avgrensing av ytre sentrumssone, Arealdelen 2018 - 2030


Mork/Furene Knutepunktsenter

Mork/Furene har utvikla seg til å bli både eit attraktivt bustadområde og eit regionalt viktig område for handel med plasskrevjande varer. I området finn ein i tillegg til skule, barnehage, forsamlingshus, idrettsanlegg og helse- og omsorgsinstitusjonar også detaljhandel med daglegvarer, teneste- og serviceverksemder i tillegg til meir tradisjonell transport, industri-, verkstad-, bygg-, og anleggverksemd. Området er eit trafikknutepunkt mellom ytre og indre Sørre Sunnmøre og har potensiale for både auka busetting og næringsaktivitet nær dette viktige knutepunktet.

På bakgrunn av fastsett arealstrategi der det er lagt vekt på at Volda sentrum skal utviklast som regionalt handels-, bu- og næringsssentrum, med urbane og berekraftige kvalitetar, er det ikkje ønskjeleg med auka detaljhandel utover 3000 m² bruttoareal i Furene.

Området har i tillegg til detaljhandel fleire handelsverksemder med plasskrevjande varer. Her er framleis rom for fleire etableringar av plasskrevjande varer. Store delar av næringsarealet er lavt utnytta og det er regulert areal til slikt formål som framleis ikkje er utnytta. Mork /Furene er saman med Hovdebygda eit regionalt viktig handelsområde og det er framleis ønskjeleg at området har denne funksjonen. Det er derfor aktuelt å sikre meir areal, som kan legge til rette for framtidig etablering av større handelsverksemder med plasskrevjande varegrupper, som kan vere med på å redusere handelslekkasje til Moa-området. Det er derimot ikkje opna for auka detaljhandel. Dette gjer at større varhus etableringar med varegrupper som ikkje kjem inn under

definisjonen av plasskrevjande varer ikkje kan etablerast her, om ein samla sett kjem opp i eit bruksareal over 3000 m². Slike etableringar kan derimot etablerast i midtre og indre sentrumssone i tråd med anbefalingar i Handelsanalysen.



Illustrasjon: Mork/Furene som knutepunktsenter, Arealdelen 2018 - 2030

Lokalsenter(bygdesenter)

I kommuneplanen Volda mot år 2000 vart Lauvstad/ Dravlaus, Folkestad og Fyrde definert som lokalsenter. Desse skulle då utviklast som servicesenter for omkringliggande bygder, med eit høveleg tilbod av privat og offentleg service. Dette vart også vidareført i kommuneplan 1996-2008. I Samfunnsdelen 2016 – 2028 er det ikkje formulert noko eiga målsetting for utvikling av bygdesentra/lokalsentra anna enn målsetting om å redusere den negative folketalsutviklinga på bygdene.

Sentraliseringstrenden dei seinaste tiåra har gitt nedgang i folketallet på bygdene og med det også eit redusert servicetilbod i lokalsentra. den kommunale økonomien set også dei kommunale tenestene i lokalsentra under press. Betra kommunikasjonsløysingar mellom lokalsentra og kommunesenteret gir enklare tilgang til tenestetilbodet i kommunesenteret og gjer at behovet for offentleg og privat service og tenesteyting i lokalsentra ikkje er det same.

Lokalsentra har likevel ein sterk identitetsberande funksjon og er viktig som møteplass. Saman med målsettinga om å redusere den negative folketalsutviklinga er det viktig å vidareføre prinsippet om lokalsenter. Det er her vi har den best utbygde infrastrukturen og det er her det er naturleg å legge til rette for auka bustadbygging, næringsutvikling og offentleg og privat teneste og servicetilbod.

Arealdelen handlar om å prioritere arealbruken i samsvar med målsettingane i Samfunnsdelen. I arealdelen må ein derfor legge til rette for tilstrekkeleg areal til bustadbygging, privat og offentleg service/ tenestar, mulegheit for næringsutvikling og gode kommunikasjonsløysingar. Dette vil og vere heilt i tråd med målsettinga i Samfunnsdelen om redusert klimagassutslepp og fastsett arealstrategi om at nye bustadfelt skal lokaliserast i tilknytning til eksisterande busetnad, infrastruktur og handels- og tenestetilbod, og planleggast med gode løysingar for kollektivtransport, sykkel og gange.

Kva offentlege tenester som skal lokaliserast i lokalsentra må prioriterast gjennom meir konkrete målsettingar og strategiar i neste Samfunnsdel. I arealdelen er det viktig å sikre at dei funksjonane som er i lokalsentra i dag har tilstrekkeleg areal.

Den føreståande kommunesamanslåinga med Hornindal vil påverke senterstrukturen i kommunen. Mange i indre del av Austefjordområdet nyttar seg i stadig større grad av dei funksjonane ein finn på Grodås. Saman med betra kommunikasjonar til Volda sentrum set dette lokalsenteret Fyrde under press. Forholdet mellom Fyrde og Grodås må avklarast i ein ny Samfunnsdel for den nye kommunen. I denne arealdelen må ein legge til rette for at ein kan nå målsettinga om å redusere den negative folketalsutviklinga. I arealdelen kan ein gjere dette ved å sikre at ein arealmessig legg til rette for at her kan vere muleg med auka busetting, næringsutvikling og offentlege tenestar i og nær Fyrde lokalsenter.

Funksjonsfordeling

Fordeling av ulike funksjonar når det gjeld handel, privat og offentleg service, div. næringsaktivitet m.v. heng tett saman med senterstruktur og soneinndeling av Volda tettstad.

Det er ei nasjonal målsetting at areal- og transportplanlegginga skal bidra til god fortetting i sentrumsområde og rundt kollektivknutepunkt. I Volda sentrum ligg kollektivknutepunktet på Moritzmarka midt i sentrumskjernen. I tillegg har vi eit kollektivknutepunkt i Furene der det bør vere muleg med auka næringsverksemd og busetting.

I følgje arealstrategiane skal det leggst til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen («indre sentrumssone») og samfunnsdelen har fastsett målsetting om at utslepp frå transportsektoren skal reduserast. Vidareutvikling av nærings- og/eller handelsaktivitet nær kollektivknutepunkta i gangavstand til sentrumskjernen vil vere eit godt grep for å redusere utslepp frå transportsektoren.

Sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar

Ein tettstad med berekraftige kvalitetar er gjerne kompakt med korte avstandar mellom bustad, arbeidsstad, kollektivtrafikk, grøntområde, servicetilbod og fritidstilbod. For å sikre ei slik utvikling i Volda sentrum må vi ha klare føringar på kva funksjonar som skal kunne lokaliserast i dei ulike sentrumssonene, i Mork/Furene og dei andre lokalsentra.

I Samfunnsdelen og vidare i arealstrategiane er det fastsett at det er ønskjeleg med eit sentrum med urbane kvalitetar. Dette er gjerne eit sentrum karakterisert som eit tett sentrum med mange funksjonar og eit differensiert tenestetilbod, der det foregår utstrekkt samhandel med menneske på tettstaden sine plassar og uterom. Det bør vere naturleg å opphalde seg i det urbane sentrum ved at mange bur i området, eller går og køyrer gjennom sentrum til og frå ofte nytta funksjonar.

For å få til eit sentrum med meir urbane kvalitetar er det i arealstrategiane gitt føringar om at detaljhandel skal lokaliserast til sentrumskjernen. Dette er tatt igjen i arealstrategiane for næringsliv der det er gitt føringar om at ein skal stimulere til vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen. Handelsanalyse Ørsta-Volda frå 2014 støttar og opp om dette og konkluderte med at auka handel med utvalsvarer bør bli lokalisert til sentrumskjernen. Utvalsvarer omfattar gjerne typiske varer som vert selt på kjøpesenter og i sentrumsområder slik som m.a. klede, sko, hushaldningsapparat og sportsutstyr. Desse varegruppene inngår saman med daglegvarer i omgrepet detaljhandel. Det er derfor viktig å prioritere areal for detaljhandel i den indre sentrumssona og det er like viktig med føresegnar som sikrar at vi unngår ei utvikling med større etableringar av detaljhandel utanfor den indre sentrumssona.


Strøksgatehandel som kjenneteiknast av mindre butikkar og tenesteyting langs ei gate med aktive fasadar og kjøpesenter bør derfor berre kunne etablerast i indre sentrumssone. Kjøpesenter vert gjerne definert som ei felles samling av butikkar, organisert med innvendige handlegater gjerne tilrettelagt for sosiale opplevingar.

Illustrasjonen under viser til dels store areal med utviklings- og fortetningspotensiale når det gjeld både handel og andre sentrumsfunksjonar. Areala bør prioriterast for strøksgatehandel, kjøpesenter, kontor, bank, finans, kultur, servering, overnatting, større grad av leilegheiter, parkar, plassar og grøntareal.

Storhandelskonsept som medfører behov for store parkeringsareal på bakkeplan og stor trafikk med større køyretøy bør ikkje etablerast i indre sentrumssone. Verksemdar som bensinstasjon, bilverkstad, bilbutikk, lager, godsterminal og støyande produksjonsverksemdar bør ikkje prioriterast i indre sentrumssone.

For å kunne utvikle eit sentrum med urbane kvalitetar er det viktig at folk finn det naturleg og attraktivt å ferdast der. I løpet av planperioden vil E39 bli flytta ut av denne sona og gjennomgangstrafikken og mykje av lokaltrafikken vil ikkje nødvendigvis passere den indre sentrumssona på veg til og frå daglege aktivitetar.

Det er derfor desto viktigare å sikre at funksjonar som evner å tiltrekke seg folk framleis vert lokalisert i indre sentrumssone. I tillegg er det viktig å sikre gode kommunikasjonsårer mellom verksemdar og aktivitetar i midtre og indre sone. Når ein nyttar eit tilbod i midtre sone må det vere opplevast enkelt og intuitivt å ta seg ned til fots, på sykkel eller køyrande til det «urbane» sentrum i den indre sona. Både Tettstadanalysen frå 2007 og Utviklingsplanen frå 2015 har fleire gode forslag til kvar og korleis dette bør gjennomførast.



Regionale funksjonar, service, tenesteyting og allmenne formål

Volda sentrum har fleire regionale funksjonar som m.a. sjukehus, vidaregåande skule, høgskule og tingrett som ligg i midtre og indre sentrumssone. Med sikte på å utvikle eit sentrum med urbane kvalitetar må etablering av slike funksjonar saman med allmenne formål og private og offentlege funksjonar som ikkje er dupliserbare, fortrinnsvis lokalisert til sentrumskjernen. På denne måten vil ein sikre eit godt grunnlag for å kunne utvikle eit urbant sentrum der folk oppheld seg og møtast. Sentrumskjernen har avgrensa plass for vidareutvikling av plasskrevjande funksjonar når det gjeld både private og offentlege teneste- og servicefunksjonar og arealkrevjande allmenntilgjengelege funksjonar som idrettsanlegg m.v.

I samsvar med målsettingar i Samfunnsdelen og fleire av arealstrategiane bør det ikkje vere tillate å lokalisere ikkje-dupliserbare offentleg og privat service og tenesteyting eller allmenne funksjonar som idretts- og kulturanlegg utanfor indre og ytre sentrumssone.

Ved å opne for vidareutvikling av slike funksjonar i midtre sentrumssone vil ein kunne sikre ei sentrumsnær lokalisering som samtidig vil ligge i gangavstand frå den ytre sentrumssona. Dei fleste av dei regionale funksjonane som er etablert i midtre sone har framleis tilstrekkeleg areal for vidareutvikling, men det er viktig å sikre at det ikkje vert bygd for tett på slik at det kan vere til hinder for verksemdene sine aktivitetar.

Storhandel og plasskrevjande varer

I eit regionalt perspektiv handlar handel gjerne om å ha eit utval som ikkje er representert i alle tettstader, men som kan trekke til seg kundar frå heile regionen. I regional delplan for attraktive byar og tettstader er Volda saman med Ørsta, Ulsteinvik og Fosnavåg definert som delregionsenter som skal fungere som kompletterande handels- og tenestесenter for Søre Sunnmøre. I kommunesenter som er delregionsenter kan handels- og tenestetilbodet dimensjonerast ut over 100 % dekning i eigen kommune.

I Furene er det etablert fleire handelsverksemdar med plasskrevjande varegrupper. Plasskrevjande varer er i regional delplan definert som bilar, båtar, landbruksmaskiner, trelast og større byggevarer, møblar, teppe, kvite- og brunevarer samt utsal frå hagesenter og planteskolar. I følgje regional delplan skal denne typen handel etablerast innanfor føremålsavgrensingar som allereie er gitt i gjeldande kommune- eller reguleringsplanar. Utviding bør berre tillatast dersom det ikkje fører til arealkonflikt, og etter at fullt utbyggingspotensiale innanfor føremålsavgrensingane er utnytta. I Furene er det i gjeldande kommunedelplan og reguleringsplan sett av slikt areal der fullt utbyggingspotensiale enno ikkje er utnytta. Det kan likevel vere aktuelt å sikre meir areal til handelsverksemdar med plasskrevjande varer og betre bransjevis lokalisering av andre næringar.


I Handelsanalysen vart det konkludert med at det kan vere rom for meir handel med byggevarer, hagesentre og andre plasskrevjande varer, og at dette er bilbasert handel med eit regionalt marknadsområde, som vert anbefalt lokalisert til Furene – Hovdebygda.

I same analyse vart det konkludert med at Volda har underdekning av handel med møblar og kvitevarer. For ikkje å trekke meir handel ut frå sentrum bør denne varegruppa lokaliserast til utkanten av sentrum og ikkje i Furene- Hovdebygda.

I følgje regional delplan er det eit krav at det må ligge føre ei konsekvensutgreiing som viser at tiltaket er i samsvar med dei overordna måla i planen og har positiv samfunns effekt, dersom ein skal kunne etablere nye område for plasskrevjande varer. Sjølv om det framleis er mykje areal som kan nyttast til nye handelsverksemdar i sentrumskjernen er det lite ønskeleg med større etableringar av bilbaserte varegrupper i sentrumskjernen. Slike varegrupper medfører ofte stor trafikk med tyngre køyretøy og store parkeringsflater på bakkeplan.

Ved å legge til rette for handel med plasskrevjande varer og noko auka detaljhandel i midtre sentrumssone, vil ein kunne legge betre til rette for Volda sentrum som eit regionalt handels-, bu og næringsssentrum. Dette vil avlaste indre sentrumssone når det gjeld regionale funksjonar innan handel, samtidig som det vil vere i gangavstand både frå sentrumskjernen og den ytre sentrumssona. Dette vil og vere med på å redusere transportbehovet internt i Volda sentrum.

Det er likevel viktig at handelsetablering i denne sona ikkje skjer i eit slikt omfang at vi ikkje oppnår eit sentrum med urbane kvalitetar med rom for vidareutvikling av detaljhandel med allsidig tilbod i sentrumskjernen. Det vil derfor vere nødvendig å regulere kva type varegrupper som kan tillatast og på kva måte handelen skal organiserast.



Oppsummering

Som ei oppsummering av dei vurderingane og forslaga til senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling i kommunen er det laga ein tabell. Tabellen vil vere utgangspunkt for føresegner og retningslinjer til Arealdelen 2018 - 2030.

Stad	Sentertype	Funksjonar
Volda sentrum	Indre sentrumssone (Kommunesenter)	Detaljhandel, utvalshandel og plasskrevjande varer. Ikkje plasskrevjande storhandel, lager, godsterminal, bilhandel, bilbutikk eller støyande og forureinande verksemder.
Volda sentrum	Midtre sentrumssone (Suppleringscenter)	Detaljhandel og utvalshandel totalt samla areal inntil 6 000m ² BRA, plasskrevjande varer. Utvalshandel og plasskrevjande varer med min. 1000m ² BRA. Ikkje sko, klede, blomsterbutikk og anna småhandel som naturleg høyrer heime i sentrum. Regional og lokal offentleg og privat tenesteyting. Skule, barnehage,
Volda sentrum	Ytre sentrumssone	Daglegvarehandel inntil 3000 m ² BRA. Skule, barnehage, lokalt forsamlingshus.
Mork/Furene	Knutepunktsenter	Plasskrevjande varer med min. 1000m ² BRA. Detaljhandel inntil 3000 m ² BRA. Ikkje detalj-/utvalshandel ut over 3000 m ² BRA. Næringsareal for ulike typar verksemder med bransjevis lokalisering. Lokalt forsamlingshus, offentleg og privat tenesteyting for å dekke lokalt behov.
Lauvstad/Dravlaus	Lokalsenter	Detaljhandel inntil 3000 m ² BRA. Lokalt forsamlingshus, offentleg og privat tenesteyting for å dekke lokalt behov. Næringsareal for ulike typar verksemder.
Folkestad	Lokalsenter	Detaljhandel inntil 3000 m ² BRA. Lokalt forsamlingshus, offentleg og privat tenesteyting for å dekke lokalt behov. Næringsareal for ulike typar verksemder
Fyrde	Lokalsenter	Detaljhandel inntil 3000 m ² BRA. Lokalt forsamlingshus, offentleg og privat tenesteyting for å dekke lokalt behov. Næringsareal for ulike typar verksemder.



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Regine Solberg Aklestad Arkivsak nr.: 2017/2238
Arkivkode:

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
87/17	Forvaltningsutvalet	05.12.2017
220/17	Formannskapet	12.12.2017

BYGNINGSMILJØ OG ESTETISK RETTLEIAR - DOKUMENT TIL HØYRING

Handsaming:

Sakshandsamar Regine Aklestad orienterte om saka.

Leiar Magnar Sunde kom med framlegg om at formannskapet vert endra til forvaltningsutvalet.

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen, med endringar frå Magnar Sunde, vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Forvaltningsutvalet - 05.12.2017 til formannskapet

Forvaltningsutvalet vedtek å sende dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar» for Volda sentrum ut til høyring og offentleg ettersyn.

Administrasjonen si tilråding:

Formannskapet vedtek å sende dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar» for Volda sentrum ut til høyring og offentleg ettersyn.

Vedleggsliste:

Vedlegg 1: "Bygningsmiljø og estetisk rettleiar", høyringsutkast datert 24.11.2017
Vedlegg 2: Oversikt høyringsinstansar

Uprenta saksvedlegg:

Ingen uprenta saksvedlegg.

Samandrag av saka:

I planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel står det at det skal utarbeidast føresegner og retningslinjer for estetikk og bygningsmiljø i Volda kommune. Arbeidet med dokumentet "Bygningsmiljø og estetisk rettleiar" starta i juni 2017, og er no klar til å sendast ut på høyring. Etter høyringsperioden skal dokumentet handsamast politisk, og dokumentet skal leggest til grunn for kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar.

Saksopplysningar/fakta:

I planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel står det at det skal utarbeidast føresegner og retningslinjer for estetikk og bygningsmiljø i Volda kommune. Arbeidet med dette dokumentet starta juni 2017 og har vore leia av planleggar ved sektor for utvikling i Volda kommune. I oppstarten vart det oppretta ein arbeidsgruppe for prosjektet. Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå Volda kommune, kulturvernseksjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune (v/ Toril Moltubakk) og historikar Kari Hasle frå Høgskulen i Volda. Parallelt med dette prosjektet har det vore arbeid med ein kulturminneplan for kommunen, og prosjektgruppa for kulturminneplanen har også vore involvert i dette arbeidet. Personale ved biblioteket har vore til stor hjelp i arbeidet med å finne informasjon knytt til arbeidet. I tillegg har ein vore i kontakt med andre lokale einskildpersonar.

Mål for arbeidet

Arbeidsgruppa har definert målsettinga med arbeidet slik:

- Bidra til å styrke Volda sitt særpreg og identitet.
- Synleggjere Volda sitt særpreg og kvalitetar innan bygningsmiljø.
- Ta stilling til kva område kommunen ynskjer å ta vare på og i kva grad.
- Utarbeide eit dokument med føresegner og estetiske retningslinjer.
- Medverke til betre informasjon og kommunikasjon om estetikk i byggesaker.
- Medverke til at sakshandsamarar og politikarar i kommunen vert tryggare og sterkare fagleg innafor temaet estetikk.

Dokumentet skal vere eit grunnlag for kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar. I utforminga av dokumentet er det lagt vekt på at rettleiaren skal kunne nyttast som råd og hjelp til tiltakshavar, arkitektar og prosjekterande.

Innhald

Dokumentet inneheld følgjande hovudkapittel:

- 1 Innhald
- 2 Innleiing
- 3 Tilskot
- 4 Historisk utvikling av tettstaden Volda
- 5 Voldalandskapet
- 6 Verdifulle bygningsmiljø
- 7 Estetisk rettleiar for restaurering og tilpassing
- 8 Bygningar av nasjonal og regional verdi
- 9 Kjelder

Kapittel 6 Verdifulle bygningsmiljø inneheld utvalte område med særlege kvalitetar knytt til bygningsmiljø. Kapittelet inneheld ei omtale av dei ulike områda, kjenneteikn, planstatus og retningslinjer og rutinar for utvikling.

Ut på høyring

Prosjektgruppa vil nå legge vedlagt dokument ut på høyring, for å få innspel frå publikum. Alle som vil kan kome med innspel til dokumentet. Innspela kan sendast som brev eller e-post til:

Volda kommune, Stormyra 2, 6100 Volda eller postmottak@volda.kommune.no.

Dokumentet vil vere tilgjengeleg på kommunen si heimeside www.volda.kommune.no. Eit høyringsutkast vil også vere tilgjengeleg på biblioteket. Høyringsperioden vert sett til tre veker.

Politisk handsaming

Etter høyringsperioden skal dokumentet handsamast politisk i forvaltningsutvalet, formannskapet og kommunestyret. Målet er at det ferdige dokumentet skal leggast til grunn for kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar.

Helse- og miljøkonsekvensar:

Ingen kjente konsekvensar.

Økonomiske konsekvensar:

Høyringsutkastet har ingen kjente økonomiske konsekvensar.

Etter sluttgodkjenning i kommunestyret kan det vere aktuelt å vurdere å trykke opp dokumentet, slik at det kan delast ut til utbyggerar og publikum.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen kjente konsekvensar.

Vurdering og konklusjon:

Formannskapet vedtek å sende dokumentet «Bygningsmiljø og estetisk rettleiar» for Volda sentrum ut til høyring og offentleg ettersyn.

Rune Sjurgard
Rådmann

Jørgen Vestgarden
utviklingssjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Sektor for utvikling.

Klageinstans:



BYGNINGSMILJØ OG ESTETISK RETTLEIAR

VOLDA SENTRUM



HØYRINGSUTKAST
24.11.2017

FORORD

Volda sentrum har mange kvalitetar det er viktig å take vare på. Volda var, er og blir i endå større grad i framtida sentrum i ein region med over 70.000 innbyggjarar og som aukar presset på arealbruk og omstilling. Volda er sentrum for offentleg verksemd, men også eit viktig sentrum for privat service – «alle vegar fører til Volda». Omstillingspress krev fortetting og ombygging, korleis skal vi gjere dette slik at vi utviklar gode bygningsmiljø og gjere Volda endå meir attraktiv for innbyggjarar og besøkande? Å gi gode og klare svar på desse og anna estetiske spørsmål er det overordna målet med denne rettleiaren.

I rettleiaren har arbeidsgruppa formulert desse måla:

- Bidra til å styrke Volda sitt særpreg og identitet.
- Synleggjere Volda sitt særpreg og kvalitetar innan bygningsmiljø.
- Ta stilling til kva område kommunen ynskjer å ta vare på og i kva grad.
- Utarbeide eit dokument med føresegner og estetiske retningslinjer.
- Medverke til betre informasjon og kommunikasjon om estetikk i byggesaker.
- Medverke til at sakshandsamarar og politikarar i kommunen vert tryggare og sterkare fagleg innafor temaet estetikk.

Dette er viktige mål og eg meiner rettleiaren gir gode svar. På vegne av oss innbyggjarar og politikarar i kommunen er eg stolt og glad for innsatsen som arbeidsgruppa har gjort for å hjelpe oss i dette viktige arbeidet.

Jørgen Amdam
Ordførar

1 INNHALD

	Forord	s. 2
1	Innhald	s. 2
2	Innleiing	s. 2
2.1	Bakgrunn for arbeidet	s. 2
2.2	Avgrensing av arbeidet	s. 2
2.3	Kva er eit bygningsmiljø?	s. 3
2.4	Kvifor ta vare på bygningsmiljøet?	s. 4
2.5	Gjennomføring og metode	s. 4
2.6	Mål for arbeidet	s. 4
2.7	Lovverk	s. 4
3	Tilskot	s. 5
4	Historisk utvikling av tettstaden Volda	s. 6
4.1	Volda fram til 1910	s. 6
4.2	Volda i mellomkrigstida	s. 8
4.3	Volda etter 1945	s. 10
4.4	Volda i 2017 og gjeldande planar	s. 12
5	Voldalandskapet	s. 14
5.1	Karakteristiske element	s. 14
5.2	Historisk utvikling av tilknyttinga til landskapet	s. 14
6	Verdifulle bygningsmiljø	s. 16
6.1	Halkjelsvika	s. 16
6.2	Hauane	s. 18
6.3	Elvadalen	s. 20
6.4	Rotsetfjøra	s. 22
6.5	Sveitserrekkja	s. 24
6.6	Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen	s. 26
6.7	Brenslene, Granlida og Furebakken	s. 28
6.8	Skuleløypa	s. 30
6.9	Skifertak	s. 32
6.10	Løer	s. 34
6.11	Uthus	s. 36
7	Estetisk rettleiar for restaurering og tilpassing	s. 38
7.1	Restaurering og tilpassing	s. 38
7.2	Tilbygg på eldre hus	s. 39
7.3	Fortetting og nye bygg	s. 40
7.4	Huset sin tilstand og moglegheiter	s. 40
8	Bygningar av nasjonal og regional verdi	s. 41
8.1	Bygningar med nasjonal verdi	s. 41
8.2	Bygningar med regional verdi	s. 42
8.3	Bygningar med lokal høg verdi	s. 44
9	Kjelder	s. 49
10	Nyttige nettsider	s. 50

2 INNLEIING

2.1 Bakgrunn for arbeidet

I planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel står mellom anna fylgjande to arealstrategiar:

- Volda sitt særpreg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelsen og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grønne lungar og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
- Legge til rette for fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen, som støttar opp om utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.

I planprogrammet står det også at det skal utarbeidast føresegnar og retningslinjer for estetikk og bygningsmiljø i Volda kommune. Dokumentet skal leggast til grunn for kommuneplanen sin arealdel.

2.2 Avgrensing av arbeidet

For å avgrense arbeidet inneheld dette heftet ein gjennomgang av bygningsmiljø i eller knytt til tettstaden Volda. Det er lagt vekt på å undersøkje eksisterande bygningsmiljø med spesiell verdi.

2.3 Kva er eit bygningsmiljø?

Eit bygningsmiljø er ein samling av bygningar som er plassert slik at dei kan oppfattast under eitt. Det kan til dømes vere ein einskapleg bygningsmasse rundt eit gateløp, ein plass eller eit grøntområde. Bygningsmiljø kan vere alt frå ei mindre husgruppe på nokre få bygningar i eit lokalt miljø, til meir spreidd bygdebebyggelse og deler av eller heile byar eller tettstadar. I ordet bygningsmiljø er det vanleg å legge eigenskapar som "einskapleg", "harmonisk" eller "med felles trekk".



Bygningar og bygningsmiljø er fysiske element i det offentlege rom som fortel historier om ulike tidsepokar. Bygningane gjer historiene levande og lettare å forstå for oss som lever i dag, og for dei som kjem etter oss.

2.4 Kvifor ta vare på bygningsmiljøet?

Bygningsmiljøet avspeglar både det fysiske landskapet, lokale og nasjonale hendingar, lovverk og trendar. Dagens byar og bygder ber med seg spor etter historia. Desse spora karakteriserar staden og gir den særpreg og eigenart. Bygningar og bygningsmiljø er med på å gjere historier levande.

Bygningsmiljøet i Volda er ein del av kulturarven, og representerar viktige verdiar og felles ressursar for samfunnet i dag – og i framtida. Opplevingsverdien, identitetsverdien, symbolverdien og kunnskapsverdien er viktige sider av kulturarven si samfunnsmessige verdi. Kulturarven kan også nyttast til å auke stadens omdømme og konkurransekraft, til å tiltrekke besøkande og til merkevarebygging.

2.5 Gjennomføring og metode

Arbeidet med dette dokumentet starta juni 2017 og har vore leia av planleggar ved sektor for utvikling i Volda kommune. I oppstarten vart det oppretta ein arbeidsgruppe for prosjektet. Arbeidsgruppa har bestått av representantar frå Volda kommune, kulturvernseksjonen i Møre og Romsdal fylkeskommune og historikar frå Høgskulen i Volda. Parallellt med dette prosjektet har det vore arbeid med ein kulturminneplan for kommunen, og prosjektgruppa for kulturminneplanen har også vore involvert i dette arbeidet. Det har vore to heildags-prosjekt møte med arbeidsgruppa, i tillegg til mindre arbeidsmøte og e-postutveksling. Det har også vore gjennomført synfaringar i dei ulike områda, med representantar frå prosjektgruppa.

Bakgrunnsdokument og kjeldemateriale er i hovudsak funne på biblioteket i Volda, kommunen sine arkiv, internett og i ulike kartdatabasar. Ein har også nytta Facebook og vore i kontakt med einskildpersonar for å få tak i informasjon knytt til arbeidet. Kjeldelista står bakerst i dokumentet. Figurar og bilete er produsert av Regine S. Aklestad der ikkje anna er nemnd.

(Dokumentet vart lagt ut til høyring xx.xx.xxxx og vedteke av kommunestyret xx.xx.xxxx)

2.6 Mål for arbeidet

Arbeidsgruppa har definert målsettinga med arbeidet slik:

- Bidra til å styrke Volda sitt særpreg og identitet.
- Synleggjere Volda sitt særpreg og kvalitetar innan bygningsmiljø.
- Ta stilling til kva område kommunen ynskjer å ta vare på og i kva grad.
- Utarbeide eit dokument med føresegner og estetiske retningslinjer.
- Medverke til betre informasjon og kommunikasjon om estetikk i byggesaker.
- Medverke til at sakshandsamarar og politikarar i kommunen vert tryggare og sterkare fagleg innafor temaet estetikk.

Dokumentet skal ligge til grunn for kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar. I utforminga av dokumentet er det lagt vekt på at rettleiaren skal kunne nyttast som råd og hjelp til tiltakshavar, arkitektar og prosjekterande.

2.7 Lovverk

Plan- og bygningslova (pbl) set rammar for offentleg og privat arealplanlegging, og for kva eigarar kan gjere av bygging og andre tiltak på eigedomene sine.

I fylgje plan- og bygningslova skal alle kommunar ha ein kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Arealdelen er ein overordna plan for heile kommunen. Reguleringsplanar er meir detaljerte planar for mindre område. I arealplanane vert områda regulert til arealformål med føresegner. Områda kan i tillegg regulerast med omsynssonar. Det kan til dømes vere sone med særleg omsyn til bevaring av natur- eller kulturmiljø.

Kulturminneloven er det sentrale lovverket for å ta i vare kulturmiljø og kulturminne. Det sterkaste verkemiddelet er fredning. Ein rekkje faste kulturminne er freda direkte i lova (automatisk freda kulturminne). Ein kan også frede utvala kulturminne ved enkeltvedtak (vedtaksfreda kulturminne).



Hauane, Volda.

3 TILSKOT

Det er mogleg å søkje om midlar til vedlikehald, utbetring og utvikling av bygningar ved både statlege, regionale og private ordningar. Ordningane varierar frå år til år, nokre vert borte og andre kjem til. Her er likevel ein liste over eit utval aktuelle ordningar:

Kulturminnefondet

Tilskotsordninga er eit lågterskeltilbod til private eigarar av verneverdige kulturminne. Også frivillige lag og organisasjonar, anten de eig kulturminna sjølv eller forvaltar dei på vegne av andre, kan søkje. kulturminnefondet.no/

Kultur- og miljølegatet og Landbrukslegatet i Norges Vel

Midlane fordelast av Norges Vel, og satsingsområde er bevaring av gamle hus og gjenstandar dersom dei inngår i næringsverksemd (turisme eller næringsliv). www.norgesvel.no/kultur-og-miljoelegatet.303192.no.html
www.norgesvel.no/landbrukslegatet.303190.no.html

Rydd et kulturminne

Midlane fordelast av Norsk kulturarv, og går til skjøtsel av kulturminne. www.kulturarv.no/aksjoner/rydd-et-kulturminne

«Ta et tak»-aksjonen

Midlane fordelast av Norsk Kulturarv og rettar seg mot våningshus og driftsbygningar. www.kulturarv.no/aksjoner/ta-et-tak-aksjonen

Enovatilskotet

Nettsida Bygg og Bevar inneheld artiklar om korleis gamle hus kan haldast ved like og settast i stand. Nettsida er eit samarbeidsprosjekt mellom Klima og miljødepartementet og Byggenæringens Landsforening.

<https://www.byggogbevar.no/>

Kommunekart

Kartteneste. Her finn ein kommunedelplanar og reguleringsplanar for Volda kommune.

www.kommunekart.com/

Kulturminnesøk

Tjeneste frå Riksantikvaren. Inneheld informasjon om over 170 000 kulturminne og kulturmiljø.

kulturminnesok.no/

Møre og Romsdal fylkeskommune

Informasjon om mellom anna kulturvern og tilskotsordningar.

<https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/Kulturvern>

Riksantikvaren

Nettside med mellom anna publikasjonar og faktaark, råd om bygningsvern og informasjon om tilskotsordningar.

<https://www.riksantikvaren.no/Veiledning/Raad-om-bygningsvern>

SEFRAK-registeret

SEFRAK er eit landsdekkjande register over eldre bygningar og anna kulturminne.

<http://www.miljostatus.no/kart/?lang=no&extent=312354|7083536|332452|7096229&layers=51:100;&basemap=KART&opacity=70&saturation=100>

Volda kommune

Kommunen si heimeside. Informasjon om reguleringsplanar, kulturminneplan og politiske prosessar.

<https://www.volda.kommune.no/>

Inspirasjon tema uthus og løer:



Vegårdshei:

"Sentrumsprosjekt gav bustadvekst på landsbygda: Transformering av låve til leilegheiter"
Bilete og tekst er henta frå: www.husbanken.no/forbildeprosjekter/prosjekt/?id=215367



Lommedalen:

"Byttet ut enebolig på Røa med låve i Lommedalen. Slo til med en ombygd låve fra 1800-tallet."

Bilete og tekst er henta frå: <http://botrend.no/2016/06/03/byttet-ut-enebolig-pa-roa-med-lave-i-lommedalen/>



Røros:

"Siden 1996 har Uthusprosjektet utført ca. 400 prosjekter i verdenskulturminnet Røros, hvor uthus har blitt tilbakeført til et nivå hvor det i ettertid skal holde med vanlig vedlikehold."

Bilete og tekst er henta frå: <http://uthusprosjektet.no/>



Bath, England:

"Ombygd låve, sjarmerende landsby i nærheten av Bath, perfekt for å utforske landskapet."

Bilete og tekst er henta frå: www.homeaway.no/feriebolig/p1018400



Bantham, England:

"Ombygd låve, område med enestående naturlig skjønnhet, en mil fra surfestrand."

Bilete og tekst er henta frå: www.homeaway.no/feriebolig/p1633178



Sørum:

"Dyrene er for lengst kastet ut av låven på Asak Søndre Gård i Sørum. Nå er det konferansegjester det går i for ekteparet Stine og Hans-Ove Kirkeby. I vår åpnet de konferansegården «Smakfulle rom» med fokus på matopplevelser og personlig service."

Bilete og tekst er henta frå: www.hotellmagasinet.no/artikler/konferanse-stedet-smakfulle-rom-har-moterom-pa-laven/366706



Voss:

"Fra gård til hotell: Svein Ringheim og kona Jorunn måtte ta et valg. Slektsgården deres oppe i lia ovenfor Voss måtte det gjøres noe med. Kona ville bruke bygninga til noe annet enn gårdsdrift. Nå er det et særpreget lite hotell og en restaurant med gjester fra hele verden."

Bilete og tekst er henta frå: www.hotellmagasinet.no/artikler/fra-gard-til-hotell/368075



Hakadal:

"Kultursiloen gir rom for blomstrende og kulturelle aktiviteter." "Kulturuka på Kirkerud, 15.-20 august, ble igjen en suksess. Jazz i siloen med bandene French Quarter Four og Afternoon Jazz Orchestra med Torstein Kubban (kornett) spilte for et entusiastisk publikum."

Bilete og tekst er henta frå: www.kirkerudgard.no/



Volda kommune

Stormyra 2

6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no

Telefon: +47 70 05 87 00



Oversikt høyringsinstansar:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Sektorleiarar i Volda kommune:
 Helse og omsorg
 Teknisk
 Utvikling
 Opplæring og oppvekst
Helse Søre Sunnmøre
Høgskulen i Volda
Statsbygg
Eldreuniversitetet i Volda
Fortidsminneforeningen Møre og Romsdal Sunnmøre lokallag
Kragset Eigedomsmekling AS
Opplysningsvesenets fond
Rotset grendalag
Røyslid/Heltne grendalag
Rønnestad Eigedom AS
Volda sentrum grendalag
Sunnmøre museum
Stiftinga Gamlegymnaset i Volda
Volda Næringsforum
Volda pensjonistlag
Volda sogelag
Anne Sofie R. Egset og Jacob Kjøde
Tomas Fric
Helge R. R. Halkjelsvik
Jon Inge Halkjelsvik
Kolbein Halkjelsvik
Ragnar Halkjelsvik
Silje Elise Grevsnes
Oddbjørn Morits Røys
Roar Driveklepp
Erik Olav Røys
Jorun M. R. Kvernberg og Øyvind Espe
Ingrid Johanne Nytun og Herbert Klingenstrand
Anna og Elsa Bjørdal
Torill H. og Dan H. Bjørneset
Maren L. Løken og Arron S. Whitehouse
Annbjörg Hatlebrekke



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Nina Kvalen

Arkivsak nr.: 2017/1932

Arkivkode: F30

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
221/17	Formannskapet	12.12.2017
	Kommunestyret	14.12.2017

BUSETJING AV FLYKTNINGAR OG EINSLEGE MINDREÅRIGE I 2018

Administrasjonen si tilråding:

- Volda kommunestyre er positiv til å busetje 14 flyktingar i 2018, derav to einslege mindreårige. Familiesameiningar kjem i tillegg. I tråd med k-vedtak 95/16 pkt. 1, kan utnytte plassar i 2016 og 2017 overførast til seinare år.*
- Volda kommunestyre vil oppmode staten om så langt som råd å gi føreseielege rammevilkår i flyktingpolitikken overfor kommunane.*
- Volda kommunestyre er innstilt på å opprettheld det fleksible rammevedtaket frå k-sak 127/13 om busetjing av 125 flyktingar inkl. einslege mindreårige, som utløyser integreringstilskot. Dvs. ei busetjing på inntil 25 flyktingar kvart år. Ev. familiesameiningar kjem i tillegg. Kommunestyret tek konkret stilling til dette i samband med statleg oppmoding om busetjing. Dette må også sjåast i samanheng med økonomi, samla tilbod og oppnådde resultat av integreringsarbeidet.*
- Kommunestyret viser til reduserte inntekter i samband med busetjing av færre flyktingar, og at drifta med integreringsarbeidet må tilpassast innanfor den totale tilskotsramma.*
- Som vertskommune for asylmottak for einslege mindreårige asylsøkjjarar ber kommunestyret om at det vert prioritert å busetje einslege mindreårige flyktingar frå Volda EMA-mottak, til Volda kommune. Dette vil lette integreringa for den einskilde som allereie har etablerte tenester frå kommunen. Dei slepp oppbrot og flytting til anna kommune når dei alt har starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Vidare vil dette avlaste fleire tenester i kommunen og vere god ressursbruk for samfunnet samla sett.*

Vedleggsliste:

1. Brev frå IMDi av 06.11.17: Oppmoding om busetting av flyktningar i 2018.
2. Brev frå IMDi av 02.10.17: Informasjon om bosetting av flyktningar i 2018 – brev til kommuner.
3. Brev frå IMDi og KS av 23.06.17: Informasjon om busetting av flyktningar i 2017 og 2018.

Uprenta saksvedlegg:

- K-sak 95/16, handsama i møte 25.08.16: Busetjing av flyktningar og einslege mindreårige i 2016 og 2017.
- K-sak 4/16 handsama i møte 28.01.16: Oppmoding om auka busetjing av flyktningar i 2016 og 2017.
- K-sak 127/13 handsama i møte 03.10.13: Oppmoding om busetjing av flyktningar (rammevedtak på busetjing av inntil 125 som utløyser integreringstilskot, dvs. eit snitt på 25 flyktningar kvart år).

Samandrag av saka:

Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) har oppmoda halvparten av landets busetjingskommunar om å busetje 4 400 flyktningar i 2018, inkludert 150 einslege mindreårige (EM). Av desse er Volda oppmoda om å busetje 14 flyktningar, inkludert to EM. Familiesameiningar kjem i tillegg. Fristen for å svare på oppmodinga er 06.01.18.

Bakgrunnen for at vesentleg færre kommunar vert oppmoda om å busetje flyktningar, er at færre søker asyl i Noreg. I 2017 vil kommunane busetje om lag 10 000 flyktningar, derav 700 EM. Prognosar for 2018 tilseier at tal flyktningar som skal busetjast vert halvert, og tal EM som skal busetjast går ned frå 700 til 150, frå 2017 til 2018.

Oppmodinga for 2018 utgjer for Volda sin del ei reduksjon til 1/3-del av det tal flyktningar som har blitt busett dei to siste åra, og halvparten av tal flyktningar som har blitt busett tidlegare år. Etter oppmodingsbrevet vart sendt kommunane i november 2017, har det kome signal om at tal overføringsflyktningar skal aukast med 1 000 i 2018, frå 1 120 til 2 120. Tal flyktningar som skal busetjast i landets kommunar i 2018, kan difor bli auka. Det vert foreslått at Volda kommune opprettheld det fleksible rammevedtaket frå k-vedtak 127/13, om busetjing av inntil 25 flyktningar kvart år.

Saksopplysningar/fakta:

Tidlegare vedtekne busetjingssaker i kommunestyret

K-sak 127/13 i møte 03.10.13: Fleirårig rammevedtak om busetjing av inntil 125 flyktningar som utløyser integreringstilskot over ei femårsperiode, inkludert EM. Dvs. eit snitt på 25 flyktningar kvart år. Familiesameiningar kjem i tillegg.

Som følgje av auka tilstrøyming av flyktningar til landet vart Volda kommune oppmoda om å auke busetjingskapasiteten i 2016 og 2017. Dette vart først handsama i k-sak 4/16 i møte 28.06.16, og seinare justert i k-sak 95/16 i møte 25.08.16.

K-sak 95/16 i møte 25.08.16: Vedtak om busetjing av inntil 40 flyktningar, derav inntil 8-11 einslege mindreårige, kvart av åra 2016 og 2017. Familiesameiningar kjem i tillegg. Unyttta plassar kan overførast frå eit år til eit anna.

I brev frå IMDi av 06.10.16 vart oppmodinga om busetjing av EM redusert til fire i 2017, grunna redusert busetjingsbehov. I nytt brev frå IMDi av 03.03.17 vart oppmodinga om busetjing av EM ytterlegare redusert til tre EM i 2017.

Fleksibilitet i busetjingsvedtaket

IMDi har ved fleire høve oppmoda kommunane om fleksibilitet i høve tal flyktningar som skal busetjast både i høve til busetjingsbehov og disponering av plassane mellom flyktningar og EM, og overføring av plassar frå eit år til eit anna. For kommunen er det også viktig med fleksibilitet i busetjingsvedtaket, m.a. i høve kapasiteten i tenesteapparatet og tilgang på bustader. Fleksibiliteten vil vere nyttig for å busetje ved ledig kapasitet i tenestene og gi teneste på rett nivå knytt til tilgang på bustader og tilgjengelege rammevilkår.

I busetjingsvedtak i k-sak 95/16 er det teke høgde for at unytta plassar kan overførast frå eit år til eit anna. I 2016 vart det busett 38 av 40 flyktningar, derav fire EM. I 2017 er det forventat å busetje 39 av 40. Dvs. at to unytta busetjingsplassar i 2016 og 1-4 i 2017 kan overførast til seinare år, avhengig av kor mange ein finn bustad til og får busett innan utgangen av året på 2017-vedtaket.

Etter oppmodinga frå IMDi vart sendt kommunane i november 2017, har det kome signal om at tal overføringsflyktningar vert auka med 1 000 i 2018, frå 1 120 til 2 120. Tal flyktningar som skal busetjast i landets kommunar i 2018 kan difor bli auka.

Det vert tilrådd at kommunen opprettheld det fleksible rammevedtaket frå k-sak 127/13, om busetjing av inntil 125 flyktningar som utløyser integreringstilskot over ei femårsperiode, inkludert EM. Dvs. busetjing av inntil 25 flyktningar kvart år. Ev. familiesameiningar kjem i tillegg.

Befolkning og innvandring

Det er først og fremst innvandring som sikrar positiv folketalsutvikling i Volda. Per januar 2017 utgjer innvandrarar 9,4% av befolkninga i Volda. 41% av innvandrane har flyktningbakgrunn, eller har kome på familiesameining med flyktningar. 18,3% er arbeidsinnvandrarar, 16,2% er familieinnvandrarar til andre enn flyktningar i befolkninga, 13% har innvandra som følge av utdanning, og 11,2% har ukjend innvandringsgrunn. Tilsvarende prosenttal for nabokommunar og landet samla per januar 2017, er samanstilt i tabellen under (imdi.no/statistikk).

	Volda	Ørsta	Ulsteinvik	Hareid	Herøy	Noreg
Innvandrarbefolkning	9,4	7,8	15,5	15,4	11,3	13,8
Flyktningar, inkl. familiesameinte	41	29,5	27,4	24,7	14,6	30
Arbeidsinnvandrarar	18,3	29,5	40,8	35,5	49,1	25,3
Familieinnvandrarar	16,2	27,2	22,5	32,5	26,7	22,9
Utdanning	13	4,3	2,4	1,1	1,6	4,6
Ukjend	11,2	9,4	6,9	6,1	8,1	17,3

Som det kjem fram av tabellen over har Volda låg innvandring samanlikna med kommunane på ytre Søre Sunnmøre, og i landet forøvrig. Nabokommunane, inkludert Ørsta, har fleire arbeids- og familieinnvandrarar enn Volda, medan Volda har høgare innvandring knytt til utdanning ved Høgskulen i Volda, busetjing av flyktningar og familiesameinte til desse.

Status i busetjingsarbeidet

I perioden 2010-2017 er det busett 264 flyktningar i Volda, inkludert 47 EM u/18 år. Dette utgjer i snitt 33 flyktningar kvart år, derav i snitt seks EM kvart år. I 2016 vart det busett 38 flyktningar, inkl. fire EM. I tillegg kom 12 på familiesameining.

I 2017 skal det busetjast 39 flyktningar, inkl. tre EM. 36 er allereie busett/søkt ut for busetjing i 2017. Dei tre siste arbeidar ein no med å finne bustad til. I tillegg har 16 kome på familiesameining til flyktningar. 17 av dei 36 som er busett i 2017 er einslege vaksne. Sju er vaksne i familiar, ni er barn i familie og tre er EM. 25 er menn og 11 er kvinner.

Fire flyktningar i integreringstilskotsperioden flytta frå Volda i 2017. Ein flytta til familie i ei nabokommune. Dei øvrige har flytta grunna skulegang i anna kommune. Åtte flyktningar i integreringstilskotsperioden flytta til Volda i 2017. Fire har tidlegare budd i Volda, medan fire har flytta til Volda grunna skulegang.

Oppmodinga om busetjing av 14 flyktningar i 2018 utgjer ei reduksjon til 1/3-del av tal flyktningar som har blitt busett kvart år, dei to siste åra i Volda. Ved busetjing av 14 flyktningar i 2018 viser prognose at om lag 157 flyktningar vil utløyse integreringstilskot i 2018. I tillegg vil 43 familiesameinte utløyse integreringstilskot, slik at samla vil om lag 200 flyktningar og familiesameinte utløyse integreringstilskot i 2018. Vi må i tillegg forvente det kjem familiesameiningar til flyktningar i åra framover.

Kvar kjem flyktningane frå

I 2017 har Volda busett flyktningar frå: Syria (16), Irak (6), Iran (5), Eritrea (4), Afghanistan (3), Sudan (1) og statslaus (1). I januar og februar vart det busett fire frå Volda mottak. Etter Volda mottak vart lagt ned med verknad frå mars 2017, har dei fleste flyktningane blitt busett frå andre mottak i landet. Ein syrisk familie har kome som overføringsflyktningar i 2017. Volda er framleis vertskommune for Volda EMA-mottak, der det i dag bur 40 einslege mindreårige asylsøkjjarar. Ingen av dei tre EM som vart busett i 2017 kom frå Volda EMA-mottak, men frå andre EMA-mottak i landet.

Fleire kommunale tenester har svært gode erfaringar med å busetje flyktningar frå mottak i Volda. Medan dei er bebuarar i mottaket er dei elevar i norsk- og grunnskuleopplæring i Voldaskulen og ved Volda læringscenter, er kartlagt av lærarar og helsestasjonen i Volda, har etablerte nettverk og fritidsaktivitetar i Voldasamfunnet før dei blir busett, og ikkje minst ønskjer dei å halde fram med å bu i Volda. Det er difor frå fleire sektorar ønskje om at det vert lagt til rette for busetjing av EM frå Volda EMA-mottak. For den einskilde vil vere fordelar ved at dei allereie har fleire etablerte tenester frå kommunen og 2. linenesta, dei slepp ny flytting til anna kommune og har alt starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Dette vil også avlaste fleire tenester i kommunen.

Bustader

Tidlegare år då kommunen busette ein stor del av flyktningane frå Volda mottak, skaffa mange seg bustad sjølv medan dei var bebuarar i mottaket. No når flyktningane i all hovudssak vert busett frå andre mottak i landet, får dei bustad formidla av kommunen. I 2017 er det nytta to kommunale familiebusader og ein kommunal hybel til busetjing av to familiar og ein einsleg, til saman 10 personar. I tillegg har ein familie på fem flytta inn i kommunal bustad til eit familiemedlem som vart busett i 2016. Tre EM er busett i kommunalt bufellesskap med døgnbemanna oppfølging. Tilsette ved Volda læringscenter har i 2017 formidla bustad til 18 flyktningar på den private bustadmarknaden.

Smiebakken bufellesskap hadde opprinneleg plass til 10 EM, fordelt på tre bueiningar. Grunna busetjing av færre EM i 2017 vart treningshusværet i bufellesskapet frigjort frå medio 2017, og utleigd til ein flyktningfamilie. Det er i dag plass til åtte EM i bufellesskapet, fordelt på to bueiningar. Ved busetjing av to EM i 2018 tek ein sikte på å frigjere den eine av dei to bueiningane frå medio 2018, slik at det bur att fire EM i den siste bueininga. Bueininga som blir frigjort i 2018, vil kunne nyttast til busetjing av ein flyktningfamilie.

Busetjing og kvalifisering ved Volda læringscenter

Volda læringscenter har ansvar for busetjing og kvalifisering av vaksne flyktningar, inkludert introduksjonsprogram. Senteret har 5 årsverk til arbeidet med busetjing og kvalifisering av vaksne flyktningar, der 1 årsverk vart mellombels oppretta for skuleåret 2017/2018 grunna

auka busetjing av flyktningar. Med redusert tal flyktningar som skal busetjast har læringscenteret varsla at den mellombelse stillinga ikkje vert vidareført skuleåret 2018/2019. I tillegg har senteret undervisningspersonale og administrasjon knytt til undervisning av om lag 150 elevar i norskopplæring og samfunnskunnskap, og grunnskuleopplæring for vaksne. Elevande er både einslege mindreårige asylsøkjjarar og flyktningar, vaksne flyktningar i introduksjonsprogram og andre innvandrarar.

Totalt har 94 busette flyktningar delteke i introduksjonsprogram i 2017. I dag deltek 62 i introduksjonsprogrammet, og har tilbod om 37,5 timar kvalifiserande aktivitet per veke:

- 36 har utdanningsretta løp, derav 22 i grunnskuleløp og 1 på vid.skule
- 19 har arbeidsretta løp, derav 2 i fulltids praksis i bedrift
- 7 har nyleg starta, og er ikkje avklart

Deltakarar i arbeidsretta løp har førebuande tiltak knytt til deltaking i yrkeslivet, norsk, samfunnskunnskap, språkpraksis, ulike kvalifiserande kurs (data, sertifikat, profilkurs, derav m.a. reinhaldskurs). I utdanningsretta løp har deltakarande førebuande tiltak retta mot vidare skulegang som 2-3 årig eksamensretta grunnskuleopplæring, realkompetansevurdering / godkjenning av skulegang frå heimlandet.

32 deltakarar har avslutta introduksjonsprogrammet hittil i 2017:

- 9 har overgang til vid.skule/universitet
- 6 har overgang til arbeid
- 10 har overgang til grunnskule
- 5 har overgang til NAV/AAP
- 1 har flytta og 1 er død

Tek ein med deltakarar som har hatt overgang til grunnskule, og er sjølvstendig økonomisk med stipend/lån, utgjer dette eit resultat på 78% i 2017. IMDi tel ikkje overgang til grunnskule som resultat i sine statistikkar. Tek ein ut desse elevande av resultatmålinga, har ein eit resultat på 47% i 2017.

Skal vi lykkast i integrerings- og kvalifiseringsarbeidet er vi avhengig av samarbeid med mange aktørar, både frivillige, private og offentlege. Det er mange frivillige som bidreg i språkopplæringa, m.a. i samtalegrupper kvar veke på læringscenteret og på biblioteket gjennom tiltaket «Lån ein volding». For å nå målet om rask språkinnlæring og overgang til arbeid er det viktig å bruke arbeidsplassar som læringsarena. Her får dei praktisere og vidareutvikle språket, arbeidstrening og bygge nettverk. Mange har fått fast arbeid gjennom språk- og arbeidstreningstiltak i introduksjonsprogrammet. Deltakarar som har arbeidsretta løp er som oftast utplassert 1-2 dagar per veke i språkpraksis på ein arbeidsplass, som del av kvalifiseringa. Dei andre dagane har dei andre kvalifiserande tiltak ved læringscenteret.

I Volda kommune har fleire tenester tilbod om kvalifisering og sysselsetting for sine målgrupper, og mange samarbeider med lokalt næringsliv om utplassering av personar i praksisplassar. Behovet for kvalifiserings- og sysselsettingsplassar har vore aukande over fleire år, og det er krevjande å finne tilpassa og nok plassar til alle. I 2016/2017 har Volda læringscenteret hatt tilgang til faste språk- og arbeidstreningsplassar i tre ulike kvalifiseringsprosjekt som har vore prøvd ut: 1) Kantine, 2) Serviceteam og 3) Gartneri. Sistnemnde i regi av Kimen Sosial Entreprenør AS. Kvalifiseringstiltaka i rådhuskantina og serviceteamet har vore i regi av Volda kommune, delfinansiert av tilskot frå IMDi og Fylkesmannen. Første prosjektår, frå medio 2016 til medio 2017, vart det innleia eit samarbeid med Furene AS til oppstart og drift. Frå medio 2017 vart det innleia eit samarbeid med sektor helse og omsorg om kantinetiltaket, der sentralkjøkkenet har det kjøkkenfaglege ansvaret, medan tenesta for funksjonshemma og læringscenteret samarbeider om arbeidsleiing og brukarar frå begge tenestene i tiltaket.

Serviceteamet hadde for få deltakarar til drift 2. halvår 2017, og vart mellombels «lagt på is». Vi ser nytten av at fleire tenester snakkar meir i lag på tvers av einingar og sektorar, og å sikre at tiltak ikkje konkurrerer med kvarandre. Det er dialog med Styrk Arbeid om å ta i mot deltakarar frå Volda læringscenter og løyse oppgåver som serviceteamet tidlegare utførte på kommunale bygg og eigedom. Rådmannen vil kring årsskifte setje ned ei arbeidsgruppe som får til mandat å kartlegge behov, utfordringar og satsingsområde for å sikre betre samarbeid og samordning av kommunale kvalifiserings- og sysselsettingstiltak.

I april 2016 oppretta kommunestyret tre lærlingplassar for vaksne flyktingar busett i Volda kommune. To er lærlingar i sektor helse og omsorg, der den eine er ferdig helsefagarbeidar medio 2018. Ein lærlingplass står vakant i påvente av aktuell kandidat.

Oppfølging og kvalifisering av einslege mindreårige flyktingar (EM)

Arbeidet med busetjing og oppfølging av EM er lagt til barnevernstenesta i eige EM-hjelpetiltaksteam. Som nemnd over er det i dag plass til åtte EM i Smiebakken bufellesskap, som er ei heildøgns bu- og omsorgsteneste fram til ungdommen er 18 år og klar for utflytting på hybel. EM som bur på hybel kan få ettervern med oppfølging av miljøpersonale i interkommunal oppfølgingsteneste (OPP), som er felles for Volda og Ørsta. I dag får 24 ungdommar oppfølging av tenesta, derav 11 EM frå Volda kommune. Volda læringscenter busette i 2016 to EM som nettopp hadde fylt 18 år. Desse er deltakarar i introduksjonsprogram og får oppfølging av programrådgevar og miljøarbeidar ved læringscenteret.

Som følge av redusert busetjingsbehov av EM i 2018 vil ein sjå på korleis nedjustere busetjingskapasiteten i Volda si EM-teneste. Som nemnd er det allereie framlegg om å redusere tal bueningar frå to til ein frå medio 2018. Dette vil føre til redusert bemanningsbehov i tenesta. Rådmannen vil utgreie korleis bu- og omsorgstilbodet skal løysast vidare knytt til bemanning/turnus, organisering, ansvar og samarbeid, kostnader og finansiering, og kome attende med utgreiing om dette i løpet av 1. halvår 2018.

Kommuneplanen sin samfunnsdel:

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune. Busetjing av flyktingar og einslege mindreårige, og gode bu-, omsorgs- og kvalifiseringstiltak for desse, er i samsvar med strategiar som er valt for å nå måla innafor ulike temaområde i kommuneplanen sin samfunnsdel:

<i>TEMAOMRÅDE:</i>	<i>MÅL:</i>	<i>STRATEGI:</i>
Attraktivitet	Vidareutvikle dei gode oppvekst- og utdanningsmoglegheitene i Volda.	Prioritere førebyggjande tiltak og tidleg innsats overfor barn og unge. Tidleg innsats for å førebygge fråfall frå vidaregåande skule.
Busetting	Volda kommune skal ha positiv befolkningsvekst lik gjennomsnittet for landet. Fleire unge skal flytte til og bli verande i Volda, og nettoinnflytting i alderen 18–30 år skal vere positivt.	Styrke Volda sitt omdøme som attraktiv bukommune i regionen. Legge til rette for auka innvandring og sjå på innvandring som ein positiv ressurs. Kunne tilby sunne og inkluderande oppvekst- og bumiljø. Vidareutvikle Volda som ein attraktiv bukommune, i ein mangfaldig arbeidsregion.

Folkehelse	Barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livstilssjukdommar. Volda skal ha eit inkluderande samfunn og motverke sosiale helseforskjellar.	Styrke helsestasjon- og skulehelsetenesta, og satse på tidleg innsats, førebyggjande og helsefremjande arbeid i barnehage og skule. Tilby sunne og inkluderande oppvekstmiljø som gir barn og unge høve til å oppleve meistring, og utvikle sine egne evner, interesser og sjølvbilete. Motverke utanforskap gjennom aktivitet og arbeid.
Tenester	Tenestene skal vere i samsvar med lover og forskrifter, og med god nok kvalitet. Volda kommune skal ha ein økonomi i balanse og driftsresultat på 1,75 % av inntektene. Volda kommune skal ha eit godt omdøme. Volda kommune skal arbeide for å førebygge utanforskap og inkludere i fellesskapen.	Satse på tidleg oppdaging og tidleg innsats. Samarbeide godt på tvers av sektorar i organisasjonen, samordne tenester og kontinuerleg evaluere organisasjonen. Arbeide for samsvar mellom oppgåver og ressursar. Legge til rette for at administrasjonen, politikarane og innbyggjarane skal ha felles kunnskap om situasjon og utfordringar. Tilby gode tenester tilpassa innbyggjarane sine behov. Arbeide på tvers av organisasjonen for å sikre samordning av tenester.

Helse og miljøkonsekvensar:

Eit godt busetjings- og integreringsarbeid i ei tidleg kvalifiseringsfase vil gi helse-, miljø- og samfunnsmessige innsparringar i åra framover.

Økonomiske konsekvensar:

Staten kompenserer kommunane for utgifter til busetjing og integrering av flyktningar. Tilskota utgjør det økonomiske grunnlaget for kommunen sitt busetjings- og integreringsarbeid. I tillegg tel flyktningane med i rammetilskotet kommunen får for alle innbyggjarar som er folkeregistrert i Volda. Forslag til satsane for 2018 er:

Type tilskot	Sats 2018 pr. person
Integreringstilskot busetjingsår 1 (2018)	187 000 (vaksne, barn, EM) 237 000 (einslege vaksne)
Integreringstilskot busetjingsår 2 (2017)	239 000
Integreringstilskot busetjingsår 3 (2016)	171 000
Integreringstilskot busetjingsår 4 (2015)	85 500
Integreringstilskot busetjingsår 5 (2014)	71 600
Sum integreringstilskot over 5 år	754 100 (vaksne, barn, EM) 804 100 (einslege vaksne)
Barnehagetilskot, eingongstilskot	25 800
Eldretilskot, eingongstilskot	167 600
Særskild tilskot einslege mindreårige (u/17 år)	1 229 100
Særskild tilskot einslege mindreårige (17-20 år)	769 500
Tilskot for flyktningar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar	<i>Tilskot 1:</i> 190 800 (eingongstilskot) <i>Tilskot 2:</i> Inntil 1 235 000 (pr.år i inntil 5år)
Grunntilskot norskopplæring og samfunnskunnskap	575 000 (NB: 2017-sats). I tillegg kjem tilskot pr. person, sjå under.
Norsktilskot pr. person	Låg sats Høg sats

Busetjingsår 1 (2018)	13 600	31 900
Busetjingsår 2 (2017)	24 100	62 300
Busetjingsår 3 (2016)	15 000	43 350
Sum norsktilskot over 3 år	52 700	137 550

Integreringstilskot og EM-tilskot

Ved busetjing av 14 flyktningar i 2018 viser prognose at om lag 200 flyktningar vil utløyse om lag kr 31 mill. i integreringstilskot i 2018. Av dei 200 vil i tillegg 20 utløyse i underkant av kr 15 mill. i EM-tilskot. 43 av dei 200 som utløyser integreringstilskot i 2018, har kome på familiesameining tidlegare år. Vi må forvente det kjem familiesameiningar i 2018 som vil utløyse integreringstilskot. Kor mange som kjem er ukjend, og er ikkje inkludert i prognosen.

Volda kommune søker ekstratilskot for busetjing av flyktningar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar, og har i perioden 2011-2016 fått innvilga kr 27,6 mill. i slike tilskot. Midlane er øyremarka til særskild oppfølging av den einskilde person, og vert refundert kommunale tenester som m.a. har tiltak knytt til tidleg innsats, førebyggjande og helsefremjande oppfølging, og tiltak som motverkar utanforskap gjennom aktivitet og arbeid.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen utover det som går fram av saka.

Vurdering og konklusjon:

Kommunane har fått oppmoding om vesentleg reduksjon i tal flyktningar og einslege mindreårige som skal busetjast i 2018, samanlikna med dei auka oppmodingstala for 2016 og 2017. Dette syner at kommunane må ha fleksibilitet og kapasitet til å tilby gode tenester både ved ned- og oppbygging av busetjingskapasiteten.

Rådmannen er positivt innstilt til at Volda kommune skal ta i mot flyktningar til busetjing, men må vurdere dette opp mot dei statlege finansieringsordningane. Rådmannen meiner det er viktig med ein stabil base til arbeidet med flyktningar og asylsøklarar i kommunale tenester, og unngå minst mogleg opp- og nedbygging av tenesteapparatet i takt med auka og nedjusterte busetjingsbehov. Det er busett mange einslege vaksne flyktningar siste åra, og nokre har ektefelle og barn i heimlandet. Ein må forvente noko familieinnvandring til desse, sjølv med nye innstrammingskrav for familiesameining.

Flyktningintegreringa skal skje innafor tilskotsramma kommunane får frå staten. Rådmannen meiner ressursane må brukast mest mogleg kostnadseffektivt. Kommunale tenester har siste åra blitt styrka til arbeidet med flyktningar og asylsøklarar i takt med auka busetjingsbehov. Ved nedjusterte busetjingsbehov frå 2018 vil rådmannen i løpet av 1. halvår 2018 ta stilling til justering av tenestene for samsvar mellom oppgåver og ressursar. Tiltak som har blitt bygd opp ved auka busetjingsbehov, må ev. byggast ned att ved redusert busetjingsbehov.

Fleksibiliteten i vedtaket er knytt til busetjingsbehov med eit «inntil-vedtak», overføring av plassar frå eit år til eit anna og disponering av plassane mellom vaksne, familiar og einslege mindreårige og busetjingskapasiteten i ulike tenester. Rådmannen vil disponere plassane ut i frå kapasiteten i kommunale tenester, tilgang på bustader, og innafor rammevilkåra frå staten.

Rådmannen meiner det særleg er aktuelt å busetje einslege mindreårige flyktningar frå Volda EMA-mottak. For den einskilde vil vere fordelar ved at dei allereie har fleire etablerte tenester frå kommunen og 2. linetenesta i Volda, dei slepp ny flytting til anna kommune og har alt starta integreringsprosessen på fleire område i Voldasamfunnet. Dette vil også avlaste ulike tenester i kommunen.

Rune Sjurgard
Rådmann

Utskrift av endeleg vedtak:

IMDi, post@imdi.no

KS v/Nina Gran, nina.gran@ks.no

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fmmrpostmottak@fylkesmannen.no

Sektor Opplæring og oppvekst, her.

Volda læringscenter, her.

Barnevernstenesta, her.

Helsestasjonen, her.

Sektor Helse og omsorg, her.

Rus- og psykisk helseteneste, her.

NAV Ørsta/Volda, her.

Eigedomsavdelinga, her.

Spesialrådgjevar innvandring og integrering v/Nina Kvalen, her.

Volda kommune

Ber om at brevet vert distribuert til:
Ordførar
Rådmann

Dykkar ref:

Vår ref:16-01279

Dato:
6.11.2017

Oppmoding om busetting av flyktningar i 2018

Norske kommunar har dei siste åra gjort ein formidabel innsats med busetting og kvalifisering av flyktningar. Busetting er det første skrittet i integreringsprosessen i kommunen. Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi) takkar kommunen for innsatsen i dette arbeidet.

No ber vi kommunen om å busette 14 flyktningar i 2018. Av desse, ber vi om at 2 plassar vert atterhaldt til einslege mindreårige, kor av Bufetat kan disponere 0 plasser til einslege mindreårige under 15 år. Vi ber om fleksibilitet i fordelinga av plassar til einslege mindeårige over/under 15 år dersom alderssamansetninga i denne gruppa endrar seg.

Frist for å svare på oppmodinga er 6. januar 2018.

Kommunen må sende vedtaket sitt til post@imdi.no med kopi til nina.gran@ks.no og samstundes registrere det i IMDi sitt fagsystem for busetting. For tilgang til fagsystemet og meir informasjon om planlegging og busetting, sjå <https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/>

Vi oppfordrar kommunane til å fatte presise vedtak for det talet på flyktningar som kommunen skal busette. Vedtaket skal ikkje inkludere familiesameinte eller ha andre atterhald.

Bakgrunn for tala

Dei siste prognosane viser at behovet for busetting i 2018 vil vere rundt 4 400 flyktningar, inkludert 150 einslege mindreårige. Årsaka til redusert behov for busetting er at færre søker asyl i Noreg.

Det betyr at om lag halvparten av kommunane som har busett flyktningar dei siste åra, vert oppmoda om å busette flyktningar i 2018. Kommunane som vert oppmoda vert beden om å busette langt færre enn tidlegare.

Både statleg og kommunal sektor er samd om at det skal takast utgangspunkt i nokre felles kriterium ved vurdering av fordeling av flyktningar for 2018. Desse kriteria inkluderer innbyggartal, sysselsettingsnivå og resultat i introduksjonsprogrammet over tid.

Kontakt

Ta kontakt med IMDi Midt-Norge dersom dykk ynskjer dialog om oppmodinga og busetting av flyktingar. Vi deltar gjerne på møte med kommunen, i samarbeid med andre statlege aktørar på feltet.

Med helsing
for Integrerings- og mangfaldsdirektoratet

Marit Elin Eide
Regiondirektør IMDi Midt-Norge

Dokumentet er godkjend elektronisk og treng difor ikkje signatur.

Til kommunene:
Vi ber om at brevet blir distribuert til:
Ordfører
Rådmann

Deres ref:

Vår ref.: 17-08381-1

Dato: 02.10.2017

Informasjon om bosetting av flyktninger i 2018 - brev til kommuner

Informasjon om bosetting av flyktninger i 2018

På grunn av svært lave ankomster av asylsøkere til Norge, er det forventet at langt færre flyktninger skal bosettes i kommunene i 2018 sammenlignet med 2017. Derfor vil rundt halvparten av kommunene som har bosatt de siste årene bli bedt om å bosette flyktninger i 2018. De kommunene som blir spurt må også være forberedt på å bosette vesentlig færre flyktninger enn de gjør i 2017.

Vi viser forøvrig til brevet fra IMDi og KS datert 23. juni 2017:

<https://www.imdi.no/om-imdi/aktuelt-na/farre-flyktninger-skal-bosettes/>

Anmodning om bosetting for 2018

Statlig sektor og kommunesektoren har blitt enig om at det skal tas utgangspunkt i noen felles kriterier ved vurdering av fordeling av flyktninger for 2018. Disse kriteriene inkluderer innbyggertall, sysselsettingsnivå og resultater i introduksjonsprogram over tid. Kommunene vil ikke bli bedt om å bosette færre enn 10 flyktninger. IMDi og KS er nå i ferd med å vurdere og fastsette fordeling av anmodningstall på kommunenivå.

I følge de siste prognosene fra Beregningsgruppa for Utlendingsforvaltningen fra juni vil behovet for bosetting av flyktninger i 2018 være om lag 4 400 personer, inkludert 210 enslige mindreårige. Nye prognoser er klare i slutten av oktober. Aktuelle kommuner vil derfor motta anmodning fra IMDi første i uke 44. Kommuner som ikke blir bedt om å bosette flyktninger vil også bli informert.

Rekordhøyt antall deltakere i introduksjonsprogram

Det er forventet 27 000 deltakere i introduksjonsprogram mot slutten av 2017. Antallet er historisk høyt. Flyktningene skal raskt over i arbeid eller utdanning og bli aktive deltakere i deres lokalsamfunn. Skal vi lykkes i dette arbeidet har kommunene en helt sentral rolle. IMDi ser derfor fram til fortsatt godt samarbeid om bosetting og integrering av flyktninger.

Med hilsen

Rune S. Foss
regiondirektør IMDi Midt-Norge



Ber om at brevet vert distribuert til:
Ordførar
Rådmann/ byrådsleiar

Dykkar ref:

Vår ref:

Dato: 23.06.2017

Informasjon om busetting av flyktningar i 2017 og 2018

Norske kommunar har dei siste åra gjort ein formidabel innsats når det gjeld busetting og kvalifisering av flyktningar. Det er viktig at kommunane held fram dette arbeidet for at flyktningar raskt skal kunne busette seg. 2016 vart eit rekordår med over 15 000 busette flyktningar. 1 600 av desse var einslege mindreårige flyktningar. Busettinga held eit høgt nivå også i 2017 og oppdaterte prognosar for busettingsbehov frå UDI tilseier at behovet vil vere om lag 11 080 personar inkludert 820 einslege mindreårige. Samstundes vil den låge inkomsten av asylsøkjjarar føre til eit langt lågare busettingsbehov i 2018.

Basert på oppdaterte prognosar for busettingsbehov frå UDI, ser det no ut til at behovet for busetting av flyktningar i 2018 vil vere om lag 4 440 personar. Dette er om lag ein tredel av busettingsbehovet for inneverande år. Det er venta at 210 av dei vil vere einslege mindreårige flyktningar og av desse vil i underkant av halvparten av dei vere under 15 år. Det er vanskeleg å seie om desse tala vil endre seg, vi kan berre slå fast at uvissa er stor.

Dersom busettingsbehovet for 2018 blir som noverande prognosar syner, vil ikkje alle kommunar som i år buset verte oppmoda for neste år. Dei kommunane som vert oppmoda, må vere førebudde på stor reduksjon. IMDi og KS er klar over at dette kan skape utfordringar for noen kommunar.

Kor mange flyktningar som skal busettast kan vere vanskeleg å talfeste på førehand. Det har alltid vore variasjon i talet på asylsøkjjarar som kjem til Noreg, men aldri så store svingingar som no. Trass dei mange flyktningane i verda, er det no få som kjem til Noreg. Det er nødvendig at kapasiteten for busetting vert tilpassa behovet.

IMDi vil, i samarbeid med UDI, følgje utviklinga nøye utover sommaren og hausten. På grunn av den store uvissa knytt til talet på nye asylsøkjjarar, vil oppmodinga om busetting i den enskilde kommune først gå ut i fjerde kvartal i år. Slik sett vil oppmodinga vere basert på dei siste tilgjengelege prognosane.

Ta gjerne kontakt med IMDi sine regionkontor dersom de ønskjer meir informasjon. Informasjon om busetting og nedgangen i busettingsbehov finst også på IMDi sine heimesider www.imdi.no

Med helsing

Libe Rieber-Mohn
direktør, IMDi

Lasse Hansen
administrerende direktør, KS



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Siri Birkeland Solheim	Arkivsak nr.:	2017/2188
		Arkivkode:	614

Utvaksaksnr	Utval	Møtedato
222/17	Formannskapet Kommunestyret	12.12.2017

VOLDA UNGDOMSSKULE - MOGLEGHEITSSTUDIE OG GRUNNLEGGANDE FØRINGAR FOR RENOVERING/OMBYGGING

Administrasjonen si tilråding:

- 1. Kommunestyret tek til vitande teknisk tilstandsanalyse av Volda ungdomsskule, datert 31.08.2017 frå XPRO AS, med konklusjon om at bygningsmassen har eit betydeleg behov for renovering/ombygging for å tilfredsstillе dagens tekniske- og funksjonskrav, men at den også har ein vesentleg restverdi som kommunen må søkje å nytte vidare. Kommunestyret gjer vedtak om å gjennomføre eit moglegheitsstudie for å finne nivå og omfang av ombygging og renovering på skulen. Moglegheitsstudiet skal blant anna kartleggje:**
 - Rom- og funksjonskrav
 - Tekniske krav til bygningsmassen
 - Myndigheitskrav
 - Hovudberesystem
 - Økonomisk ramme for gjennomføringa
 - Moglegheita for å «ta vare på» tilførte verdiar gjennom nylege oppgraderingar
- 2. Kommunestyret gjer vedtak om at ein i moglegheitsstudiet legg seg på eit ambisjonsnivå på 60 – 80 mill eks mva ved ei dimensjonering for ungdomsskuleelevane i sentrum, og 80 – 100 mill eks mva for ei løysing som viser dimensjonering for ev å samle alle ungdomsskuleelevane i dagens Volda kommune ved Volda ungdomsskule.**
- 3. Kommunestyret ber vidare om at følgjande prinsipp vert lagt vekt på i moglegheitsstudie:**
 - Ein tek utgangspunkt i dei behova som skulen si brukargruppe peikar på som dei mest prekære, og ser vidare på kva meir ein kan klare å inkludere i prosjektet med det ambisjonsnivået som er satt
 - Ein tek utgangspunkt i at hovudbygget skal behaldast, og ein ser på moglegheita for å utvide for å inkludere meir areal til skulen
 - Ein tek utgangspunkt i at skulen skal dimensjonerast for minimum 300 elevar, 65 tilsette og 12 klasserom. Moglegheitsstudiet skal også vise korleis ein kan løyse

arealbehovet dersom skulen skal dimensjonerast for å inkludere alle ungdomsskuleelevane i kommunen (15 klasserom, 400 elevar og 75 tilsette).

- **Det leggst ikkje føringar om at uttrykket til bygget skal bevarast, men det skal gjerast ei eiga vurdering av konsekvensane med tanke på økonomi og bygget sin funksjon dersom ein skulle ynskje å bevare det.**

Vedleggsliste:

Teknisk tilstandsanalyse Volda ungdomsskule 2017– utført av XPRO AS

Tilbakemelding på behov frå brukargruppa ved Volda ungdomsskule

Brev frå FAU ved Volda ungdomsskule, datert 09.02.2017

Brev frå elevrådsleiar Kasper Garshol, datert 15.06.2016

Brev frå FAU ved Volda ungdomsskule, datert 07.12.2015

Uprenta saksvedlegg:

K-sak 88/08; Godkjenning etter forskrift om miljøretta helsevern – Volda ungdomsskule

K-sak 107/16; Organisering av prosessar for frigjering av ressursar – Budsjett og økonomiplanprosess

Prosessnotat økonomi d.s. 09.09.2016

Brannteknisk vurdering Volda ungdomsskule 2014 – utført av Nordplan AS

Tilstandsanalyse Volda ungdomsskule 2006 – utført av Nordplan AS

Samandrag av saka:

Det har i fleire år blitt gitt tilbakemeldingar om at Volda ungdomsskule har ei bygningsmasse som har eit klart og tydeleg behov for renovering og ombygging. Skulen er lite funksjonell og har behov for meir areal både til elevar og tilsette. Rapport etter teknisk tilstandsanalyse i 2017 og rapport frå brannteknisk vurdering i 2014, viser at skulen også har ein del branntekniske manglar som må utbetrast.

Den tekniske tilstandsanalysen konkluderer med at skulen på tross av dette har ein betydeleg restverdi som kommunen bør nytte vidare, og det vert rådd til å kartlegge nivå og omfang av ombygging og renovering gjennom eit moglegheitsstudie. Før oppstart av moglegheitsstudiet er det viktig av ambisjonsnivået for bygningsmassen vert definert, då dette vil legge klare føringar på nivået ei moglegheitsstudie vert utarbeida på.

SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA

Historikk – bakgrunn for at det er behov for tiltak

Volda ungdomsskule hadde tidlegare namnet Øyra skule og vart ferdigstilt i 1960. Bygningen stod fram som ein av dei mest moderne skulebygningane i landet og skulen vart rekna som eit bygg for framtida. Skulen endra namn til Volda ungdomsskule i 1977/78 då det vart innført niårig skule og Øyra barneskule stod ferdig.

Skulen bestod opphavelig av ein hovudfløy og ein sidefløy. I ettertid har det vore to større påbyggingar på skulen som har resultert i eit nytt gymbygg, bygd som eit andre byggetrinn i 1970, og eit medietek over inngangspartiet som vart bygd i 2008.

Skulen husar i dag 58 tilsette og 280 elevar fordelt på 11 klasser.

TILSTANDEN PÅ BYGGET

Gjennom dei seinare åra har brukarane av skulen fleire gongar varsla om at det er store behov for utbetringar/ombyggingar på skulen. Dette er mellom anna gjort gjennom følgjande korrespondanse dei siste tre åra:

- Brev frå FAU datert desember 2015. Det blir i brevet peika på at det er store behov for utbetringar knytt til kontor, møterom, arbeidsplassar for lærarane, personalrom, garderobe og WC-tilhøve for personalet. Det vert også påpeika at det er generelt sett er overfylt på skulen, at ei rekke undervisningsrom er i svært dårleg stand og at det er dårleg solskjerming og manglande ventilasjon.
- Brev frå elevrådsleiaren datert juni 2016. Elevrådsleiaren skriv at det er dårleg inneklima på skulen og at det er eit stort behov for vedlikehald.
- Bekymringsmelding frå FAU datert februar 2017. Det vert i brevet mellom anna fokusert på at det er eit stort etterslep av vedlikehald på skulen, at behovet for meir plass er prekært og at arbeidsforhold for lærarane er dårlege.

Tilsyn og kartleggingar

Det er gjort fleire tilsyn og kartleggingar av skulen dei seinare åra som viser til at bygningsmassen har behov for oppgradering og renovering. I 2006 gjennomføre Nordplan ei tilstandsanalyse av skulen som konkluderte med følgjande:

Som hovudinstrykk framstår bygningen i «original» stand, men prega av slitasje og manglande vedlikehald utvendig. Innvendig ber bygningen preg av slitasje på overflater, men er eigentleg i brukbar stand når ein tek omsyn til alderen

Same år vart det gjennomført tilsyn etter lova om miljøretta helsevern på skulen. Gjennom dette tilsynet vart det peika på fleire behov for utbetringar av bygninga, og i kommunestyret den 19. juni i 2008 (PS 88/08) vart det fatta følgjande vedtak:

1. *Volda Ungdomsskule blir godkjent etter "Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.v." av 01.12.1995*
2. *Godkjenninga blir gjort på vilkår av at det skal bli utarbeidd og godkjent ei samla og forpliktande plan for bygningsmessig vedlikehald og rehabilitering av skulen*
3. *Volda ungdomsskule skal vidareutvikle sitt internkontrollsystem innan miljøretta helsevern, slik at forskrifta sin intensjon blir kvalitetssikra*

I den tekniske tilstandsanalysen som vart utført i 2017 konkluderast det med følgjande;

Byggene har et klart og tydelig behov for renovering og også delvis ombygging for både å tilfredsstille dagens tekniske krav og funksjonskrav drift av en ungdomsskule har til bygget. Selv om bygningsmassen har betydelige renoveringsbehov har de også en vesentlig restverdi som kommunen må søke å utnytte videre. Spesielt med tanke på de oppgraderinger som er gjort de siste årene, så som ventilasjonsanleggene, vindusskifte, lys og elektriske anlegg.

Brannteknisk vurdering og branntilsyn

Rapportar frå branntilsyn på skulen, har i fleire år peika på dei same avvika på skulen. Det er også i fleire av rapportane nemnt at Volda ungdomsskule manglar ei heilskapleg vurdering av bygget i høve til nyare lover og forskrifter (1985 eller seinare).

I 2014 utførte Nordplan ei brannteknisk analyse av skulen. Målet med analysen var å avdekke feil og manglar ved bygningen, samt å foreslå utbetringar og avbøtande tiltak for å betre tryggleiksnivået i bygningsmassen. Analysen konkluderer med følgjande feil/manglar i bygningen som bør utbetrast:

1. *Sikre aulaen i Hovudfløy som rømningsveg ved følgjande tiltak:*
 - *Røykventilere aulaen gjennom vifter i taket*
 - *Skifte eventuelle dører som ikkje har brannklasse mellom aula og tilstøytande rom*
 - *Sikre at branncelleavgrensande bygningsdelar ikkje er svekka ved uklassifiserte gjennomføringar av ventilasjonskanalar, sjakter m.m.*

2. Sikre rømningstilhøva i U-etg- i hovudfløy ved å sikre at rømningsvegen ikkje er svekka av mangelfulle kanalgjennomføringar ved følgjande tiltak:
 - Brannisolere gjennomføringar
 - Etablere ny rømningsveg til det fri på austsida i U.etg.
 - Avgrense nordre del av korridoren ved å stenge den med branncelleavgrensande bygningsdelar.
3. Oppgradere trapperom i sidefløy til klasse Tr2
4. Oppgradere ein del viktige dører (m.a. i seksjoneringsvegg) til rett brannklasse
5. Etablere ny rømningsdør til det fri mot nordvest i gamal gymsal i Sidefløy
6. Betre rømningsvegar i gymsal i Byggesteg 1970 ved følgjande tiltak:
 - Skifte rømningsdør frå utstyrslager i gymsal
 - Skifte ut kledning av trepanel i garderobar til platemateriale med forskriftsmessig brannklasse

Mange av desse punkta gjeld framleis i dag.

Gjennomførte utbetringar

Volda ungdomsskule er prosjektert etter Byggeforskrift 1949 som stilte heilt andre krav til bygningsmassen enn det ein har etter dagens forskrift. Gjennom åra, og då spesielt dei siste, er det gjennomført ei rekke utbetringar på skulen for å betre nivået i bygningsmassen:

- 1993: Garderobar i gamle gymsal vart renovert
- 1997: Ventilasjonsanlegget vart fornya for sidefløy og gymsalar
- 2000: Det elektriske anlegget vart oppgradert og ventilasjonsanlegget for hovudfløya vart fornya
- 2008: Mediatek over inngangspartiet vart bygd. Det vart etablert ståforsterkning i aulaen for ekstra bæring for takkonstruksjonen. Det vart installert heis og gjort diverse rullestoltilpassingar i bygget. Toalettromma for gutar og jenter i kjellaren vart pussa opp.
- 2010: Dei fleste vindauga vart bytta. Dør/glasfelt mellom vestibyle og aula vart skifta
- 2013: Nytt golv i gymsalen frå 1970
- 2014: Det vart installert nytt låsesystem og etablert ny rømningsdør ut i det fri frå gymsalen i sidefløy
- 2015: Det vart etablert nye gavlveggar og dører i gymsal frå 1970
- 2016: Varmtvassstankar vart bytta. Det vart bygd eit spesialrom med stellerom og fysiorom. Det vart lagt nytt golv i gymsalen i sidefløy
- 2017: Dusjrom i gymsalen i sidefløya vart utbetra. Resterande vindauge vart bytta og det vart installert nytt ventilasjonsanlegg i gymsalar og handtverksfløy. Det vart installert vifter i taket på aulaen

Skulen sine behov

Ei brukargruppe på Volda ungdomsskule, beståande av representantar for personalet og administrasjonen, har gjort ei vurdering av skulen sine behov. Behova er delt opp i to grupper, der den eine tek føre seg prekære behov som skulen har i dag, og som er viktig å få dekkja, og den andre tek føre seg areal og fasilitetar som er ynskjelege og som gruppa meiner det vil vere eit behov for i framtida. Den generelle tilbakemeldinga er at det er sprengt kapasitet på både klasserom, grupperom, kontor og møterom, og det dermed er eit stort behov for meir areal.

Prekære behov og manglar

Behova brukargruppa har satt opp som eit minimum ved ei ombygging/renovering/oppussing er:

- Kjønnsnøytrale kroppsøvingsgarderobar for elevar
- Fleire grupperom (i ulike størrelsar, også knytt direkte til klasserom)
- Møterom/telefonrom
- Toalett og garderobar for tilsette

- Fleire kontor
- Fleire arbeidsplassar
- Fleire og større klasserom
- Større personalrom
- Utbetringar av ventilasjonen
- Etablering av solskjerming
- Etablering av innvendig låsesystem (kode/låsvidar inne på klasserom/grupperom)
- Utbetringar av branntekniske manglar iht. rapport frå 2014

Behov for framtida

I forhold til behov for framtida og ynskjer for skulen, har brukargruppa satt opp følgjande punkt:

- 15 gode klasserom
- Minst 1 grupperom knytt direkte til kvart klasserom
- 1 møterom/telefonrom per årssteg
- Kontor til rektor, 2 ass-rektor, konsulent, rådgivar, 2 miljøarbeidarar, helsesøster og ev. avdelingsleiarar
- Spesielle grupperom til elevar med store samansette vanskar/behov, det må vere knytt bad til nokre av desse romma
- Gode arbeidsplassar til lærarar og assistentar, samt plass til vikarar
- Grupperom for elevar knytt til Sunnmørsheimen og innføringsklasse
- Skulekjøkken som er lagt til rette med eigen arbeidsstasjon for elevar med cøliaki og ev. allergiar (samt tilrettelegging for brukarar frå Øyra om dei skal halde fram med å nytte kjøkkenet)
- Eige «treningskjøkken» for enkeltelevar
- Personalrom som kan romme inntil 75-80 vaksne, med enkelt kjøkken
- Eigne rom til nokre valfag (som teknologi, media og design)
- Eigne rom til arbeidslivsfag
- Språklab.
- Betre salar til sløyd og tekstil
- Studentrom og samtalerom
- Laboratorium til naturfag
- Musikkrom med plass til minst to fulle klasser

Ambisjonsnivå

Årsaksforholda til meirforbruk/ mindreforbruk:

- Stab og service: Her ligg både løn og driftmidlar til mange tenester. Fleire budsjettkorrigeringar er førte inn her, noko som gir eit stort mindreforbruk. Budsjettkorrigeringane burde vore førte inn der utgiftene er, slik at nokre einingar kunne sett meir korrekte enn dei framstår no. Verd å merke seg at sektoren no får heilårseffekt av eit BPA- tiltak der kommunen no må kjøpe desse tenestene. Auka utgift på ca. 900.000,- etter at refusjonar er trekt ifrå. Det er ikkje bedt om tilleggsføring for dette tiltaket.
- Institusjonsteneste:
- **2.etg** har markert meirforbruk. Resultatet vart mykje forskyvning og overtidsutgifter. Men hovudårsak til meirforbruk er fastvakt x 2 pga uro/ utagerande pasientar. Første tre månadane var sjukefråvær snitt 19,59%, men har gått gradvis nedover til juli med 10,8%.
- **3 etg.** Ansvarsområde 4613 Otta / Karvestova har eit samla meirforbruk på 850 536 ,- . Det har denne perioden vore 452.75 t ekstrainnleige - > auka bemanning pga auka pleietyngd på desse to bugrubbene og overbelegg i avd. Det har vore 46,49 t overtidsbetaling- > mykje forskyvning for å ha fagdekning på ulike vakter. I perioden 01.10.17 til 31.10.17 har sjukefråvær fordelt seg slik: 74 dagar med sjukmelding, 9 dagar eigenmelding og 1 dag sjukt barn. Ansvarsområdet har hatt 6 tilsette ute i sjukmelding, to av dei gradert.
- Ansvarsområde 4614 Kaptein / Klokkarstova har eit meirforbruk på kr 1.546.943 ,- Det har denne perioden vore 398,5 t ekstrainnleie på Klokkarstova/Kapteinstova i høve svært travel avdeling, mange «tunge saker», det har vore styrka både dagvakter og seinvakter med heile vakter denne perioden. Det har vore 24,59 t overtid som følge av at tilsette har gått overtid og ikkje har fått avvikla pausar, og forskyvning av personale for å dekke opp fagdekning. I perioden 01.10.17 til 31.10.17 har sjukefråværet fordelt seg slik: 104 dagar sjukmelding, 11 dagar eigenmelding, 1 dag sjukt barn. Ansvarsområdet har hatt 5 langtidssjukmelde. Oppretta nattevaktstilling er ikkje fullfinansiert, då samla tilførte midlar er 932.000,- medan nattevakt med tillegg har ein kostnad på ca. 1.430.000,-/år.
- Sentralkjøkkenet: Lærlingeløn med 86.000,- har belasta dette ansvarsområdet. Kostnader på reparasjonar på produksjonsutstyr og serviceavtalar har gitt oss ekstrakostnader på ca. 100.000,- og matvareinnkjøp er ca 400.000,- på meirforbruk. I tillegg er ca. 300.000,- av "meirforbruket" lågare salsinntekter så langt.
- Heimetenestene inkl. Dagsenter: Ei årsak til meirforbruk er knytt til 40% stilling som skal refunderast frå Løn og personal pga HVO permisjon. Har hatt eit høgt sjukefråvær hittil i år på 10.2% i heimetenestene for heimebuande, med ein topp i Januar på 13.2%. Overtidsforbruket heng sterkt saman med sjukefråværet. Mangel på sjukepleiarar, lite tilgang på vikarar/fleksibleiarar, derfor mykje forskyvning av vakter, bakvakter, doble vakter ol. Dette utløyser overtidsutbetalingar og overforbruk i variabel løn. Har hatt komplekse sjukdomstilhøve med brukarar, som har krevd ekstra innleige dag, kveld og natt. Om lag 400.000,- er utgifter på investeringar på Dagsenteret der det skal nyttast fondsmidlar gitt av helsedirektoratet.
- Elles har det vore mykje sjukefråvær som har resultert i forskyvningar og overtidsutbetalingar. Manglande faglærte ferievikarar medførte at sjukepleiarar

måtte gå ekstravakter som utløyste mykje overtid. Investeringar som er gjort på uteområdet vert finansiert med midlar ein har fått frå helsedir. som fondsmidlar og som vil godskrive resultatet når dei vert nytta.

- Heimetenester, døgnbemanna omsorgsbustader for eldre: Frå å vere om lag i balanse ved rapporteringa utgang august, er det no meirforbruk på ca 730.000,-. Fjordsyn har hatt utfordringar, spesielt på natt, der innleige av ekstra nattevakt tidvis har vore påkrevd. Her har det også blitt kjøpt inn fagkompetanse frå ekstern leverandør for kr. 361.000,- pga vanskar med å skaffe fagkompetanse. Høgt sjukefråvær første kvartal på Fjordsyn, 23,64%.
- Rus- og psykisk helseteneste: Tenesta har fått tilført den faste stillinga som hadde falle ut av budsjettet, men lønskostnadane er ikkje fullt kompensert, då dei utgjer ca. 650.000,- /år, medan tenesta er tilført 466.000,-. Sluttoppgjer etter ei tidlegare sak har gitt ekstrakostnader på årets budsjett med kr. 313.000,-. Desse utgiftene er venta som meirforbruk i tillegg til differansen på stillinga som vart lagt inn att(mangla 190.000,-)
- Hamna Dagsenter: Estimerer eit meirforbruk på om lag 500.000,- ved årsslutt. Påpeikar at fastlønsramma vart redusert med om lag 140.000,- frå 2016 til 2017 av ukjend grunn. Volda kommune må betale forholdvis meir av totalutgiftene pga brukarfordelinga, der Volda har 19 og Ørsta har 9 brukarar. Utvidinga av arealet som vart gjort til 2016 vil Ørsta ikkje vere med å dekke pga brukarfordeling.
- Avlastingsteneste for barn og unge: Syner til PS 44/17; 1. Kommunestyret tek informasjon om utfordringane knytt til manglande faste stillingsressursar ved avlastingstilbod og barnebustader til vitende og vedtek å opprette inntil 3,5 faste årsverk. 2. Prioriteringa i punkt 1 representerer ein kostnad på ca kr 2 millionar som må dekkjast innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren gjennom den samla ressursdisponeringa i løpet av året. Så langt har ein ikkje lukkast med pkt.2. Har og auka utgifter til kjøp av varer og tenester for barnebustadane.
- Buteneste for funksjonshemma: Frå august til november er meirforbruk auka med ca. 860.000,-. Tre nye brukarar er komne til i løpet av året, samla er desse tildelt 141,5 timar teneste pr. veke. Det har ikkje vore fullårseffekt av denne auken, på sikt kan det truleg reduserast noko, men no utgjer innsatsauken ca fire årsverk. Brorparten av meirforbruket i denne tenesta kjem av dette. Så kan ein samstundes kommentere at auka tal utviklingshemma som mottek teneste i Volda, gir ein vesentleg auke i rammeoverføringa til kommunen.
- Førebygging, rehabilitering og legeteneste: Eininga består av fleire deltenester. Fysioterapi, ergoterapi, frisklivssentral, interkommunal nattlegeteneste, kommunal- og privat legeteneste. Det er mindre variasjonar i dei ulike deltenestene. Tabell over viser ein sum manglande refusjon som kjem etterskotsvis, men eininga er venta vere i balanse ved årsslutt.

Alle einingane har ved utgang oktober meirforbruk. Auken i meirforbruk sidan tertialrapporten uroar verkeleg. Sidan august har meirforbruket i sektoren auka med over 5mill, til tross for at sektoren er tilført midlar. Tradisjonelt kan oktober belaste mykje på ferievikarposten, men med eit par unntak er dette ikkje tilfelle. Sjukefråværet er på mange tenestoområde på eit nivå som utfordrar drifta vår på fag. Mange einingsleiarar kommenterer at dei ofte må ty til kostnadsdrivande løysingar for å drifte forsvarleg. I kombinasjon med stadig tilbakemeldingar om krevjande pasientsituasjon, slit dette på dei tilsette. Særskildt gjeld dette tenestene som dekkjer eldreomsorga og vi ser nok konturane på starten av den venta eldrebølgja. Innleigepolitikken blir tatt tak i, ein har kallar inn både tillitsvalde og verneombod for å gå gjennom situasjonen og lage tydelegare innleigeregjar der desse må bli tydelegare. Ei gjennomgåande utfordring, spesielt for eldreomsorga, er at alle tilsette sin kvardag har endra seg med at pasientane jamt over vert dårlegare, etter mitt syn eit resultat av samhandlingsreforma. Denne situasjonen er krevjande for alle partar, men

tema gjenspeglar kvardagen og forventningar på dei tilsette. Ein har utvida kapasitet på korttidsavdelinga for å kunne ta inn fleire og fem tilsette (tverrfagleg) har starta eit toårig kompetanseheevande prosjekt for å betre pasientforløp saman med andre kommunar og helseføretak. Målsetjinga er mellom anna å optimalisere brukar av korttids plassane. Elles planlegg vi å jobbe fram eit prosjekt for å redusere sjukefråværet. Motivasjonen for å bli gode på sjukefråværsarbeid er stor, vi er overbeviste om at der er gevinstar å hente. I tillegg har sektoren gode planar for fagdagar i dei ulike einingane no. Å bygge kompetanse er avgjerande for å takle ein ny kvardag der utfordringane er aukande.

Service og kultur

Sektoren ventar positiv avvik ved slutten av året, på om lag kr. 400.000.

Grunnen til det er liten aktivitet når det gjeld ungdomsklubben og at sektoren har ein generelt bra oversikt over budsjettet sitt.

Teknisk

Teknisk sektor opplyser at sektoren ventar ein meirforbruk på 1,8 mill kr. Grunnen er feilbudsjettering i forbindelse med 2016 og 2017. For 2018 har sektoren tatt hensyn til det og rettbudsjetterte.

Utvikling

Sektoren ventar ein mindreforbruk ved slutten av året på ca. 0,5 mill kr.

Grunnen er meir gebyrinntekter enn forventa. I tillegg til det, fikk sektoren refusjon av ein langtidssjukemelding og uttak av noko foreldrepermisjon som ikkje var budsjettert.

Barnevernstenesta Volda kommune

Truleg vil Volda kommune ha mindre kostnader enn budsjettert på funksjon 251 og 252 i 2017. Dette er også lagt inn som reduksjon inn mot 2018. Forventa mindreforbruk i 2017 er om lag 1,5 mill kr.

NAV

Rekneskapstala viser noko meirforbruk. Korrigert etter periode: Meirforbruk på 170 000. Volda sin del av meirforbruket stipulert til 78 000

Tiltak: Streng vurdering i bruken av vikarar.

Økonomisk sosialhjelp Volda ansvar 4300, f 281

Tala pr oktober viser mindreforbruk på økonomisk sosialhjelp på 138 000

3 OPPSUMMERING

Basert på tilbakemeldingar frå sektorane og vurderingar inn mot frie inntekter og finansområde kan det sjå ut som om Volda går med eit lite mindreforbruk i 2017. Det som ikkje er med i desse vurderingane er pensjon.

Økonomi		0,40
Opplæring og oppvekst	-	1,05
Helse og omsorg	-	5,00
Service og kultur		0,40
Politisk verksemd	-	0,50
Teknisk	-	1,80
Utvikling		0,50
Barnevern Volda kommune		1,50
Kommunestyret (skjema 1B)		3,00
Kommunestyret (skjema 1A)		4,00
Volda kommune 2017		1,45

Vedleggsliste:

Uprenta saksvedlegg:

Samandrag av saka:

Saksopplysningar/fakta:

Folkehelse er overordna og førande prinsipp for kommuneplanen i Volda kommune.

Helse og miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Basert på tilbakemeldingar frå sektorane og vurderingar inn mot frie inntekter og finansområde kan det sjå ut som om Volda går med eit lite mindreforbruk i 2017. Det som ikkje er med i desse vurderingane er pensjon.

Økonomi		0,40
Opplæring og oppvekst	-	1,05
Helse og omsorg	-	5,00
Service og kultur		0,40
Politisk verksemd	-	0,50
Teknisk	-	1,80
Utvikling		0,50
Barnevern Volda kommune		1,50

Kommunestyret (skjema 1B)	3,00
Kommunestyret (skjema 1A)	4,00
Volda kommune 2017	1,45

Beredskapsmessige konsekvensar:

Vurdering og konklusjon:

Rune Sjurgard
Rådmann

Kari Mette Sundgot
Økonomisjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Klageinstans:



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Magnar Selbervik - Ørsta kom. Arkivsak nr.: 2017/2255
Dag Dårflot - Volda kommune
Arkivkode:

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
224/17	Formannskapet	12.12.2017

FASTSETTING AV REVIDERT FORSKRIFT OM RENOVASJON OG SLAM FOR VOLDA OG ØRSTA KOMMUNAR

Administrasjonen si tilråding: Kommunestyret i Volda vedtek kommunale Renovasjonsforskrifter for Volda og Ørsta kommune (forskrifter for handsaming mv av avfall og slamtøming) datert 14.11.2017. Forskrifta vert å gjelde frå 01.01.2018 og erstattar ”Renovasjonsforskrifter for Volda og Ørsta kommunar”, vedteke i Volda kommunestyret den 17.11.2014.

Det vert opp til styret i VØR å tilpasse innføringa av dei nye henteordningane.

Saksvedlegg:

1. Revidert Renovasjonsforskrift 2017
2. Renovasjonsforskrift 2014
3. VØR si vurdering av Merknader

Saksopplysningar :

Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS (VØR), er eigd av Volda- og Ørsta kommune og driftar den lovpålagde avfallshandsaminga frå hushaldningane i Volda og Ørsta. VØR står for innsamling, sortering og vidaresending av avfall og kloakkslam.

Dagens renovasjonsforskrift er frå 2013 og gjev heimel for henting av restavfall kvar 2. veke, samt papp/papir/drikkekartong og plastemballasje kvar 3.veke. Det har ikkje vore tilbod om sortering av våtorganisk avfall. Avfallsgebyra er differensierte etter storleik på dunk og eventuell heimekompostering.

Forureiningslova slår fast at kommunen er pliktig å samle inn hushaldsavfall og bør fastsetje differensierte gebyr, der dette vil kunne bidra til avfallsreduksjon og auka gjenvinning. Prinsippet om at den som produserer avfall skal betale (jf forureiningslova § 2, 5.ledd) skal

leggjast til grunn. For å leggje til rette for likelydande forskrifter og sakshandsaming i begge eigarkommunane, er det utarbeid ei lik felles saksutgreiing.

Formannskapa i Ørsta og Volda la ut likelydande framlegg til revidering av forskrift for handsaming av avfall og slamtøming i vedtak 88/17 den 14.06.2017 (Ørsta) og vedtak 117/17 den 27.06.2017 (Volda). Framlegget til revidert forskrift har vore kunngjort på heimesidene til kommunane, Møre og MøreNytt, i samsvar med forvaltningslova sin § 37.

Hovudgrunnen for framlegget var sentrale føringar om krav til auka materialattvinning og vedtak i representantskapet i VØR med ei målsetjing om 60 % materialattvinning innan 2020. Det var alternativet som representantskapet i VØR rådde til og som gjev mest materialgjenvinning og minst auke i gebyret som låg i framlegget til ny forskrift. Dette omfattar hovudpunkta:

- ny henteordning for mat/ våtorganisk kvar 2. veke,
- henting av restavfall kvar 4. veke,
- papir/plast kvar 4. veke i staden for kvar 3. veke
- obligatorisk henteordning for glas /metall kvar 13 veke.

Framlegget til ny lokal forskrift vart samstundes oppdatert i språk og struktur, og blant anna kommunikasjonsform med abonnentane og nedgravde løysingar. Vidare vart det høyrte framlegg til presisering av tømefrekvens på reine gråvassanlegg og krava til vegstandard for slamtøming. Det vart også lagt opp til eit eige høgare gebyr for bruk av særskilt tømemateriell ved tilkomst tilsvarande vegklasse 5 (sommarbilveg utan hengar) i normal for landbruksvegar.

Framlegget la opp til å fjerne det eigne klageutvalet for VØR-saker. Styret i VØR vert då klageorgan for delegerte vedtak frå dagleg leiar, jf § 11. Ein ny heimel for styret i VØR til å frita einskilde eigedommar frå eit eller fleire krav til kjeldesortering etter § 8b, der einskilde eigedommar med lite avfall ligg slik til at det ikkje vil vere samfunnsøkonomisk forsvarleg å krevje kjeldesortering sett i forhold til auka transport var også omtala i sakframlegget, men har ved ein inkurie ikkje vore teke inn i framlegget til ny forskrift.

Til høyringa her kom den inn ein merknad frå Kystverket datert den 08.08.2017 til begge kommunane som lyder:

«Kystverket har gått gjennom dei aktuelle endringane og har ikkje kommentarar til framlegget på ny og revidert føresegn.»

Det har i tillegg kome tre merknader til det offentlege ettersynet i Volda kommune. VØR har i eige vedlegg kommentert merknadane.

1. Roy Heltne, 01.08.2017:

«I forslag til ny renovasjonsforeskrift vert det lagt opp til sortering av våtorganisk avfall, også kalla matavfall, i tillegg til det vi allereie sorterar. Det er utvilsomt fornuftig å sortere ut matavfall, men det må gjerast på ein måte som brukarane er tente med.

Å legge opp til henting av restavfall berre ein gong i månaden meiner eg er lite gjennomtenkt og vil føre til store utfordringar for mange, og kanskje eit aukande forsøplingsproblem. Det er ikkje lenge sidan vi gjekk over frå vekentlig til henting kvar 14 dag. Vi ser at med god sortering så går dette stort sett bra for dei fleste, men ikkje alle. Å auke frekvensen til henting av restavfall kvar 4 veke må bety at ein har vurdert at halvparten av det som i dag vert levert som restavfall er matavfall. Dette meiner eg umulig kan stemme.

Vi er ei familie på 4 og har lagt stor vekt på sortering av avfall i mange år. Matavfall vert sortert ut og enten gitt til dyra på garden, eller kompostert. Plast, papir, glas og metall vert nøye sortert ut. Berre svært små mengder våtorganisk avfall går ein og anna gong som restavfall (fiskeslo, rekeskal, bederva mat ol.) Men vi ser at sjølv med god sortering så vert "grønedunken" stort sett full kvar 14 dag likevel.

Kvar husstand skal no ha 4 dunkar heime, noko som også vert ei utfordring for mange å få plass til. Og ein kan ikkje akkurat kalle bosdunkane for smykker på tunet. Tvert om kan ein nok i mange høver heller kalle det visuell forsøpling. Sjølv om ein i buretslag kan samarbeide om felles bosdunkar er dette ikkje noko som er praktisk mogeleg for det store fleirtalet.

Når ein no skal legge om til enno meir sortering av avfall så må det gjerast på ein framtidretta måte som brukarane er tent med. Det er då kildesortering vil bli ein suksess.

Eg vil i staden for framlagde forslag foreslå at ein legg opp til ei ordning der avfall vert sortert i heimen i posar med ulik farge, vert lagt i same dunk, henta kvar eller annakvar veke og sortert ved renovasjonsmottaket.

Denne ordninga vert brukt td i Oslo. Der vert plast, mat og restavfall sortert i posar med ulik farge, lagt i same dunken, henta kvar veke og maskinelt sortert ved mottaket. Systemet fins, det er berre å ta det i bruk.»

Vår kommentar:

Plukkanalyser syner at matavfallet står for om lag halvparten av restavfallet. 70 % av hushaldningane består av 1-2 personar. Abonnementa for samarbeid med felles behaldarar, storhushald og høve til eigen avtale om heimekompostering vert vidareført.

Satsing på nedgravde avfallsløysingar er eit viktig bidrag til færre dunkar der forholda ligg til rette for det. Vedkomande alternative løysingar som utsortering av posar på eit sentralt mottaksanlegg etter farge var dette med som eit alternativ (5) i utgreiinga til representantskapet i VØR, men vurdert som ei langt dyrare løysing med behov for investeringar i sorteringshall/system, og ikkje tilrådd å gå vidare med. Framlegget til ny forskrift no gjev mest materialattvinning for minst auke i gebyret. Vi syner elles til VØR sin vedlagte vurdering av merknadane.

2. Bård og Liv Karin Egset, 30.08.2017:

«Synes det er bra at vi etter kvart også skal få levere matavfall i renovasjonsordninga. Men vi er kritiske til den hentefrekvensen som det no er lagt opp til. Det viser seg at det allereie med den henteordninga som er i dag er problem å få plass til alt avfall. Dunk både for restavfall og papp/papir er overfylt når det endeleg vert henta. Og plastsekken er stort sett umogleg å få plass til i papirdunken. Lokka på dunkane vert ofte ståande opne, og fuglar og andre skadedyr får enkelt tilgang til det som er oppe i dunkane. Dette vil verte verre slik det er lagt opp til. Og det vert mykje lukt frå ein dunk fylt opp med matavfall som skal stå i 14 dagar. Henting som det no vert lagt opp til er urimeleg og rett og slett ikkje mogleg. Det vert ikkje plass i dunkane til alt avfall som vert generert i ein vanleg husstand med den frekvensen som det er lagt opp til. Og det kan ikkje vere miljøvennleg at alle må køyre søppel til VØR sitt anlegg sjølve fordi hentinga ikkje fungerer..

Det er mange som ikkje har vore klar over at det er lagt ut høyring av ny renovasjonsforskrift, og spesielt når det vert gjort midt i ferietida.»

Vår kommentar:

Matavfallet vert henta kvar 14 dag no, saman med restavfallet. Endringa i framlegget er at matavfallet vert utsortert i eigen fraksjon og framleis henta kvar 14 dag. Restavfallet som då er att vert henta sjeldnare. Samla volum for mat og restavfall vert då auka, jf også eige utfyllande kommentar frå VØR.

1. Eldrerådet i Volda:

«Eldrerådet legg til grunn at matavfall vert henta kvar veke. Eldrerådet går inn for at alt.2 i framlegget vert lagt til grunn i den vidare handsaminga av forskrifta»

Vår Kommentar:

Alternativ 2 som det vert synt til var eit av alternativa som vart vurdert av representantskapet i VØR og omfattar innsamling av våtorganisk (mat) avfall kvar veke, restavfall kvar 3. veke,

papir/plast kvar 3. veke og glas/metall kvar 13 veke. Dette alternativet ville ha medføre ein vesentleg større auke i gebyra enn for det alternativet som no er høyrte. For dei aller fleste vil dette også gje store ledige volum i alle dunkane og såleis ikkje vere verken samfunnsøkonomisk optimalt, eller i samsvar med føringane i lovverket. God plass i restavfallsdunken gjev ikkje gode insentiv til sortering.

[Sjå sjekkliste, slett denne linken etter bruk.](#)

Vurdering og konklusjon:

Den kommunale renovasjonsforskrifta som no er til handsaming gjeld den lovpålagte kommunale renovasjonen av private hushaldningar. Alt av næringsavfall både privat og offentleg fell såleis utanfor, td bedrifter, utleiehytter, skular, barnehagar, sjukeheimar etc.

Føremålet med revisjonen av forskrifta er å auke graden av materialattvinning, i samsvar med nasjonale mål og vedtekne planar. For å nå dette målet må det etablerast obligatoriske ordningar som omfattar alle, stimulering gjennom informasjon, tilrettelegging og differensiering, samt sjeldnare henting av restavfall.

I klimaplanane for Ørsta og Volda vart det sett mål om «*attvinning våtorganisk avfall skal vere 45 kg per innbyggjar per år innan 2013.*» Innføring av tvungen henteordning for (våt)organisk avfall vart også bedt om i fråsegna frå driftsstyret i Volda kommune til den førige revideringa i si sak 68/12 den 03.10.2012.

I Volda kommune sin kommuneplan, samfunnsdelen står der i kapittel 4.8: «Sortering av avfall bidreg til reduksjon av klimagassutslepp. Difor er det viktig å sikre god avfallshandtering og funksjonelle sorterings- og innsamlingsmoglegheiter for både næringsliv og hushald i kommunen.»

Med obligatorisk innsamling av matavfallet vil volumet i restavfallet verte tilnærma halvert. Sidan revisjonen i 2013 har også plast vore sortert ut som eige sortiment. Med ein eigen dunk for våtorganisk avfall (mat) som vert henta kvar 14. dag, vert attverande restavfall tilnærma halvert. Avfallsdunken til restavfall som i eit standard abonnement er på 140 liter bør då vere stor nok sjølv om hentefrekvensen vert auka. Ein overgang til sjeldnare henting av restavfallet ved utsortering av matavfall vart alt varsla ved førre revisjon og er eit viktig grep for å stimulere til auka materialattvinning. Med tøming av restavfall 4. kvar veke aukar likevel det samla volumet for mat- og restavfall med 50 % (frå 280 L til 420 L pr måned).

Ei utfordring med sjeldnare hentefrekvens av restavfallet kan vere lukt og smittefare varmaste tide på året frå dei som nyttar bleiar. Henting av restavfall kvar 4. veke fungerer likevel godt i store delar av landet. På same måten som i Nordfjord legg VØR likevel opp til at bleiar kan inngå i fraksjonen våtorganisk avfall i ei innkøyringsperiode på nokre år. Då vert også bleiane samla inn kvar 14. dag som no. Etter ei tid der ein har hausta erfaringar med dette og konsekvensen det har for mottakarar av det våtorganiske avfallet, lyt ein sjå på dette på ny. Dette kan då gjerast gjennom informasjon og rettleiing utan å måtte gå vegen om ny revidering av renovasjonsforskrifta.

Fleire dunkar gjer at samarbeid om felles oppsamlingseiningar vert meir aktuelle, både nedgravde avfallscontainerar i sentrumsområda og andre samarbeid om felles behaldarar. Slike samarbeid gjev rasjonelle løysingar og vert stimulert gjennom lågare gebyrsatsar.

Det har ikkje kome merknader på framlegget om innføring av ein minimumsfrekvens på tøming av slamavskillarar for gråvassanlegg eller presisering av kravet til vegstandard. Dette er grep for å rydde opp i erfarte uklarheiter. Det har likevel vore stilt munnlege spørsmål om

vising til normalar for landbruksveggar også inneber krav til utviding av vegbane i kurver. Krava til vegstandard både for renovasjon og tøming av slam går fram av § 7c, der det vert sett krav til godkjend bilveg med snuplass eller gjennomgåande veg, breidde på 3 meter køyrebane, fri høgde på 4 meter, 8 tonn akseltrykk, med tilfredsstillande kurvatur og stigningsforhold. Med tilfredsstillande kurvatur og stigningsforhold har ein nytta normalar for landbruksveggar klasse 4 (sommarbilveg med hengar) som utgangspunkt utan at dette står konkret i forskrifta. Breidda på vegen er likevel konkret lista opp i § 7c med 3 meter køyrebane og følgjer såleis ikkje krava i vegnormalen. For å få til ei enno klarare avklaring rår vi til at ordlyden «*tilfredsstillande kurvatur og stigningsforhold*» i § 7c vert erstatta av med ordlyden «*kurvatur og stigning tilsvarande vegklasse 4 i normalar for landbruksveggar*».

I saksframlegget ved offentleg ettersyn står det: «*Innføring av heimel i § 9 for styret i VØR til å frita einskilde eigedommar frå eit eller fleire krav til kjeldesortering etter § 8b, der einskilde eigedommar med lite avfall ligg slik til at det ikkje vil vere samfunnsøkonomisk forsvarleg å krevje kjeldesortering sett i forhold til auka transport.*» Dette har ved ein feil likevel ikkje vorte innarbeidd i sjølve framlegget til revidert lokal forskrift. Forureiningslova sin § 30, 2. ledd opnar for at kommunen etter søknad kan unnta bestemte eigedomar frå krava til sortering.

For Ørsta er det rådd til å ta inn eit konkret unntak frå kravet til sorteringsplikt for husstandane på Skår. Dette då der i dag berre er ein husstand og transport av fleire bilar over ferga for å sikre kjeldesortering ikkje vil vere samfunnsøkonomisk forsvarleg. Dette er då mest ei formalisering av ein etablert praksis. På sikt kan dette også vere aktuelt for andre mindre bygder som ligg isolert til om folketalet går ned. Dette lyt då vurderast konkret ved framtidige revisjonar av renovasjonsforskrifta, eller ved å gje VØR ein heimel for å frita slike isolerte husstandar på grunnlag av søknader. På grunn av vedtak om kommunesamanslåing av Volda og Hornindal, lyt renovasjonsforskrifta uansett reviderast på ny innan 2020. Vi finn det såleis naturleg å ta dette temaet att då, men rår til å ta inn eit unntak frå krav til sortering i § 8b for husstandane på Skår.

Det er rådd til å fjerne klageutvalet for VØR-saker i § 11. Dette klageutvalet har knapt vore i bruk og det bør vere tilstrekkeleg med eit klagenivå i form av styret i VØR. Dette føreset då at mynde i saker etter forskrifta vert delegert til dagleg leiar. Etter vedtektene til VØR kan dagleg leiar ikkje avgjere saker «*av uvanleg art, eller som er svært viktige for verksemda, med mindre styret har gjeve han fullmakt til det*». Aktuelle vedtak etter forskrifta kjem ikkje inn under dette.

Rådmannen syner til innspela som har kome inn under høyringsprosessen og kommentarane til desse. Ut frå ei samla vurdering finn ein å rå til at forskrifta vert godkjent slik den er fremja og lagt ut til offentleg ettersyn. Ettersom forskrifta skal vere likelydande for Volda og Ørsta, å er det meir ein formalitet for Volda at det i forskrifta vert teke inn ei presisering som omtala ovanfor for krav til veg i § 7c og eit unntak frå krav til sortering for husstandane på Skår i § 8b.

Rune Sjurgard
Rådmann

Rune Totland
teknisk sjef

Utskrift av endeleg vedtak:



Renovasjonsforskrift for Volda og Ørsta kommunar

Kommunale forskrifter for handsaming m.v av avfall og slamtøming

Vedteke av Ørsta kommunestyre i sak xx/17 den xx.12.2017 og Volda kommunestyret i sak xx/17 den xx.12.2017 i fylgje lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova, frl) §§ 30, 31 og 34, 79 og 83.

Kapittel 1

§ 1. Mål for avfallssektoren

Forskrifta har som mål å arbeide for at avfall som oppstår vert handsama på ein trygg, kostnadseffektiv og miljørett måte i samsvar med nasjonal avfallspolitikk.

§ 2. Virkeområde

Denne forskrifta gjeld kjeldesortering, oppsamling, innsamling og transport av alle typar avfall og slam som kommunane sjølvpålagt, etter forureiningslova eller ved delegering frå overordna forureiningsmynde, er tillagt mynde over. Dette inkluderer farleg avfall frå hushaldningar og bedrifter dersom mengda ikkje overstig den grensa som til ei kvar tid gjeld i avfallsforskrifta.

Denne forskrifta omfattar alle registrerte grunneigedomar i Volda og Ørsta, inklusiv kvar enkelt seksjonerte del av bygning og kvar enkelt sjølvstendige brukseining i bygning. Også fritidseigedommar.

VØR avgjer i tvilstilfelle kva som reknast som sjølvstendig brukseining i bygning. VØR kan gi nærare retningslinjer for gjennomføring av avgjerdene i forskrifta.

§ 3. Definisjonar

a) Abonnement

Standard er abonnement med 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2 veke 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 140 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13 veke.

Standard pluss er abonnement med 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2. veke 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 240 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke.

Kompostering er abonnement der det ligg føre særskild kontrakt med VØR om kompostering av alt våtorganisk og hageavfall som oppstår hos abonnenten. Slike abonnement har 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 140 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke.

Kompostering pluss er abonnement der det ligg føre særskild kontrakt med VØR om kompostering av alt våtorganisk og hageavfall som oppstår hos abonnenten. Slike abonnement har 1 stk. 140 l avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 240 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke.

Storhushald er abonnement med 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2 veke, 1 stk. 240 l dunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 240 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke.

Storhushald pluss er abonnement med 1 stk. 140 l avfallsdunk for våtorganisk avfall (matavfall) med henting kvar 2 veke, 1 stk. 240 l dunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk. 340 l avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 l avfallsdunk for glas og metallemballasje kvar 13. veke.

Saksnr / arkivkode
2016/2188 / M50

Løpenr.
14775/2017

Dato
14.11.2017

Samarbeid er abonnement med felles behaldar for våtorganisk avfall med henting kvar 2. veke, restavfall kvar 4. veke, papiravfall kvar 4. veke og glas og metall emballasje kvar 13. veke. Abonnementane kan velje mellom ulike storleikar av behaldarar. Kravet for å inngå delingsavtale er at eigedomane er naboar eller ligg i nærleik til kvarandre og at abonnentane seg imellom har avtale om reinhald og framsetting av dunkane. Ved tvil vert dette avgjort av VØR.

Nedgrave fellesrenovasjon er abonnement med oppsamling av avfall i nedgravne containerar.

Fritidsbustad er abonnement for dei med fritidshusvære enten dei har eigen avfallsbeholdar eller må levere avfallet i samleavfallsbeholdar for fritidshus/hytter.

Henteavtale er avtale mellom abonnent og VØR om henting, tøming og tilbakesetting av avfallsdunk på avstandar utover vegkanthenting.

b) Abonnementeining

Fritidsbustad er husvære utan fast busetnad, som ikkje vert brukt over 4 månader i året, med innlagt straum, og som ligg i regulert hytteområde eller i ein avstand til offentleg vei ikkje lenger enn 1000 m i luftline. Ein kan ikkje ha fast bustadadresse ved eigedomen. Fritidsbustad er ikkje omfatta av § 10 c og d i denne forskrift.

Gebyreining/brukseining er husvære som er bygd eller ombygd til bruk for ein eller fleire personar og som har eigen inngang. Husværet kan anten vere leilegheit eller hybel. Ei gebyreining er ei leilegheit med fleire bruksrom dvs minst eit rom og kjøkken (eventuelt tekjøkken) og eigen inngang.

Hybel er ½-gebyreining/brukseining og er husvære utan kjøkken og er eit rom med eigen inngang, der det er tilgang til vatn og toalett.

c) Abonnent

Abonnent er eigar eller festar av eigedom som er tilslutta den kommunale renovasjonsordninga jf. forureiningslova § 34, fjerde ledd. Leigetakar/brukar av eigedom kan unntaksvis stå som abonnent/rekningsmottakar dersom dette vert avtalt mellom VØR og eigar. Eigaren er likevel økonomisk ansvarleg for uteståande gebyr leigetakaren/brukaren måtte ha overfor kommunen. Dersom eigedomen er festa vekk for minst 30 år, eller i dei høva festet kan forlengjast utover 30 år, skal festaren reknast som abonnent.

Leigetakar/brukar: Dersom leigetakar/brukar og abonnent ikkje er same juridiske person, er leigetakar/brukar sine plikter dei same som abonnenten sine plikter, med unnatak av det økonomiske forholdet til VØR.

d) Avfall

Avfall er lausøyregjenstandar og stoff som skal reknast som avfall i høve forureiningslova sin § 27 og Miljødirektoratet, heretter kalla MD sin vegleiar TA-2001/2003.

EE avfall (elektrisk og elektronisk avfall): Kasserte ee-produkt, det vil seie produkt som er avhengig av elektrisk straum eller elektromagnetiske felt for korrekt funksjon. MD avgjer i tvilstilfelle kva som er ee-produkt, jf avfallsforskrifta kap 1.

Farleg avfall (tidligere spesialavfall) er avfall som det ikkje er føremålstenleg å handtere saman med hushaldningsavfall eller næringsavfall fordi det kan medføre alvorleg forureining eller fare for menneske eller dyr. Døme på helse- og miljøfarleg avfall kan vere maling, spillolje, løysemiddel, plantevernmiddel og bilbatteri, jf forureiningslova § 27a tredje ledd og avfallsforskrifta kap.11.

Glas og metallemballasje: Glas eller metall-emballasje frå hushaldningar.

Grovavfall, sjå restavfall.

Hushaldningsavfall er vanleg avfall frå private hushaldningar, medrekna større gjenstandar som inventar og liknande frå hushaldningar og fritidsbustader, jf forureiningslova § 27 andre ledd og MD sin vegleiar TA-2001/2003.

Kompostering er biologisk nedbryting og stabilisering av organisk avfall med lufttilgang der restproduktet vert jord.

Næringsavfall er avfall frå offentlege og private verksemdar og institusjonar, jf forureiningslova § 27 tredje ledd og MD sin vegleiar TA-2001/2003.

Returplast er plastemballasje som kan gå til attvinning i eigen returplastsekk som VØR leverar ut kvart år til alle abonnentar.

Restavfall er avfall som vert igjen etter kjeldesortering eller sentralsortering av hushaldnings- eller næringsavfall.

Risikoavfall er sprøytespissar, bandasjar og anna smittefarleg avfall frå helseinstitusjonar/ kontor mv.

Våtorganisk avfall er lett nedbrytbart avfall av animalsk eller vegetabilsk opphav, slik som matavfall, hageavfall og planterestar.

e) Oppsamlingseining

Avfallsbeholdar/ avfallsdunk/ fellescontainer/ nedgravne anlegg er ei oppsamlingseining for avfall som VØR stiller til rådvelde for abonnentane. VØR kjøper, leverer ut og eig avfallsbeholdarane. VØR skiftar ut avfallsbeholdarane når det er naudsynt. Nedgraven løysing føreset avtale med VØR, jf. § 2. tredje ledd.

Det må berre nyttast avfallsbeholdarar tildelt/godkjent av VØR. Avfallsbeholdarane er registrert på den einskilde eigedom og skal ikkje flyttast ved endringar i eigar eller festetilhøve.

Avfallssekk er 100 liter svarte sekkar merka med VØR-logo. Slike godkjende avfallssekkar kan kjøpast hjå VØR og nyttast som ekstrasekk ved avfallstoppar.

Returplastsekk er gjennomsynlege sekkar som abonnentane skal bruke til å ha rein og tørr emballasjeplast i for attvinning. VØR leverar slike sekkar ut for eit år om gongen.

f) Sortering

Bringeordning er eit kjeldesorteringssystem der abonnenten sjølv bringer sitt kjeldesorterte avfall til ein mottaksplass t.d. returpunkt eller miljøstasjon.

Henteordning er eit kjeldesorteringssystem der kjeldesortert avfall vert henta av godkjent innsamlar så nær kjelda som praktisk råd.

Kjeldesortering er når abonnenten eller annan avfallsprodusent held visse avfallstypar fråskilt og legg desse i særskilde oppsamlingseiningar eller bringer dei til tilviste mottaksstader.

Returpunkt er lokalt ubemanna oppsamlingsstad der publikum kan levere/sortere ein eller fleire avfallsfraksjonar.

Miljøstasjon/gjenbruksstasjon er eit spesielt tilrettelagt område med organisert oppsamling av separert avfall. Alle gjenvinnbare fraksjonar kan leverast på miljøstasjonen i tillegg til restavfall og farleg avfall.

g) Slam

Tvungen slamtøming er ei ordning for tøming av slamavskiljarar og tette tankar og gjeld for alle eigedomar som har slamavskiljar eller tett tank.

h) VØR

VØR er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS som Volda kommune og Ørsta kommune har gitt delegert ansvar i eigen selskapsavtale til å drive med innsamling, sortering og transport av avfall og slam i medhald av forureiningslova § 30, §34 og § 83. VØR har eigedomsretten til avfall som vert samla inn av eller til VØR.

§ 4. Kommunal innsamling av avfall

Kommunane har med grunnlag i forureiningslova § 30 1. ledd innført tvungen renovasjon for hushaldningsavfall. Alle eigedomar der det går føre seg aktivitet som fører til at det oppstår hushaldningsavfall, vert omfatta av tvungen renovasjonsordning. Tvungen kommunal renovasjon gjeld også for fritidseigedomar.

Ingen må samle inn hushaldningsavfall, irekna papp, papir, drikkekartong, plast og andre avfallstypar til gjenvinning, utan samtykke frå kommunane.

Det er ikkje tillate å brenne hushaldnings-, nærings-, eller farleg avfall anna enn i særskildt godkjende forbrenningsanlegg. Det er heller ikkje tillate å grave ned eller kaste hushaldningsavfall. Hageavfall og anna våtorganisk avfall kan etter avtale komposterast på eigen eigedom.

For å sikre best mogleg økonomisk, ressurs- og miljømessig handtering av avfallet, er abonnenten pliktig til å gjennomføre dei sorterings- og leverings-ordningar av avfallet som VØR til ei kvar tid gjer vedtak om.

Det er ikkje tillate å levere risikoavfall frå helseinstitusjonar innblanda i anna hushaldnings- eller næringsavfall. Dette avfallet skal kjeldesortert og leverast separat til godkjent mottakar t.d. godkjende handsamingsanlegg for slikt avfall ved større helseinstitusjonar eller destruksjon ved godkjende mottakarar for slikt avfall. VØR si innsamlingsordning vil ikkje gjelde patologisk avfall.

Med grunnlag i § 11-10 i avfallsforskrifta, tilbyr VØR mottak av farleg avfall frå hushaldningar. Denne fraksjonen skal leverast til dei utplasserte mottaka for slikt avfall eller miljøstasjon. Verksemdar med mindre mengder spesialavfall kan og nytte seg av den kommunale ordninga ved å levere avfallet ferdig deklartert på miljøstasjonen.

§ 5. Avfall som ikkje er omfatta av kommunal innsamling

- a) Farleg avfall frå verksemd med meir enn 1000 kg spesialavfall/år.
- b) Næringsavfall, jf. § 3 d. 7.ledd.

Den som har farleg avfall og næringsavfall er eigar av avfallet, og må sjølv syte for å bringe dette avfallet til godkjent avfallsanlegg eller til anna godkjend handsaming. VØR eller kommunen vil gi opplysningar om kvar slikt avfall kan/skal leverast.

§ 6. Heimekompostering av våtorganisk avfall og hageavfall.

Hageavfall bør så langt det er råd komposterast i eigen hage, alternativt leverast til miljøstasjonen.

Abonnentar med nok hageareal, får høve til å heimekompostere våtorganisk avfall og hageavfall.

Kommunestyra kan i slike høve gje redusert gebyr etter nærare avtale med VØR. I avtalen vert det fastsett krav til drift av heimekomposteringa, m.a. at komposteringa skjer på ein hygienisk tilfredstillande måte, som ikkje tiltrekker seg skadedyr, gjev sigevatn, vond lukt eller verkar sjenerande for omgjevnadene. VØR vil gi rettleiing om drift av kompostbingen, og føre kontroll med at godkjende bingar og avtale med VØR vert fylgd. Abonnenten må skaffe seg kompostbinge for eiga rekning.

Ved brot på vilkåra i avtalen, kan VØR seie han opp og påleggje abonnenten å levere avfallet i samsvar med § 4 og § 12 i denne forskrift.

§ 7. Oppsamlingseining og plasseringa av denne

a) Oppsamlingseininga

Oppsamlingseining er den til ei kvar tid godkjende avfallsbeholdar/sekk for innsamling av hushaldningsavfall utlevert av VØR. Abonnenten/brukar er pålagt å notere nummeret på oppsamlingseininga og opplyse om dette når han tek kontakt med VØR i høve avfallsordningane.

Abonnenten er ansvarleg for reinhald av behaldarane. Behaldarane skal berre nyttast til avfallshandtering i samsvar med denne forskrifta. Ved annan bruk av behaldarane enn avfall i samsvar med denne forskrifta, er VØR utan ansvar for skade eller tap av innhaldet. Ved misbruk/aktløyse som skadar behaldaren skal abonnenten betale kostnaden med ny behaldar. Ved kjeldesortering av avfall til materialgjenvinning kan VØR dele ut fleire avfallsbeholdarar til same abonnent.

For rekkjehus, blokker, seksjonerte eigedomar, fritidshus, burettslag og liknande kan desse bruke felles behaldar eller nedgraven container. Reinhald, framsetting m.m. er desse brukarane sitt ansvar. Reinhald av fellescontainerar for fritidshus og nedgravne anlegg er VØR sitt ansvar. Reinhald rundt nedgravde anlegg er brukarane sitt ansvar.

Abonnenten/brukar pliktar å setje rett avfallsbeholdar fram til hentestad innan kl. 06.00 på tømedagen for å ha krav på innsamling. VØR driv innsamling mellom kl. 06.00 og 22.00. Abonnenten/brukaren er ansvarleg for at avfallsbeholdaren ikkje valdar skade ved at han kjem på avvegar frå oppstillingsplass eller hentestad.

Abonnten/brukaren skal bringe avfallsbeholdaren tilbake frå hentestad til oppstillingsplass same dag som den er tømt.

Abonnten/brukaren er ansvarleg for at behaldaren vert handsama med varsemnd og halden rein i samsvar med krav frå helseansvarlege myndigheiter. Hushaldningsavfallet skal vere emballert t.d. i plastnett før det blir plassert i avfallsdunken.

Alt avfall som vert sett fram for tømning skal liggje i godkjent oppsamlingseining som ikkje er fylt meir enn at loket kan latast heilt tett til. Dette for at hygieniske ulemper ikkje skal oppstå. Avfallet må ikkje pakkast fastare enn at behaldaren lett kan tømast. På vinterstid er brukaren ansvarleg for at avfallet ikkje er frose fast og dermed ikkje let seg tømme.

Ved avfallstoppar må abonnentane sjølv skaffe seg tilstrekkeleg kapasitet til avfallet sitt t.d. ved ekstrasekkar. Ved gjentatt overfylling av dunken, kan VØR påleggje den enkelte abonnent større avfallsdunk og dermed høgare gebyr, jf. § 12.

Når ein nyttar avfallssekk skal denne sikrast mot fuglar og dyr ved naudsynte tiltak som nett o.l. Sekkar som vert framborne eller leverte til sentrale oppsamlingseiningar skal vere knyta att. Vekta på sekken skal ikkje vere over 20 kg. Vekta på avfallsdunken ikkje vere over 30 kg/140 l behaldarvolum. Tap av dunk/oppsamlingseining pliktar abonnten å melde snarast til VØR. VØR kan påleggje abonnten å nytte alternative oppsamlingseiningar for å få til ei forsvarleg innsamling og handsaming av avfallet.

Returplastsekken skal på hentedag knytast att og plasserast opp i dunken for papir og pappavfall. Eventuell prising av ekstrasekkar vert fastsett av kommunestyret i samband med sak om gebyrregulativ.

b) Behaldarar for fritidsbustad.

VØR plasserer ut felles avfallscontainerar og syter for naudsynt reinhald, inklusiv av hentestad og oppstillingsplass. Fritidsbustad med eigne avfallsbeholdarar vert å regulere etter § 7 a. Avfallsbeholdarar som er utplasserte og merka med fritidsbustad, skal berre nyttast av brukarar av fritidshusvære.

c) Veg/hentestad

Hentestaden skal vere ved køyreveg, og vert fastsett av VØR. På hentestad skal avfallsbeholdarane stå lett tilgjengeleg på eit flatt og fast underlag i bakkenivå fritt frå portstolpar og liknande inklusiv med fri høgde for innhenting med mekanisk arm. Avfallsbeholdarane skal på hentedag stå i ein avstand 1–3 m frå vegkant (vegkanthenting). Tilkomsten skal vere fri for hindringar som kan gjere tøminga vanskeleg, slik som tersklar, trappetrinn, parkerte bilar osv. Der fleire dunkar står i lag skal avstanden mellom dunkane vere minst 30 cm.

Køyreveg kan vere både privat og offentleg veg. VØR har rett til å stille krav til vegstandard, vedlikehald, tilkomst og utforming av vegane som vert køyrde. Køyreveg som skal brukast i samband med renovasjonsordninga skal anten ha snuplass for stor bil, eller vere gjennomgåande, og renovasjonsbilane skal kunne køyre henterutene på ein lovleg og forsvarleg måte. Godkjend bilveg skal minst ha ei breidde på 3,0 m køyrebane, ei fri høgde på minst 4,0 m, styrke til å tole eit akseltrykk på minst 8,0 tonn og kurvatur og stigning tilsvarande vegklasse 4 i normalar for landbruksvegar. For å kome fram til avfallsdunken/avfallssekken skal vegen vere fri for hindringar for den som skal hente avfallet. Vinterstid skal tilkomsten vere rydda for snø, og om naudsynt vere sandstrødd.

Når vegen ikkje er tilfredsstillande brøytt eller den har slik teknisk standard at den i det heile tatt ikkje er køyrbar, skal abonnten bringe avfallet fram til renovasjonsbilen, eller ta vare på avfallet på ein forsvarleg måte til neste hentedag. VØR kan i enkelttilfelle samtykkje anna plassering enn det som er nemnt ovanfor, mot eit ekstragebyr som vert fastsett i samband med årleg gebyrfastsetjing (henteavtale). Eigarar av fritidshus/hytter pliktar å levere avfallet sitt i tilviste avfallsbeholdarar som nemnt i denne paragraf punkt b.

§ 8. Sortering av avfallet

a) Hushaldningsavfall

Hushaldningsavfall skal kjeldesorterast for dei avfallsfraksjonar det er etablert innsamlings- og mottaksordningar for. Dette vert gjort for å legge til rette for best mogleg slutthandsaming av avfallet. Avfall levert til VØR kan verte manuelt kontrollert. Ved manglande eller mangelfull sortering vil renovatør ved bruk av klistrelapp eller liknande varsle om mangelen og ikkje ta avfallet med på vanleg rute.

Fuktig avfall, skarpe eller knuselege gjenstandar mv. skal vere forsvarleg innepakka for å hindre skade på renovatørane, før plassering i avfallsbeholdaren. Varm oske må avkjølast heilt før den vert emballert og lagt i behaldaren. Oske, avfall frå støvsugar o.l. må vere skikkeleg emballert for å unngå støvplage under innhenting.

Flytande avfall skal ikkje leggjast i behaldaren. I behaldaren må det vidare ikkje leggjast større metallgjenstandar, elektrisk eller elektronisk avfall, stein og jord, hageavfall og sand/grus eller bygningsavfall. I behaldaren må det heller ikkje leggjast etsande, eksplosivt eller sjølvantenneleg avfall. Farleg avfall eller problemavfall skal ikkje leggjast i behaldaren.

Brukaren kan gjerast økonomisk ansvarleg for skader på behaldar, renovasjonsbil eller på tømme plass for renovasjonsbilen som følgje av aktlaus bruk av behaldaren.

Når ein brukar avfallssekk skal den ikkje fyllast meir enn at den kan knytast att.

Avfall som er for stort eller for tungt til den vanlege innsamlingsordninga skal leverast til miljøstasjonen.

Tilsvarande skal også andre typar avfall som kan gjenvinnast eller gå til ombruk og det ikkje er oppretta henteordning for, leverast til miljøstasjonen.

b) Henteordning

Alle abonnentar som inngår i tvungen kommunal avfallsordning skal kjeldesortere avfallet i følgjande fraksjonar:

- Våtorganisk avfall skal leverast i grøn behaldar med brunt lok.
- Glas og metallemballasje skal leverast i grøn behaldar med gult lok.
- Emballasjeplast skal leverast i samanknytte returplastposar i grøn behaldar med blått lok.
- Papir (aviser, tidsskrift, vekeblad, reklamepapir, papp, kartong, drikkekartong) skal leverast i grøn behaldar med blått lok.
- Restavfall skal leverast i grøn behaldar med grønt lok.

Fraksjonane skal haldast skilt og leggjast i dei utleverte avfallsbeholdarane som står heime hos kvar enkelt abonnent. Det er ikkje tillate å leggje andre typar avfall i oppsamlingseininga enn det som er nemnt ovanfor. Det er ulike tømefrekvensar for desse fraksjonane. For nærare opplysningar vert det vist til eigen informasjon. Kravet til kjeldesortering gjeld ikkje husstandane i bygda Skår.

c) Bringeordning

Andre kjeldesorterte fraksjonar med godkjent innsamlingsordning skal bringast til returpunkt, t.d tekstilar eller miljøstasjonen (større delar av papp, e.e-avfall). VØR kan gjere endringar i utval og talet på fraksjonar. Farleg avfall må leverast til farleg avfall mottak eller miljøstasjonen.

Fritidsbustader kan få tilvist bruk av felles oppsamlingseiningar for avfall. Disse skal ikkje nyttast av fast busette, verksemder, utleiehytter eller private anlegg for turisme. Brot på dette vert definert som om den aktuelle abonnent/brukar har for lite behaldarvolum/for lav hentefrekvens (jf § 7 og § 12).

§ 9. Hygieniske krav til renovasjon

Forskriftene byggjer på dei krav til hygienisk avfallshandtering som vert fastsett av sentrale styresmakter og helsemynde i kommunane.

Gjeldande lover og forskrifter:

- a) Lov 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) og lov 24. juni 2011 nr. 29 om folkehelsearbeid (folkehelseeloven) med kommunale helseforskrifter.
- b) Lov 13. mars 1981 nr. 81 om vern mot forurensningar og om avfall med forskrifter.

Helsestyresmaktene i kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at helseforskriftene om handtering av avfall vert fylgd.

§ 10. Avfallsgebyr

a) Abonnentar som vert omfatta av avgjerdene i denne forskrifta skal betale avfallsgebyr som vert innkravd av VØR. Ved registrering av ny abonnent eller ved endring av eksisterande abonnement, vert nytt gebyr rekna frå den første i månaden etter at endringa er meldt til VØR. Tilsvarande vert gebyret rekna fram til den siste dagen i månaden der gebyrplikta vert avslutta. Abonnentar som kjem inn under denne forskrifta pliktar straks å melde endringar i abonnementstillhøve til VØR. Likeeins pliktar ein å melde frå dersom personen ikkje står i gebyrregisteret for avfall. Blokker, rekkehus og liknande som er organisert som burettslag, kan få avgifta

berekna og betalt samla. Det same gjeld for tilsvarande bustader når eigarane organiserer seg som felles rettssubjekt (eks huseigarforeining).

b) Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyra. Gebyret med renter og kostnader er sikra etter pantelova § 6-1. Om renteplikt og inndrivning gjeld tilsvarande reglar i lov av 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane § 26 og § 27. Gebyret skal dekke alle kostnader med avfallshandteringa. For dei tenestene som er pålagde og fastsette etter denne forskrifta skal abonnenten betale eit renovasjonsgebyr til VØR pr. gebyreining. Gebyr skal og betalast for tilleggstenester som henteavtale.

c) Gebyreiningar som står tome heile eller delar av året kan etter årleg søknad, få nedsett gebyr for:

- samanhengande heile året 100 % og
- samanhengande minst 6 md 50 %.

Vilkåret er at avfallsbeholdarane er innleverte til VØR for den perioden det vert søkt om fritak for.

d) Gebyrdifferensiering

For å fremje avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning vedtek kommunen differensierte gebyrsatsar i samband med dei årlege gebyrvedtak. Gebyret vert fastsett på grunnlag av storleik på avfallsdunk, om abonnenten komposterer eller om abonnentar samarbeider om oppsamlingseining.

§ 11. Unntak/klager - praktisering

Søknader om unntak og klager på praktiseringa av denne forskrift, kan påklagast (forvaltningslova § 2b og forureiningslova § 85). Klagen skal sendast til det organet som har gjort vedtaket. Dersom klagen ikkje vert teken til følge, vert den sendt til styret for VØR, som skal gjere endeleg vedtak.

Det at ordninga ikkje vert brukt, at bruken er tungvint eller vert sett på som unødvendig eller liknande, gjev ikkje grunnlag for fritak frå ordninga eller betalingsplikta.

Søknader/klager skal vere grunngejevne og innehalde opplysningar om eigar, adresse, gards- og bruksnummer. Kommunane delegerer mynde for avgjerd av søknader/klager til styret for VØR. Styret i VØR kan delegere mynde til å ta daglege og praktiske avgjerder etter desse forskriftene til dagleg leiar.

§ 12. Sanksjoner - straff

Dersom det viser seg at ein abonnent har for lite behaldarvolum, slik at det er fare for at avfallet vert disponert i strid med forskrifta, kan VØR påleggje abonnenten det behaldarvolumet som ein finn føremålstenleg. Byte av behaldar vil skje seinast ein månad etter at skriftleg varsel er sendt frå VØR.

Dersom det viser seg at ein abonnent ikkje har meldt i frå om gebyrpliktige abonnementeiningar eller endring i gebyrplikt som medfører tillegg i gebyret, kan VØR påleggje ekstragebyr frå den dato som abonnementeininga(ne) vart gebyrpliktig(e). Dersom dette tidspunktet ikkje kan dokumenterast, vert abonnenten automatisk pålagt gebyr frå to år før tilhøvet vart oppdaga/registerert.

VØR kan påleggje abonnenten tilleggsgebyr om det syner seg at abonnenten ikkje sorterar avfallet sitt i samsvar med gjeldande sorteringsreglement, jf. § 8 i denne forskrift.

Utover dette kan brot på føresegnene verte straffa med bøter, jf. forureiningslova § 79 andre ledd.

Kapittel 2. Tøming av slam frå spreidde avlaupsanlegg

§ 13. Generelt

Volda og Ørsta kommune har vedteke å nytte mobil avvatning som behandlingsmetode for kloakkslam frå slamavskiljarar med godkjent avløp. Volda kommunestyre i møte 3. mai 1990 og Ørsta kommunestyre i møte 28. mai 1990.

§ 14. Tøming av slamavskiljarar m.m.

a) Melding

Melding om når tøming vil finne stad vil verte gjeve gjennom SMS/ e-post / Altinn eller på annan måte som VØR finn føremålsteneleg.

b) Frekvens på tøming av slamavskiljar

Tvungen slamtøming gjeld for alle eigedomar som har slamavskiljar eller tett tank for slam. For eigedomar med fast busetjing/heilårsbustad og med toalett tilknytt slamavskiljar, skal slamavskiljar tømast ein gong kvart andre år. Andre slamavskiljarar skal tømast ein gong kvart fjerde år. Tette oppsamlingstankar skal tømast i god tid før dei er fulle og minst ein gong kvart år. I særlege høve kan VØR fastsetje annan tømefrekvens enn nemnt ovanfor.

c) VØR eller den som tømmer for VØR sine plikter

Tøming skal utførast slik at den ikkje er til ulempe for nokon med omsyn til støv, lukt eller støy. Anlegget skal forlatast i lukka stand og grinder, portar og dører skal stengjast, eventuelt låsast. Renovatør skal rapportere til kommunen alle observerte avvik ved anlegget og samla mengde slamvolum.

d) Vegtilkomst til slamtank

Krav til vegtilkomst til slamtank ved tøming heile året skjer etter § 7c i disse forskrifter og gjeld tøming med standardutstyr.

Bruk av særskilt tømemateriell og høgre gebyr, tillet vegtilkomst på sommarhalvåret bygt etter Normal for landbruksvegar, vegklasse 5, Sommarbilveg for tømmertransport utan hengar. Anlegg med vegtilkomst vegklasse 5 vil ikkje ha krav på naudtøming i vinterhalvåret.

§ 15. Abonnten sine plikter

Abonnten skal syte for at anlegga som skal tømast er lett tilgjengelege og dimensjonerte for tøming med bil. Overdekking av kumlukk og liknande med snø, is, jord, stein eller anna skal vere fjerna av abonnten før tøminga skal gjerast. Den som tømmer anlegget har rett til å plassere naudsynt utstyr på eigedomen for å få utført tøminga. VØR vil ikkje ta på seg krav frå skade på vegar, hagar eller liknande. Dersom vegstandarden er for dårleg, må tankeigar syte for forsterkning. Jf. også krav til veg/hentestad i § 7c.

Dersom abonnten ikkje har klargjort tanken for tøming eller ein må tømme tankar utanom oppsett innhentingsplan, kjem gebyr for tilkøyring i tillegg til tømepreisen.

§ 16. Avgifter ved fellesanlegg

Kommunale og private fellesavskiljarar for fleire bustadhus, bustadfelt, verksemdar, industriområdar og andre type byggeområde eller tettstader skal tømast i samsvar med det som er oppgitt i utsleppsløyve eller når VØR vurderer at tøming må gjerast.

§ 17. Avgift, innkreving, renter m.m.

Abonnten skal betale ei årleg avgift som vert innkravd av VØR. Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyra. Gebyret med renter og kostnader er sikra etter pantelova § 6-1 om renteplikt og inndriving gjeld reglane i lov 6. juni 1975 nr. 29 og eigedomsskatt til kommunane § 26 og § 27.

§ 18. Klage og straff

Dette vert handsama etter § 11 og § 12 i denne forskrift.

§ 19. Iverksetting

Forskrifta trer i kraft frå 01.01.2018 og erstattar tidlegare forskrift 20.06.2013 om renovasjon, Ørsta og Volda kommunar, Møre og Romsdal.



Renovasjonsforskrifter for Volda og Ørsta kommunar Kommunale forskrifter for handsaming m.v. av avfall og slamtøming

Vedteke av Ørsta kommunestyre i sak 41/13 den 30.05.2013 og Volda kommunestyret i sak 84/13 den 20.06.2013 i fylgje lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova, frl) §§ 30, 31 og 34, 79 og 83.

KAPITTEL 1.

§1 MÅL FOR AVFALLSSEKTOREN

Forskrifta har som mål å sikre miljømessig og økonomisk forsvarleg oppsamling, innsamling, transport, attvinning og sluthandsaming av avfall og slam i kommunane Ørsta og Volda.

§2 VIRKEOMRÅDE

Denne forskrifta gjeld kjeldesortering, oppsamling, innsamling og transport av alle typar avfall og slam som kommunane sjølvpålagt, etter forureiningslova eller ved delegering frå overordna forureiningsmynde, er tillagt mynde over. Dette inkluderer farleg avfall frå hushaldningar og bedrifter dersom mengda ikkje overstig den grensa som til ei kvar tid gjeld i avfallsforskrifta.

Denne forskrifta omfattar alle registrerte grunneigedomar i Volda og Ørsta, inklusiv kvar enkelt seksjonerte del av bygning og kvar enkelt sjølvstendige brukseining i bygning. Også fritidseigedommar.

VØR avgjer i tvilstilfelle kva som reknast som sjølvstendig brukseining i bygning. VØR kan gi nærare retningslinjer for gjennomføring av avgjerdene i forskrifta.

§3 DEFINISJONAR

a) *Abonnement*

Standard er abonnement med 1 stk 140 L avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 2. veke og henting av 1 stk 140 L avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 3. veke.

Standard pluss er abonnement med 1 stk 140 L avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 2. veke og henting av 1 stk 240 L avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 3. veke.

Kompostering er abonnement der det ligg føre særskild kontrakt med VØR om kompostering av alt våtorganisk og hageavfall som oppstår hos abonnenten. Slike abonnement har 1 stk 140 L avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk 140 L avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 3. veke.

Kompostering pluss er abonnement der det ligg føre særskild kontrakt med VØR om kompostering av alt våtorganisk og hageavfall som oppstår hos abonnenten. Slike abonnement har 1 stk 140 L avfallsdunk til restavfall, med henting kvar 4. veke og henting av 1 stk 240 L avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 3. veke.

Storhushald er abonnement med 1 stk 240 L dunk til restavfall, med henting kvar 2. veke og henting av 1 stk 240 L avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 3. veke.

Storhushald pluss er abonnement med 1 stk 240 L dunk til restavfall, med henting kvar 2. veke og henting av 1 stk 340 L avfallsdunk til papp, papir, drikkekartong og plast i eigen returplastsekk, kvar 3. veke.

Samarbeid er abonnement med felles behaldar for restavfall og papiravfall. Abonnentane kan velje mellom ulike storleikar av behaldarar. Kravet for å inngå delingsavtale er at eigedomane er naboar eller ligg i nærleik til

kvarandre og at abonnentane seg imellom har avtale om reinhald og framsetting av dunkane. Ved tvil vert dette avgjort av VØR.

Nedgrave fellesrenovasjon er abonnement med oppsamling av avfall i nedgravne containerar. Slik løysing føreset avtale med VØR, jf §2.

Fritidshus er abonnement for dei med fritidshus/ hytter enten dei har eigen avfallsbeholdar eller må levere avfallet i samleavfallsbeholdar for fritidshus/ hytter.

Henteavtale er avtale mellom abonnent og VØR om henting, tøming og tilbakesetting av avfallsdunk på avstandar utover vegkanthenting.

b) Abonnementteining.

Fritidsbustad er hus eller hytte utan fast busetnad, som ikkje vert brukt over 4 månader i året, med innlagt straum, som ligg i regulert hytteområde eller i ein avstand til offentleg vei ikkje lenger enn 1000 m. Ein kan ikkje ha fast bustadadresse ved eigedomen. Fritidsbustad er ikkje omfatta av § 10 c og d i denne forskrift.

Gebyreining / brukseining er husvære som er bygd eller ombygd til bruk for ein eller fleire personar og som har eigen inngang. Husværet kan anten vere leilegheit eller hybel. Ei gebyreining er ei leilegheit med fleire bruksrom dvs minst eit rom og kjøkken (eventuelt tekjøkken) og eigen inngang.

Hybel er ½- gebyreining/ brukseining og er husvære utan kjøkken og er eit rom med eigen inngang, der det er tilgang til vatn og toalett.

c) Abonnent

Abonnent er eigar eller festar av eigedom som er tilslutta den kommunale renovasjonsordninga jf. forureiningslova § 34, fjerde ledd. **Leigetakar / brukar av eigedom kan unntaksvis stå som abonnent/ rekningsmottakar** dersom dette vert avtalt mellom VØR og eigar. Eigaren er likevel økonomisk ansvarleg for uteståande gebyr leigetakaren/ brukaren måtte ha overfor kommunen. Dersom eigedomen er festa vekk for minst 30 år, eller i dei høva festet kan forlengjast utover 30 år, skal festaren reknast som abonnent.

Leigetakar / brukar: Dersom leigetakar/ brukar og abonnent ikkje er same juridiske person, er leigetakar/ brukar sine plikter dei same som abonnenten sine plikter, med unntak av det økonomiske forholdet til VØR.

d) Avfall

Avfall er lausøyregjenstandar og stoff som skal regnast som avfall i høve forureiningslova sin § 27.

Farleg avfall er avfall som det ikkje er føremålstenleg å handtere saman med hushaldningsavfall eller næringsavfall fordi det kan medføre alvorleg forureining eller fare for menneske eller dyr. Døme på helse- og miljøfarleg avfall kan vere maling, spillolje, løysemiddel, plantevernemiddel og bilbatteri. Jf. frl. § 27 fjerde ledd.

Grovavfall, sjå restavfall.

Hushaldningsavfall er vanleg avfall frå private hushaldningar, medrekna større gjenstandar som inventar og liknande frå hushaldningar og fritidsbustader. Jf. frl. § 27 andre ledd.

Kompostering er biologisk nedbryting og stabilisering av organisk avfall med lufttilgang der restproduktet vert jord.

Næringsavfall er avfall frå offentlege og private verksemder og institusjonar. Jf. frl. § 27 tredje ledd.

Våtorganisk avfall er matavfall, hageavfall og anna biologisk nedbrytbart avfall som eignar seg til kompostering.

Returplast er plastemballasje som kan gå til attvinning i eigen returplastsekk som VØR leverar ut kvart år til alle abonnentar.

Risikoavfall er sprøytespissar, bandasjar og anna smittefarleg avfall frå helseinstitusjonar/ kontor m. v.

Restavfall er avfall som det ikkje er oppretta egne sorteringsordningar for. Dette er avfall som vert igjen etter kjeldesortering eller sentralsortering av hushaldnings- eller næringsavfall.

e) Oppsamlingseining

Avfallsbeholdar/ avfallsdunk er ei oppsamlingseining for avfall som VØR stiller til rådvelde for abonnentane. VØR kjøper, leverer ut og eig avfallsbeholdarane. VØR skiftar ut avfallsbeholdarane når det er naudsynt. Det må berre nyttast avfallsbeholdarar tildelt/ godkjent av VØR. Kvar enkelt beholdar er registrert på den enkelte eigedom og skal ikkje flyttast ved endringar i eigar eller festeforhold.

Abbonnten er ansvarleg for reinhald av beholdarane. Beholdarane skal berre nyttast til avfallshandtering i samsvar med denne forskrifta. Ved annan bruk av beholdarane enn avfall i samsvar med denne forskrifta, er VØR utan ansvar for skade eller tap av innhaldet. Ved misbruk/ aktløyse som skadar beholdaren skal abonnenten betale kostnaden med ny beholdar. Ved kjeldesortering av avfall til materialgjenvinning kan VØR dele ut fleire avfallsbeholdarar til same abonnent. For rekkjehus, blokker, seksjonerte eigedomar, burettslag og liknande kan desse bruke felles beholdar eller nedgraven container. Reinhald, framsetting m.m. er desse brukarane sitt ansvar.

Avfallsekk er 100 liters svarte sekkar merka med VØR-logo. Slike godkjende avfallsekkar vert utlevert der bruk av sekk vert kravd, og dei kan kjøpast hjå VØR og nyttast som ekstrasekk ved avfallstoppar.

Returplastsekk er gjennomsynlege sekkar som abonnentane skal bruke til å ha rein og tørr emballasjeplast i for attvinning. VØR leverar slike sekkar ut for eit år om gongen. Returplastsekken skal på hentedag knytast att og plasserast opp i dunken for papir og pappavfall. Eventuell prising av ekstrasekkar vert fastsett av kommunestyret i samband med sak om gebyrregulativ.

f) Sortering

Bringeordning er eit kjeldesorteringssystem der abonnenten sjølv bringer sitt kjeldesorterte avfall til ein mottaksplass t.d. returpunkt eller miljøstasjon.

Henteordning er eit kjeldesorteringssystem der kjeldesortert avfall vert henta av godkjent innsamlar så nær kjelda som praktisk råd.

Kjeldesortering er når abonnenten eller annan avfallsprodusent held visse avfallstypar fråskilt og legg desse i særskilde oppsamlingseiningar eller bringer dei til tilviste mottaksstader.

Returpunkt er lokalt ubemanna oppsamlingsstad der publikum kan levere / sortere ein eller fleire avfallsfraksjonar t.d. glas osb.

Miljøstasjon / gjenbruksstasjon er eit spesielt tilrettelagt område med organisert oppsamling av separert avfall. Alle gjenvinnbare fraksjonar kan leverast på miljøstasjonen i tillegg til grovavfall og farleg avfall.

g) Slam

Tvungen slamtøming er ei ordning for tøming av slamavskiljarar og tette tankar og gjeld for alle eigedomar som har slamavskiljar eller tett tank.

h) VØR

VØR er Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS som Volda Kommune og Ørsta kommune har gitt delegert ansvar i eigen selskapsavtale til å drive med innsamling, sortering og transport av avfall og slam i medhald av forureiningslova.

VØR-området er kommunane Volda og Ørsta.

§4. KOMMUNAL INNSAMLING AV AVFALL

Kommunane har med grunnlag i forureiningslova §30 1. ledd innført tvungen renovasjon for hushaldningsavfall.

Alle eigedomar i VØR-kommunane der det går føre seg aktivitet som fører til at det oppstår hushaldningsavfall, vert omfatta av tvungen renovasjonsordning. Tvungen kommunal renovasjon gjeld også for hytter og fritidseigedomar.

Ingen må samle inn hushaldningsavfall, irekna papp, papir, drikkekartong, plast og andre avfallstypar til gjenvinning, utan samtykke frå kommunane.

Det er ikkje tillate å brenne hushaldningsavfall utandørs. Det er heller ikkje tillate å grave ned eller kaste hushaldningsavfall. Hageavfall og anna våtorganisk avfall kan etter avtale komposterast på eigen eigedom.

For å sikre best mogleg økonomisk, ressurs- og miljømessig handtering av avfallet, kan VØR i einskilde tilfelle med generelle vedtak stille krav til abonnent/ avfallsprodusent om kjeldesortering og leveringsmåte for dei ulike delane av hushaldningsavfallet.

Det er ikkje tillate å levere risikoavfall frå helseinstitusjonar innblanda i anna hushaldnings- eller næringsavfall. Dette avfallet skal kjeldesortierast og leverast separat til godkjent mottakar t.d. godkjende handsamingsanlegg for slikt avfall ved større helseinstitusjonar eller destruksjon ved godkjende mottakarar for slikt avfall. VØR si innsamlingsordning vil ikkje gjelde patologisk avfall.

Med grunnlag i § 11-10 i avfallsforskrifta, tilbyr VØR mottak av farleg avfall frå hushaldningar. Denne fraksjonen skal leverast til dei utplasserte mottaka for slikt avfall eller miljøstasjon. Verksemdar med mindre mengder spesialavfall kan og nytte seg av den kommunale ordninga ved å levere avfallet ferdig deklart på miljøstasjonen.

§ 5. AVFALL SOM IKKJE ER OMFATTA AV KOMMUNAL INNSAMLING.

a) **Farleg avfall** frå verksemd med meir enn 1000 kg spesialavfall / år.

Næringsavfall, jf. § 3d.

b) Den som har farleg avfall og næringsavfall er eigar av avfallet, og må sjølv syte for å bringe dette avfallet til godkjent avfallsanlegg eller til anna godkjend handsaming. VØR eller kommunen vil gi opplysningar om kvar slikt avfall kan / skal leverast.

Brenning av næringsavfall og farleg avfall er ikkje tillate anna enn i godkjende anlegg. For avfallstypar som ikkje er omfatta av tvungen avfallsordning, tilbyr VØR mottak på miljøstasjon for materialgjenvinning eller sortering.

§ 6. HEIMEKOMPOSTERING.

Hageavfall bør så langt det er råd komposterast i eigen hage, alternativt leverast til miljøstasjonen.

Våtorganisk avfall og hageavfall

Abonnentar med nok hageareal, får høve til å heimekompostere våtorganisk avfall og hageavfall. VØR kan i slike høve gje redusert gebyr etter nærare avtale. I avtalen vert det fastsett krav til drift av heimekomposteringa, m.a. at det vert nytta isolert kompostbinge og at komposteringa skjer på ein hygienisk tilfredstillande måte, som ikkje tiltrekkjer seg skadedyr, gjev sigevatn, vond lukt eller verkar sjenerande for omgjevnadene. VØR vil gi rettleiing om drift av kompostbingen, og føre kontroll med at godkjende bingar og avtale med VØR vert fylgd. Abonntenen må skaffe seg kompostbinge for eiga rekning.

Ved brot på vilkåra i avtalen, kan VØR seie han opp og påleggje abonnenten å levere avfallet i samsvar med § 4 og § 12 i denne forskrift.

§7. OPPSAMLINGSEINING OG PLASSERINGA AV DENNE.

a) **Oppsamlingseininga**

Oppsamlingseining er den til ei kvar tid godkjende avfallsbeholdar/ sekk for innsamling av hushaldningsavfall utlevert av VØR. Avfallsbeholdarane har eit nummer som samsvarar med avtalen til eigedomen. Abonntenen/ brukar er pålagt å notere nummeret og opplyse om dette når han tek kontakt med VØR i høve avfallsordningane.

Abonnten/ brukar pliktar å setje rett avfallsbeholdar fram til hentestad innan kl. 06.00 på tømedagen for å ha krav på innsamling. VØR driv innsamling mellom kl 06.00 og 22.00. Abonnten/ brukaren er ansvarleg for at avfallsbeholdaren ikkje valdar skade ved at han kjem på avvegar frå oppstillingsplass eller hentestad.

Abonnten/ brukaren skal bringe avfallsbeholdaren tilbake frå hentestad til oppstillingsplass same dag som den er tømt.

Abonnten/ brukaren er ansvarleg for at behaldaren vert handsama med varsemd og halden rein i samsvar med krav frå helseansvarlege myndigheiter. Hushaldningsavfallet skal vere emballert t.d. i plastnett før det blir plassert i avfallsdunken.

Alt avfall som vert sett fram for tøming skal liggje i godkjent oppsamlingseining som ikkje er fylt meir enn at loket kan latast heilt tett til. Dette for at hygieniske ulemper ikkje skal oppstå. Avfallet må ikkje pakkast fastare enn at behaldaren lett kan tømast. På vinterstid er brukaren ansvarleg for at avfallet ikkje er frose fast og dermed ikkje let seg tømme.

Ved avfallstoppar må abonnentane sjølv skaffe seg tilstrekkeleg kapasitet til avfallet sitt t.d ved ekstrasekkar. Ved gjentatt overfylling av dunken, kan VØR påleggje den enkelte abonnent større avfallsdunk og dermed høgare gebyr, jf. § 12.

Når ein nyttar avfallsekk skal denne sikrast mot fuglar og dyr ved naudsynte tiltak som nett o.l. Sekkar som vert framborne eller leverte til sentrale oppsamlingseiningar skal vere knyta att. Vekta på sekken skal ikkje vere over 20 kg. Vekta på avfallsdunken ikkje over 30 kg / 140 L behaldarvolum. Tap av dunk / oppsamlingseining pliktar abonnten å melde snarast til VØR. VØR kan påleggje abonnten å nytte alternative oppsamlingseiningar for å få til ei forsvarleg innsamling og handsaming av avfallet.

b) Behaldarar for hytter og fritidshus

VØR skal syte for naudsynt reinhald av behaldarar, hentestad og oppstillingsplass for felles avfallsbeholdarar til bruk for hytter og fritidshus. Hytter og fritidshus med eigne avfallsbeholdarar vert å regulere etter § 7 a. Det er VØR si plikt å plassere ut felles avfallsbeholdarar for hytter og fritidshus. Avfallsbeholdarar som er utplasserte og merka med hytter, skal berre nyttast av brukarar av hytter. Unntaket er brukarar av utleiehytter som skal ha eigne avfallsbeholdarar/ avfallsekkar.

c) Veg/hentestad

Hentestaden skal vere ved køyreveg, og vert fastsett av VØR. På hentestad skal avfallsbeholdarane stå lett tilgjengeleg på eit flatt og fast underlag i bakkenivå fritt frå portstolpar og liknande inklusiv med fri høgde for innhenting med mekanisk arm. Avfallsbeholdarane skal på hentedag stå i ein avstand 1 - 3 m frå vegkant (vegkanthenting). Tilkomsten skal vere fri for hindringar som kan gjere tøminga vanskeleg, slik som tersklar, trappetrinn, parkerte bilar osv. Der fleire dunkar står ilag skal avstanden mellom dunkane vere minst 30 cm.

Køyreveg kan vere både privat og offentleg veg. VØR har rett til å stille krav til vegstandard, vedlikehald, tilkomst og utforming av vegane som vert køyrde. Køyreveg som skal brukast i samband med renovasjonsordninga skal anten ha snuplass for stor bil, eller vere gjennomgåande, og renovasjonsbilane skal kunne køyre henterutene på ein lovleg og forsvarleg måte. Godkjend bilveg skal minst ha ei breidde på 3,0 m køyrebane, ei fri høgde på minst 4,0 m, styrke til å tole eit akseltrykk på minst 8,0 tonn og tilfredsstillande kurvatur og stigningsforhold. For å kome fram til avfallsdunken/ avfallsekken skal vegen vere fri for hindringar for den som skal hente avfallet. Vinterstid skal tilkomsten vere rydda for snø, og om naudsynt vere sandstrødd.

Når vegen ikkje er tilfredsstillande brøytt eller den har slik teknisk standard at den i det heile tatt ikkje er køyrbar, skal abonnten bringe avfallet fram til renovasjonsbilan, eller ta vare på avfallet på ein forsvarleg måte til neste hentedag. VØR kan i enkeltilfelle samtykkje anna plassering enn det som er nemnt ovanfor, mot eit ekstragebyr som vert fastsett i samband med årleg gebyrfastsetjing (henteavtale). Eigarar av fritidshus/ hytter pliktar å levere avfallet sitt i tilviste avfallsbeholdarar som nemnt i denne paragraf punkt b.

§ 8. SORTERING AV AVFALLET.

a) Hushaldningsavfall

VØR krev at hushaldningsavfall vert kjeldesortert for dei avfallsfraksjonar det er etablert innsamlings- og mottaksordningar for. Dette vert gjort for å legge til rette for best mogleg slutthandsaming av avfallet. Avfall levert til VØR kan verte manuelt kontrollert. Ved manglande eller mangelfull sortering vil renovatør ved bruk av klistrelapp eller liknande varsle om mangelen og ikkje ta avfallet med på vanleg rute.

Fuktig avfall, skarpe eller knuselege gjenstandar m.v. skal vere forsvarleg innepakka før plassering i avfallsbeholdaren. Varm oske må avkjølast heilt før den vert emballert og lagt i behaldaren. Oske, avfall frå støvsugar o.l. må vere skikkeleg emballert for å unngå støvplage under innhenting.

Flytande avfall skal ikkje leggjast i behaldaren. I behaldaren må det vidare ikkje leggjast større metallgjenstandar, elektrisk eller elektronisk avfall, stein og jord, hageavfall og sand / grus eller bygningsavfall. I behaldaren må det heller ikkje leggjast etsande, eksplosivt eller sjølvantenneleg avfall. Farleg avfall eller problemavfall skal ikkje leggjast i behaldaren.

Brukaren kan gjerast økonomisk ansvarleg for skader på behaldar, renovasjonsbil eller på tømmeplass for renovasjonsbilen som følgje av aktlaus bruk av behaldaren.

Skjerande avfall må pakkast forsvarleg inn for å hindre skade på renovatørane. Når ein brukar avfallsekk skal den ikkje fyllast meir enn at den kan knytast att.

Avfall som er for stort eller for tungt til den vanlege innsamlingsordninga skal leverast til miljøstasjonen eller anna tilsvarende mottak. Tilsvarende skal også andre typar avfall som kan gjenvinnast eller gå til ombruk og det ikkje er oppretta henteordning for, leverast til miljøstasjonen.

b) Henteordning

Alle abonnentar som inngår i tvungen kommunal avfallsordning skal kjeldesortere avfallet i følgjande fraksjonar.

- Papir (aviser, tidsskrift, vekeblad, reklamepapir, papp, kartong, drikkekartong) skal leverast i grøn behaldar med blått lok.

- Emballasjeplast skal leverast i samanknytte returplastposar i grøn behaldar med blått lok.

- Restavfall skal leverast i grøn behaldar med grønt lok.

Fraksjonane skal haldast skilt og leggjast i dei utleverte avfallsbeholdarane som står heime hos kvar enkelt abonnent. Det er ikkje tillete å leggje andre typar avfall i oppsamlingseininga enn det som er nemnt ovanfor. Det er ulike tømefrekvensar for desse fraksjonane. For nærare opplysningar vert det vist til eigen informasjon.

c) Bringeordning

Andre kjeldesorterte fraksjonar med godkjent innsamlingsordning skal bringast til returpunkt (glas og metallemballasje) eller miljøstasjonen (større delar av papp, e.e- avfall). VØR kan gjere endringar i utval og talet på fraksjonar. Farleg avfall må leverast til farleg avfall mottak eller miljøstasjonen.

Hytter og fritidsbustader kan få seg tilvist bruk av felles avfallsdunkar / avfallsoppsamlingseiningar. Disse skal ikkje nyttast av fast busette, verksemder, utleiehytter eller private anlegg for turisme. Brot på dette vert definert som om den aktuelle abonnent / brukar har for lite behaldarvolum / for lav hentefrekvens (jf. § 7 og § 12).

§ 9. HYGIENISKE KRAV TIL RENOVASJON.

Forskriftene byggjer på dei krav til hygienisk avfallshandtering som vert fastsett av sentrale styresmakter og helse- og sosialstyret i kommunane.

Gjeldande lover og forskrifter:

a) Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m og lov om folkehelsearbeid, begge av 2011, med kommunale helseforskrifter.

b) Lov om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981 og 1.juni 1993 med endringar.

Helsestyresmaktene i kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å sjå til at helseforskriftene om handtering av avfall vert fylgd.

§ 10. AVFALLSGEBYR.

a) Abonentar som vert omfatta av avgjerdene i denne forskrifta skal betale avfallsgebyr som vert innkravd av VØR. Ved registrering av ny abonnent eller ved endring av eksisterande abonnement, vert nytt gebyr rekna frå den første i månaden etter at endringa er meldt til VØR. Tilsvarande vert gebyret rekna fram til den siste dagen i månaden der gebyrplikta vert avslutta. Abonentar som kjem inn under denne forskrifta pliktar straks å melde endringar i abonnementtilhøve til VØR. Likeeins pliktar ein å melde frå dersom personen ikkje står i gebyrregisteret for avfall. Blokker, rekkehus og liknande som er organisert som burettslag, kan få avgifta berekna og betalt samla. Det same gjeld for tilsvarande bustader når eigarane organiserar seg som felles rettssubjekt (eks huseigarforeining)

b) Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyra. Gebyret med renter og kostnader er sikra etter pantelova § 6.1. Om renteplikt og inndrivning gjeld tilsvarande reglar i lov av 6 juni 1975 nr 29 om eigedomsskatt til kommunane § 26 og 27.

Gebyret skal dekke alle kostnader med avfallshandteringa. For dei tenestene som er pålagde og fastsette etter denne forskrifta skal abonnenten betale eit renovasjonsgebyr til VØR pr gebyreining. Gebyr skal og betalast for tilleggstenester som henteavtale.

c) Gebyreiningar som står tome heile eller delar av året kan etter årleg søknad, få nedsett gebyr for:

- samanhengande heile året 100%
- samanhengande minst 6 mnd 50%

d) Gebyrdifferensiering:

For å fremje avfallsreduksjon, kjeldesortering og gjenvinning vedtek kommunen differensierte gebyrsatsar i samband med dei årlege gebyrvedtak. Gebyret vert fastsett på grunnlag av storleik på avfallsdunk, hentefrekvens, om abonnenten komposterar eller om abonentar samarbeidar om oppsamlingseining.

§11. UNNTAK / KLAGER —PRAKTISERING.

Søknader om unntak og klager på praktiseringa av denne forskrift, kan påklagast og skal sendast til Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS, dersom vedtaket er eit enkeltvedtak (jf forvaltningslova § 2b og forureiningslova § 85).

Det at ordninga ikkje vert brukt, at bruken er tungvint eller vert sett på som unødvendig eller liknande, gjev ikkje grunnlag for fritak frå ordninga eller betalingsplikta.

Hytter/fritidsbustad kan etter søknad fritakast frå å vere med i renovasjonsordninga når brukaren allereie betalar renovasjonsavgift til VØR. Hytter/fritidsbustad kan då ikkje leigast ut.

Søknader / klager skal vere grunngjevne og innehalde opplysningar om eigar, adresse, gards- og bruksnummer.

Kommunane delegerer mynde for avgjerd av søknader / klager til styret for VØR. Styret i VØR kan delegere mynde til å ta daglege og praktiske avgjerder etter desse forskriftene til dagleg leiar.

Dersom klagen ikkje vert tatt til følgje av styret for VØR, vert den oversendt klageutvalet for VØR saker som skal gjere endeleg vedtak. Jf. Selskapsavtale for Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS.

§ 12. SANKSJONER - STRAFF

Dersom det viser seg at ein abonnent har for lite behaldarvolum, slik at det er fare for at avfallet vert disponert i strid med forskrifta, kan VØR påleggje abonnenten det behaldarvolumet som ein finn føremålstenleg. Byte av behaldar vil skje seinast ein månad etter at skriffileg varsel er sendt frå VØR.

Dersom det viser seg at ein abonnent ikkje har meldt i frå om gebyrpliktige abonnementeteiningar eller endring i gebyrplikt som medfører tillegg i gebyret, kan VØR påleggje ekstragebyr frå den datoen som abonnementeteininga(ne) vart gebyrpliktig(e). Dersom dette tidspunktet ikkje kan dokumenterast, vert abonnenten automatisk pålagt gebyr frå to år før tilhøvet vart oppdaga/ registrert.

VØR kan påleggje abonenten tilleggsgebyr om det syner seg at abonenten ikkje sorterar avfallet sitt i samsvar med gjeldande sorteringsreglement, jf. § 8 i denne forskrift.

Utover dette kan brot på føresegnene verte straffa med bøter, jf. forureiningslova § 79 andre ledd.

KAPITTEL 2. TØMING AV SLAM FRÅ SPREIDDE AVLAUPSANLEGG

§ 13. GENERELT

Volda om Ørsta kommune har vedteke å innføre mobil avvatning som behandlingsmetode for kloakkslam frå slamavskiljarar med godkjent avløp. Volda Kommunestyre i møte 03.05.1990 og Ørsta Kommunestyre i møte 28.05.1990.

§ 14. TØMING AV SLAMAVSKILJARAR M.M.

a) Melding

Melding om når tøming vil finne stad vil verte gjeve gjennom pressa eller på annan måte som VØR finn føremålsteneleg.

b) Frekvens på tøming av slamavskiljar

Tvungen slamtøming gjeld for alle eigedomar som har slamavskiljar eller tett tank for slam. For eigedomar med fast busetjing / heilårsbustad og med toalett tilknytt slamavskiljar, skal slamavskiljar tømast ein gong kvart andre år. For eigedomar utan fast busetjing / heilårsbustad og med toalett tilknytt slamavskiljar og for fritidsbustader / hytter, skal slamavskiljar tømast ein gong kvart fjerde år. Tette oppsamlingstankar skal tømast i god tid før dei er fulle og minst ein gong kvart år. I særlege høve kan VØR fastsetje annan tømefrekvens enn nemnt ovanfor.

c) VØR eller den som tømer for VØR sine plikter

Tøming skal utførast slik at den ikkje er til ulempe for nokon med omsyn til støv, lukt eller støy. Anlegget skal forlatast i lukka stand og grunder, portar og dører skal stengjast, eventuelt låsast. Renovatør skal rapportere til kommunen alle observerte avvik ved anlegget.

§ 15. ABONNENTEN SINE PLIKTER

Abonenten skal syte for at anlegga som skal tømast er lett tilgjengelege og dimensjonerte for tøming med bil eller traktor med tankvogn. Overdekking av kumlukk og liknande med snø, is, jord, stein eller anna skal vere fjerna av abonenten før tøminga skal gjerast. Den som tømer anlegget har rett til å plassere naudsynt utstyr på eigedomen for å få utført tøminga. VØR vil ikkje ta på seg krav frå skade på vegar, hagar eller liknande. Dersom vegstandarda er for dårleg, må tankeigar syte for forsterkning. Jf også krav til veg/hentestad i § 7c.

Dersom abonenten ikkje har klargjort tanken for tøming eller ein må tømme tankar utanom oppsett innhentingsplan, kjem tilkøyring i tillegg til tømepreisen.

§ 16. AVGIFTER VED FELLESANLEGG.

Kommunale og private fellesavskiljarar for fleire bustadhus, bustadfelt, verksemdar, industriområdar og andre type byggeområde eller tettstader skal tømast i samsvar med det som er oppgitt i utsleppsløyve eller når VØR vurderer at tøming må gjerast.

§ 17. AVGIFT, INNKREVIING, RENTER M.M.

Abonenten skal betale ei årleg avgift som vert innkravd av VØR. Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyra. Gebyret med renter og kostnader er sikra etter pantelova §6.1. Om renteplikt og inndrivning gjeld reglane i lov av 6 juni 1975 nr 29 og eigedomsskatt til kommunane § 26 og 27.

§ 18. KLAGE OG STRAFF.

Dette vert handsama etter § 11 og 12 i denne forskrift.

§ 19. IVERKSETTING

Forskrifta trer i kraft frå 01.07.2013 og erstattar tidlegare forskrift om renovasjon, Ørsta og Volda kommunar, Møre og Romsdal datert 22.06.2004. Styret i VØR får fullmakt til å tilpasse overgangen til 14 dagars henting av restavfallet.

Dato: 26.10.17

Sak: VØR sine kommentarar til innkomne merknader – nye forskrifter.

Vi vil vise til din mail av 25 oktober. Vi fekk tre merknader frå deg i går, noko anna har vi ikkje fått. Merknadane er kommenterte nedanfor. Vi har kommentert dei etter dato innlevert. Dvs. den eldste først.

Innkomen merknad frå Roy Inge Heltne.

1. Heltne: «Det er lite gjennomtenkt å innføre henting av restavfall kvar fjerde veke.»

VØR sitt svar: I områder det er naturleg å samanlikne seg med, er innsamling av matavfall annakvar veke og restavfall kvar fjerde veke, den rimelegaste og mest vanlege innsamlingsfrekvensen. Vi har rekna oss fram til at denne ordninga er kr 363,- billigare pr. år som innsamlingsmetode, enn alternativet med innsamling av restavfall kvar andre veke.

Nedanfor er ei oversikt over selskap / områder som har relativ lik busetnad med det ein finn i vårt område. Dei fleste bur i mindre tettstadar, og så har ein bygder med spreidd busetnad i tillegg.

Selskap/område.	Mat	Rest	Papir
NOMIL (Nordfjord)	Kvar 2. veke	Kvar 4 veke	Kvar 4 veke
HIAS (Hamar region)	Kvar 2. veke	Kvar 4. veke	Kvar 4 veke
GLØR (Lillehammerområdet)	Kvar 2. veke	Kvar 4. veke	Kvar 4 veke
IR(Innherred –Verdalområdet)	Kvar 2. veke	Kvar 4. veke	Kvar 4 veke
RIR (Romsdal)	Kvar 2. veke	Kvar 2 veke	Kvar 4 veke
IVAR (Stavanger)	Kvar 2. veke	Kvar 2. veke	Kvar 4 veke
VESAR (Vestfold)	Kvar 1. veke	Kvar 3. veke	Kvar 3 veke
MNA (Midtre Namdal)	Kvar 1. veke	Kvar 2. veke	Kvar 4 veke
IRIS (Bodø) (4 kv.veke 8 mnd)	Kvar 2/4. veke	Kvar 4. veke	Kvar 4 veke

Heltne: « Ein har vurdert at halvparten av det som i dag vert levert som restavfall er matavfall. Det kan umogleg stemme»

VØR sitt svar: Det mest treffsikre analysen av kva som er i restavfallet, får ein ved plukkanalyser av avfallet. Dvs. at ein ekstern og uavhengig part gjer ei analyse av innhaldet av innsamla restavfall.

VØR har ikkje gjort slik analyse, men Mepex AS gjorde ei slik analyse for Ålesundsregionen sitt avfallsselskap (Årim) i 2015. Årim dekkjer kommunane Sandøy, Vestnes, Haram, Skodje, Ørskog, Stordal, Nordal, Stranda, Sykkylven, Giske, Sula og Ålesund. Vi trur at dette kan samanliknast. Tala dei fekk fram, multipliserte dei opp til årsvolum, for å få fram potensialet på årsbasis. Denne synte slik fordeling på innhaldet i avfallsbeholdaren:

GJENVINNING AV ÅRIM-AVFALL

Avfallstype	Mengde per innbyggjar i innsamla restavfall (ikkje sortert i 2015)	Mengde utsortert i 2015	TOTALT
Papp og papir	16,2	43,4	59,5
Plast	18,2	5,4	23,6
Glass- og metallemballasje	7,8	9,4	17,2
Metall	6,1	12,2	18,2
Matavfall	95,0	0,0	95,0
Tekstil, sko, gummi og lær	8,2	4,9	13,1
Farlig avfall	1,2	11,3	12,5
EE-avfall	8,7	7,2	15,9
Anna komposterbart	5,7	25,5	31,3
Rest	18,0	42,0	60,0
Trevirke	36,5	36,5	
SUM	185,2	197,7	382,9

Vi ser at matavfall i vekt står for 95,0 kg av totalt 185,2 kg restavfall. Dvs. om lag halvparten i vekt av det som er i behaldaren. Det som elles er mykje av i behaldaren er papp og papir, plast, glas og metall, elektro avfall og tekstilar. Alt finst det innsamlingsordningar for.

Heltne: « Det vert utfordrande med fire dunkar heime»

VØR sitt svar: VØR tilbyr som før høve til å samarbeide om oppsamlingseining, noko mange nyttar seg av. I tillegg tilbyr vi nedgravne avfallsanlegg der det er sameige på minst 20 abonnentar. I Volda har eit sameige i Prestegata nytta seg av dette tilbodet. I Ørsta t.d. Engeset Panorama.

Heltne: «Eg foreslår poseinnsamling med ulik farge»

VØR sitt svar: Dette har vi vurdert. Dette er velprøvd teknologi og nytta i Oslo, i tettaste Bergen, i deler av Tromsø og i Finnmark. I byane fordi det er vanskeleg å handtere mange behaldarar knytt til bustadblokker, gamal busetnad med tronge gater og liknande. Finnmark fordi dei har svært lange reiseavstandar med få abonnentar. Tiltaket reduserer mengda med transport.

Vi rår ikkje til slik løysing utifrå kostnadene med å etablere slikt ettersorteringsanlegg. Kvaliteten på det ein ventar å få inn er i tillegg for dårleg.

Anlegga kostar fleire titals millionar i investering, og har høg driftskostnad. Å levere ut fire ulikt farga posar kvart år, har og sin pris. Kvaliteten er vi mest uroa over. Posar med glas og metall eller matavfall som går sunde, grisar til papiret og plastemballasjen som er i lasten. Glaset skjer sundt og skadar produksjonsutstyret for ettersortering. På synfaring m.a. på plast- gjenvinningsanlegg for plastavfall, har vi sett at meir enn 20 % av papiret og platen som kom inn, gjekk i restavfallet fordi det var tilgrisa av matrestar. Kommunar som har ettersorteringsanlegg, har mellom anna av den grunn, problem med å nå nasjonale krav om gjenvinningsmål. Dei som samlar inn maten for seg, har ikkje dei problema.

2. Innkomen merknad frå Bård og Liv Karin Egset

Bård og Liv Karin Egset: «Vi er kritiske til den hentefrekvensen som det no er lagt opp til.»

VØR sitt svar: Vi vil syne til merknadane som vi gav til Roy Inge Heltne. I tillegg vil vi påpeike følgjande med omsyn til tilgjengeleg behaldarstorleik.

I dag har abonnentane i Volda og Ørsta henting av restavfall inklusiv matavfall annakvar veke av ein 140 l som standard innsamling. Dvs. på ein måned hentar vi restavfall og matavfall på 280 L frå kvar abonnent.

Med forslaget som var ute til høyring, 140 L restavfall ein gang pr. måned og henting av 140 L matavfallsbeholdar kvar andre veke, vert månadsvolum for restavfall og matavfall auka med 50 % til 420 L pr. måned. I tillegg ligg det i forslaget at 240 L vert standard for innsamling av papir, papp, drikkekartong og plastavfall. Opp frå 140 liter med henting kvar tredje veke i dag, til 240 liter med henting kvar fjerde veke.

Dersom tilgjengeleg behaldarvolum skal vere stort nok til alle abonnentar, vil vi kome i ein situasjon der om lag 70% av abonnentane vil ha for mykje plass tilgjengeleg. Det er ikkje samfunnsøkonomisk optimalt, og det vil og vere i strid med forureiningslova sitt råd om å ha differensierte gebyr og leveringsalternativ for alle grupper i samfunnet. Dette vil til dømes råke ei stor gruppe med ein- og to - person husstandar, som då vil få for stor kapasitet. Dette omfattar utifrå befolkningsstatistikk 70 % av dei busette i Volda og Ørsta.


Bård og Liv Karin Egset: «Høyringa gjekk i ferietida.»

VØR sitt svar: Høyringsperioden vart avslutta 25 september i Volda, og forskriftene låg dermed ute til høyring i meir enn tre månadar. Ferietida vart derfor kompensert med fire veker lengre høyringsfrist enn det som er vanleg.

3. *Innkomen merknad frå Eldrerådet.*

Eldrerådet: Matavfallet vert henta kvar veke. Eldrerådet går inn for alternativ 2.

VØR sin kommentar: Dette er ein politisk uttale som vi ikkje finn nokon grunn for å kommentere, utover at Eldrerådet ber om ei innsamlingsordning som gir kr 363,-dyrare gebyr enn alternativet som er tilrådd frå VØR.



Petter Bjørdal

Dagleg leiar

PS 225/17 Orienteringssaker

Barnetrakk med skuleelevar i Volda

ORIENTERINGSSAK FORMANNSKAPET 12.12.2017

Volda kommune held på med rullering av kommuneplanen sin arealdel. I samband med dette arbeidet har det hausten 2017 vore gjennomført barnetrakkregistreringar på tre skular i Volda:

- Bratteberg skule: 5. trinn; 44 elevar
- Øyra skule: 6. trinn; 48 elevar
- Volda ungdomsskule: 9. trinn; 24 elevar

Det var i alt 116 skuleelevar som gjennomførde kartlegginga. Registreringsarbeidet har vore digitalisert i samarbeid med studentar frå studiet “Planlegging og administrasjon” ved Høgskulen i Volda.

Volda kommune er med i prosjektet “Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse”, eit prosjekt i regi av Helsedirektoratet. I dette prosjektet har Volda kommune valt å fokusere på “born og unge” og “medverknad”. Kommunen har også vore opptekne av å kople prosjektet til relevante prosessar og planarbeid. Volda kommune sitt arbeid med barnetråkk hausten 2017 er finansiert av midlar frå Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse-prosjektet. Høgskulen i Volda er også ein tett samarbeidspartnar i dette prosjektet, og på den måten har ein fått høve til å samarbeide med studentar om digitaliseringa av registreringane.

Kva er barnetrakk?

Barnetrakk er ein metode som nyttast for å registrere og kartfeste korleis barn nyttar nærmiljøa og kva dei vil ha annleis. Barnetrakk skapar ein reell dialog mellom skulebarn og lokale mynde, og gir barna eit innblikk i kva kommunal planlegging er. Metoden viser korleis deltaking i planprosessar kan fungere og er ein moglegheit for barn og unge til å delta aktivt i samfunnsutviklinga.

Verdifull informasjon og relevant kunnskap

Born og unge treng miljø som freistar til å opphalde seg ute, til å leike, gå og sykle i kvardagen. Moglegheit for å vere ute i frisk luft og til å kunne vere i fysisk aktivitet er helsefremmande og grunnleggande for born sin utvikling. Barn og unge er ekspertar på fysisk miljø. Dei opplever, ser og nyttar uteromma ofte på ein meir mangfaldig måte enn vaksne. I byar og tettstader er det ofte kamp om areala. Kunnskap om kvar born og unge oppheld seg og korleis dei nyttar areala kan vere viktig argumentasjon i arbeidet med å ta vare på leike- og aktivitetsområde i sentrale strom.

I arbeidet med å utvikle gang- og sykkelnettverk er det ein fordel å snakke med dei som nyttar gang- og sykkelnettverket i kvardagen. Born og unge er ein gruppe av befolkninga som ofte går og sykklar mykje, og som sit inne med kunnskap om korleis det er å ferdast i lokalmiljøet. Dei har oppdatert kunnskap om kvar det er attraktivt å ferdast, kvar det er skummelt eller farleg og kva ein kan gjere for å legge betre til rette for mjuke trafikantar.

Mål med arbeidet

Ein har definert fylgjande mål for arbeidet:

- Få auka kunnskap om born og unge sin bruk av areal i Volda sentrum.
- Gi born og unge moglegheit til å delta i samfunnsutviklinga.
- Få erfaringar med korleis ein kan legge til rette for at born og unge kan delta i planleggingsprosessar.
- Nytte innsamla kunnskap til å utvikle sunne og inkluderande oppvekstmiljø og andre mål i kommuneplanen sin samfunnsdel, jmf. kap. 2.2.

Dokumentet skal ligge til grunn for kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar. Det skal også gje føringar for kommunen sin trafikktryggingssplan og i handsaming av enkeltsaker.

Rapport

Registreringane frå dei ulike skulane er digitalisert og anonymisert. Hovudfunn er presentert i vedlagt rapport. Utdrag hovudfunn:

- Området ved **Årneset og Rotevatnet** er eit område med mykje aktivitet og er det området som er markert med flest hjarter i dette registreringsarbeidet.
- Området rundt **stadion** med Mørehallen, skateparken og fotballbanen er det området som har fått nest flest registreringar.
- **Leikeplassen i Rådhusparken** er ein viktig møteplass. Her er det “fint å leike med venar”. Saman med biblioteket er dette eit mykje nytta område på fritida.
- Andre viktige område: Munken, Voldahallen, sentrumsområdet, grindaløda og jungelen, fotballbanen og klinkekulebanen knytt til Øyra skule.
- Krysset ved **Vikebygdvegen – Årnesvegen** trekkast fram som eit skummelt eller farleg område, og skuleelevar ynskjer seg overgangsfelt her.
- **Elvadalen** vert også markert som eit skummelt område, spesielt knytt til ein undergang. Dårleg belysning i Elvadalen går igjen som kommentar.
- **Rundkøyringa** på E39, mellom Vikebygdvegen og Sjukehusvegen er markert som eit skummelt/ farleg område med mykje bilar.
- **Sjukehusvegen** er markert som eit område med mykje trafikk, og mange elevar kommenterar at det manglar fortau.
- Andre skumle/farlege strekningar er Kleppevegen, Smalebakken, Skjervavegen, E39 nord for ferjekaia og Porsemyrvegen.
- Ved å studere kommentarane knytt til skumle/farlege område i ein heilskap er det tiltaka **“belysning”** og **“gangfelt”** som går igjen flest gongar.
- Elles kan ein ved å studere registreringskartet sjå at skuleelevane ikkje alltid fylgjer bilvegane; snarvegane i områda også er viktige ferdselsårar. Kommentrar knytt til snarvegar handlar ofte om belysning eller måking om vinteren.

Vedlegg:



- Vedlegg 1: Rapport: «Bornetrakk, registrering av born og unge sin bruk av areal i Volda»
Vedlegg 2: Registreringar vist i kart og tabell



BORNETRAKK

Registrering av born og unge
sin bruk av areal i Volda

Hausten 2017



1 INNHALD

1	INNHALD	s. 2
2	INNLEIING OG BAKGRUNN	s. 3
2.1	Innleiing	s. 3
2.2	Føringar i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel	s. 3
2.3	Mål med arbeidet	s. 3
2.4	Born og unge sine interesser i arealplanlegging	s. 4
2.5	Demokratiopplæring	s. 5
2.6	Verdifull informasjon og relevant kunnskap	s. 5
3	METODE	s. 6
3.1	Om metoden barnetråkk	s. 6
3.2	Gjennomføring	s. 6
4	RESULTAT OG ANALYSE	s. 9
4.1	Hovudfunn: aktivitetsområde og område skuleelevane likar	s. 10
4.2	Hovudfunn: skumle eller farlege område	s. 10
4.3	Hovudfunn: vegar og hovudruter	s. 11
4.4	Innspeil til vidare arbeid	s. 12
5	METODESPØRSMÅL	s. 14
6	AVSLUTNING	s. 14
7	VEDLEGG	s. 15
8	KJELDER	s. 15



2 INNLEIING OG BAKGRUNN

2.1 Inneliing

Volda kommune held på med rullering av kommuneplanen sin arealdel. I samband med dette arbeidet har det hausten 2017 vore gjennomført barnetrakkregistreringar i Volda. Arbeidet har vore utført med skuleelevar på Bratteberg skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule. Registreringsarbeidet har vore digitalisert i samarbeid med studentar frå studiet “Planlegging og administrasjon” ved Høgskulen i Volda.

Volda kommune er med i prosjektet “Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse”, eit prosjekt i regi av Helsedirektoratet. I dette prosjektet har Volda kommune valt å fokusere på “born og unge” og “medverknad”. Kommunen har også vore opptekne av å kople prosjektet til relevante prosessar og planarbeid. Volda kommune sitt arbeid med barnetrakk hausten 2017 er finansiert av midlar frå Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse-prosjektet. Høgskulen i Volda er også ein tett samarbeidspartnar i dette prosjektet, og på den måten har ein fått høve til å samarbeide med studentar om digitaliseringa av registreringane.

Arbeidet har vore leia av Regine Solberg Aklestad, planleggar frå sektor for utvikling. Kjersti Straume har vore kontaktlærer for studentane på høgskulen.

2.2 Føringar i kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel

I kommuneplanen sin samfunnsdel står det at kommunen har som mål at “utslepp frå transportsektoren skal reduserast og fleire skal reise med miljøvennleg transport”. To av strategiane til dette målet er å:

- Stimulere til at fleire går, sykklar og nyttar kollektivtransport til arbeid, barnehage, skule og andre aktivitetar.
- Utvikle trygge, samanhengande, finmaska og attraktive gang- og sykkelveggar.

Eit anna mål i samfunnsdelen er at “barn og unge i Volda skal ha eit oppvekstmiljø som motverkar psykiske vanskar og andre livstilssjukdommar”, der tre av strategiane er:

- Tilby sunne og inkluderande oppvekstmiljø som gir barn og unge høve til å oppleve meistring, og utvikle sine eigne evner, interesser og sjølvbilete.
- Legge til rette for meir fysisk aktivitet i barnehage, skule og buområda.
- Legge til rette for gode og trygge tilkomstlar til barnehagar, skular, fritidsarenaer, natur- og friluftslivsområde.

Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel inneheld mellom andre fylgjande to arealstrategiar:

- Legge til rette for reduksjon av klimagassutslepp knytt til transport ved å gjere kollektivtilbod, sykkel og gange meir attraktivt.
- Sikre gode trafikale forhold i bustadområda og vektlegge gang- og sykkelveggar som sikrar trygg ferdsel for barn og unge.

I planprogrammet står det også at det er behov for ein registrering av barn og unge sin bruk av areal i Volda sentrum og Mork.

2.3 Mål med arbeidet

Ein har definert fylgjande mål for arbeidet:

- Få auka kunnskap om born og unge sin bruk av areal i Volda sentrum.
- Gi born og unge moglegheit til å delta i samfunnsutviklinga.
- Få erfaringar med korleis ein kan legge til rette for at born og unge kan delta i planleggingsprosessar.
- Nytte innsamla kunnskap til å utvikle sunne og inkluderande oppvekstmiljø og andre mål i kommuneplanen sin samfunnsdel, jmf. kap. 2.2.

Dokumentet skal ligge til grunn for kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar. Dokumentet skal også gje føringar for kommunen sin trafikktryggingssplan og i handsaming av enkeltsaker.

2.4 Born og unge sine interesser i arealplanlegging

Born og unge har ikkje same rettar som vaksne i formell forstand. Dei vert ikkje varsla som grunneigarar eller naboar, og kan ikkje alltid sjølv formulere eller ta opp sine krav. Dei har heller ikkje økonomiske ressursar. Jo yngre borna er, desto meir avhengig er dei av at dei vaksne tek i vare deira behov.

Miljø- og utviklingsminister Erik Solheim skreiv fylgjande i eit brev til kommunane, fylkesmennene og fylkeskommunane i 2008:

«Hvordan det er der barn vokser opp er avgjørende for deres mulighet for en trygg oppvekst, motorisk utvikling og god helse. Å planlegge for et samfunn der trygge oppvekstmiljø har gode møtesteder, muligheter for lek, og aktivitetsfremmende omgivelser er noe av det viktigste vi kan gjøre. Barns hverdag blir mer og mer stillesittende. Manglende fysisk aktivitet gir uheldige konsekvenser for stadig flere barn og unges helse. Å skape omgivelser som gir rom for fantasibasert lek, samvær og fysisk utfoldelse blir stadig viktigere.»

Omsynet til born og unge er nedfelt i fleire lovar og retningslinjer:

Kongeriket Noregs grunnlov

I Noregs grunnlov står det i § 104: "Born har krav på respekt for menneskeverdet sitt. Dei har rett til å bli høyrde i spørsmål som gjeld dei sjølv, og det skal leggjast vekt på meininga deira i samsvar med alderen og utviklingssteget."

FN sin barnekonvensjon

FN sin barnekonvensjon vart ratifisert av Noreg i 1991. I barnekonvensjonen artikkel 12 står det at "Barnet har rett til å seie meininga si i alt som kjem det ved, og barnet sine meiningar skal det leggjast vekt på."

FN sin barnekonvensjon er særskild relevant for kommunal sektor fordi kommunale beslutningar og prioriteringar ofte får direkte betydning for barn og unge.

Plan- og bygningslova

I formålsparagrafen til plan- og bygningslova står det at «Prinsippet om universell utforming skal ivaretas i planleggingen og kravene til det enkelte byggetiltak. Det samme gjelders hensynet til barn og unges oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgivelsene.» Vidare står det i § 5-1 at "Kommunen

har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge. Grupper og interesser som ikke er i stand til å delta direkte, skal sikres gode muligheter for medvirkning på annen måte."

Rikspolitiske retningslinjer

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke born og unge sine interesser i planlegginga gir konkrete kvalitets- og funksjonskrav til dei areala som vert satt av til born og unge. Utdrag frå retningslinjene:

- *Kommunen skal organisere planprosessen slik at synspunkter som gjelder barn som berørt part kommer fram og at ulike grupper barn og unge selv gis anledning til å delta.*
- *Arealer og anlegg som skal brukes av barn og unge skal være sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare.*
- *Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning. Erstatning skal også skaffes ved utbygging eller omdisponering av uregulert areal som barn bruker som lekeareal.*



FN sin barnekonvensjon vernar rettigheter som til dømes retten til liv og helse, forbod mot tortur og umenneskeleg behandling, retten til privatliv, tanke- og religionsfridom, forsamlingsfridom, vern mot forskjellsbehandling, reglar om fridomsberøvelse og rettargang under straffesak. Biletet over er henta frå www.unicef.no/barnekonvensjonen



2.5 Demokratiopplæring

Barnetråkk er eit praktisk døme på korleis born og unge kan delta i planprosessar. Metoden konkretiserer korleis born kan vere med på å si korleis dei har det i lokalsamfunnet og kva dei ynskjer for framtida. Metoden kan vere med på å bevisstgjere borna om korleis dei nyttar staden dei bur på, og borna får øving i å ha meiningar om lokalsamfunnet sitt. I tillegg gir metoden planleggarar frå kommunen høve til å møte elevar og lærarar, og skaper ein reell dialog mellom dei.

2.6 Verdifull informasjon og relevant kunnskap

Born og unge treng miljø som freistar til å opphalde seg ute, til å leike, gå og sykle i kvardagen. Moglegheit for å vere ute i frisk luft og til å kunne vere i fysisk aktivitet er helsefremmande og grunnleggande for born sin utvikling. Barn og unge er ekspertar på fysisk miljø. Dei opplever, ser og nyttar uteromma ofte på ein meir mangfaldig måte enn vaksne. I byar og tettstader er det ofte kamp om areala. Kunnskap om kvar born og unge oppheld seg og korleis dei nyttar areala kan vere viktig argumentasjon i arbeidet med å ta vare på leike- og aktivitetsområde i sentrale strom.

I arbeidet med å utvikle gang- og sykkelnettverk er det ein fordel å snakke med dei som nyttar gang- og sykkelnettverket i kvardagen. Born og unge er ein gruppe av befolkninga som ofte går og sykklar mykje, og som sit inne med kunnskap om korleis det er å ferdast i lokalmiljøet. Dei har oppdatert kunnskap om kvar det er attraktivt å ferdast, kvar det er skummelt eller farleg og kva ein kan gjere for å legge betre til rette for mjuke trafikantar.

3 METODE

3.1 Om metoden "Barnetråkk"

Barnetrakk er ein metode for medverknad og betre planlegging for born og unge. Barn og unge veit sjølv best kva område dei nyttar i kvardagen. I ein barnetrakkregistrering registrerer born og unge sjølv skole- og fritidsvegar, områdar for opphald og leik og stader dei likar eller mislikar.

Metoden skal bidra til ein reell moglegheit for medverknad i utvikling av nærmiljøa. For borna som er med er dette viktig demokratiopplæring, og kan styrke borna sin ansvarskjensle, deltaking og identitet til staden. Metoden gir born og unge auka forståing for sine omgjevningar og kan gje dei større bevisstheit rundt tema som skulevegar, trafikktrygging og leike- og aktivitetsområde.

Barnetråkkmetodikken har vore i bruk i arealplanlegging sidan 1993. Metoden vart vidareutvikla som digitalt verkty i 2005, og i 2014 lanserte DOGA ein fornya digital versjon av verktyet.

Barnetråkk-verktyet lar born fortelje planleggarar, kommunen og lokalpolitikarar korleis dei nyttar nærmiljøa sine og kva dei vil ha annleis.

3.2 Gjennomføring

Alle rektorane på skulane i Volda kommune vart kontakta før sommaren, med førespurnad om skulen ville vere med på barnetrakk. Tre av skulane hadde høve til å gjennomføre barnetråkk hausten 2017. Rektorane ved dei tre skulane vart bedd om å finne ein kontaktperson frå kvar skule. Då kontakten med kontaktpersonen vart oppretta vart det avtalt tidspunkt for gjennomføring. Det vart ikkje innhenta samtykke frå føresette da registreringane skulle anonymiserast i etterkant. Elevane skulle ikkje førebu noko på førehand.


Registreringa vart gjennomført i august og september 2017. Tre skular i Volda var med på kartlegginga;

- Bratteberg skule: 5. trinn; 44 elevar
- Øyra skule: 6. trinn; 48 elevar
- Volda ungdomsskule: 9. trinn; 24 elevar

Det var i alt 116 skuleelevar som gjennomførde kartlegginga.

Registreringsarbeidet vart leia av planleggar frå kommunen. Planleggaren heldt fyrst ein kort presentasjon og fortalde om bakgrunn, metode og kva registreringane skulle nyttast til vidare. Flyfoto og kartutsnitt vart vist fram på stor skjerm, og ein nytta litt tid på å verte kjend med kartet.

Etter presentasjonen fekk skuleelevane utdelt kvar sine kart og fargeblyantar. Kartutsnitt viste skulekrinsen, og karta var difor forskjellige frå skule til skule. Volda ungdomsskule fekk utdelt kart over heile Volda tettstad, medan karta utdelt på Bratteberg og Øyra skule viste mindre område. Dei ulike kartutsnitt er vist i figur 1, 2 og 3.



Figur 1: Kart utdelt på Bratteberg skule.



Figur 2: Kart utdelt på Øyra skule.



Figur 3: Kart utdelt på Volda ungdomsskule.

Elevane på Bratteberg skule satt saman to og to, medan skuleelevane på Øyra skule og Volda ungdomsskule arbeida med kvar sine kart. Skuleelevane vart bedt om å registrere:

- Vegar til skule, aktivitetar eller vener (blå fargeblyant)
- Område til opphald, leik, aktivitetar:
grøn sirkel: sommaraktivitet
● blå sirkel: vinteraktivitet
- Snarvegar (lilla fargeblyant)
- ♥ Stader som er gode (raudt hjarte)
- Stader som er skumle/dårlege (raudt kryss/strek)

Elevane vart også bedt om å skrive kommentarar knytt til områda, snarvegane og stader som dei likte eller mislikte. Skuleelevane frå Volda ungdomsskule skreiv kommentarar inn i ein kommentar-tabell på eit eiga ark, medan barneskuleelevane skreiv kommentarar direkte på kartet. Både planleggar og lærarar gjekk rundt i klasserommet, gav rettleiing og svarte på spørsmål. Registreringsarbeidet tok to skuletimar.


Digitaliseringa av registreringane vart gjort i samarbeid med studentar frå Høgskulen i Volda. I oktober hadde planleggar frå kommunen ein forelesning om medverknad og barnetrakk-metoden i faget «Arealplanlegging og GIS» (IPA173). Etter forelesninga vart studentane delt i grupper på to og to. Kvar gruppe fekk utdelt om lag fem registreringskart kvar, som dei skulle registrere i det digitale Barnetrakk-verktyet. Alle registreringane vart samla i eit felles kart. I denne prosessen vart registreringane anonymisert for å ikkje kunne sporast tilbake til enkeltpersonar.

I etterkant har kartmaterialet vore studert, tolka og analysert av planleggar frå kommunen. Kapittel 4 Resultat og analyse inneheld hovudfunn og oppsummering av gjentakande moment.

4 RESULTAT OG ANALYSE

Registreringane frå barneskuleelevane er digitalisert og tilgjengelege ved innlogging i Barnetråkk-databasen. Desse data er lasta ned og lagra i kommunen sin database. I dette kapittelet har ein forsøkt å gå gjennom registreringane, og lage ei oversikt over hovudfunn og oppsummering av gjentakande moment.

I arbeidet med å analysere data er det laga eit kart med tabell. Kartet er vist i figur 4. Tabellen tilknytt kartet ligg i vedlegg 1. Kartet og tabellen er laga for å samle og tolke registreringane, og for å undersøkje om fleire elevar har registrert det same. Tabellen er ikkje ei fullstendig oversikt over elevregistreringane. Registreringar knytt til private bustadhus eller private hagar er til dømes ikkje tatt med. Det er lagt vekt på å ta med område og stader med offentleg interesse, og stader der fleire har registrert det same. Kommentarfelta i tabellen inneheld ei samanstilling og oppsummering av elevkommentarane.



Figur 4: Hovudfunn vist i kart. Aktivitetsområde og område borna likar er markert med grønt. Farlege eller skumle område er markert med raudt. Sjå tabell i vedlegg 1 for meir informasjon om dei enkelte registreringane.


4.1 Hovudfunn: aktivitetsområde og område skuleelevane likar

- Området ved **Årneset og Rotevatnet** er eit område med mykje aktivitet og er det området som er markert med flest hjarter i dette registreringsarbeidet. Aktivitetar som nemnast i tilknytning til området er bading, volleyball, vere ute med båt, møte venar, skøyter på vatnet om vinteren og aking. Området nyttast både om sommaren og om vinteren.
- Området rundt **stadion** med Mørehallen, skateparken og fotballbanen er det området som har fått nest flest registreringar. Området er i bruk både sommar og vinter. Her er fotball, leik, skating og vere med vener aktivitetar som går igjen.
- **Leikeplassen i Rådhusparken** er ein viktig møteplass. Her er det “fint å leike med venar”. Saman med biblioteket er dette eit mykje nytta område på fritida.
- **Munken** er eit aktivitetsområde hovudsakeleg om sommaren. Her er grilling, utsikt, bading og vere med venar kommentarar som går igjen.
- **Voldahallen** er eit viktig aktivitetsområde.
- **Sentrumsområdet** i Volda har mange registreringar, og Spinneriet og Naustet er viktige målpunkt i sentrum. Også matbutikkar er målpunkt som er trekt fram.
- **Jungelen, fotballbanen og klinkekulebanen** utanfor Øyra skule er eit viktig aktivitetsområde. Andre uteområde i tilknytning til skular og barnehagar er også område som vert nytta på fritida; område som går igjen i registreringane er Oppigarden barnehage, Rotset barnehage, Bratteberg skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule.
- **Grindaløda** er markert med mange hjarter, og “fin utsikt” er kommentar som går igjen her.

4.2 Hovudfunn: skumle eller farlege område

- Krysset ved **Vikebygdvegen – Årnesvegen** trekkast fram som eit skummelt eller farleg område, og skuleelevane ynskjer seg overgangsfelt her. Elevane går her når dei skal ned til Årneset, eller vidare mot stadion.
- **Elvadalen** vert også markert som eit skummelt område. Registreringane er plassert litt ulike stader i Elvadalen, men hovudtyngda er plassert ved ein undergang, og ved ei bru over Øyraelva. Mange elevar nyttar stien og kryssar Øyraelva her på veg til og frå skulen. Av kommentarane er det det at det er mørkt å skummelt å gå som går igjen; både kveldstid, men også vinterstid på veg til og frå skulen.
- **Rundkøyvinga** på E39, mellom Vikebygdvegen og Sjukehusvegen er markert som eit skummelt/farleg område med mykje bilar.
- **Sjukehusvegen** er markert som eit område med mykje trafikk, og mange elevar kommenterar at det manglar fortau.
- **Kleppevegen** er markert som ein skummel/farleg strekning med mykje trafikk og høg hastigheit på bilane. Svingen/avkøyrsla frå Engesetvegen er markert som eit problematisk kryss der bilane køyrer inn på det som skal vere fortau.
- **Smalebakken** er markert som eit område der det er skummelt å gå.
- Fleire har peika på at det burde vore overgangsfelt ved **idrettsbygget og VGS** (Skjervavegen).
- **E39 nord for ferjekaia** er markert som ein farleg eller skummel strekning med mykje trafikk. Her manglar det fortau eller gang- og sykkelveg.
- **Porsemyrvegen** er markert som ein skummel eller farleg strekning med dårleg belysning.
- Ved å studere kommentarane i ein heilskap er det tiltaka “**belysning**” og “**gangfelt**” som går igjen flest gongar.

4.3 Hovudfunn: vegar og hovudruter



Figur 5: Registrerte vegar i Barnetråkk-databasen.


Figur 5 viser kart frå Barnetråkk-databasen, med registrerte vegar. Kartet inkluderer både skulevegar og vegar som nyttast på fritida. Elevane vart bedd om å registrere vegar som dei går eller sykklar, ikkje strekningar dei vert køyrd. I denne figuren er kartlagde strekar samla i eit kart, og tykkelsen på strekane synleggjer kva strekningar som vert mykje nytta.

Figur 6 viser same kartet, men her har ein markert hovudferdselsårane med raude strekar.

Skulane (Bratteberg skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule) er viktige målpunkt, og ein kan sjå at jo nærare ein kjem desse målpunkta, jo tykkare vert strekane. Både Årneset og stadion er viktige målpunkt på fritida. Desse områda ligg i nærleiken av kvarandre, og også dette området er mykje trafikkert av mjuke trafikantar. Figuren viser at rundkøytinga og området rundt den er mykje nytta av skuleelevane. Det kan sjå ut som om Vikebygdvegen er ein viktig ferdelsåre. Strekninga forbi Grindaløda er ein mykje nytta strekning. Snarvegen gjennom høgskulen (og Berte Kanutte-huset) er ein mykje nytta strekning. Ein

ser også at friområdet langs Håmyrelva er ein viktig transportåre for mjuke trafikantar. Røysbakken, Porsemyrvegen og Skjervavegen er viktige ferdelsårar mot sentrum.

Elles kan ein ved å studere dette kartet sjå at skuleelevane ikkje alltid fylgjer bilvegane. Dette kartet viser at snarvegane i områda også er viktige ferdelsårar. Elevane sine kommentarar knytt til snarvegane inneheld opplysningar om snarvegar som burde vore belyst, som ikkje vert brøyta om vinteren, eller som er gjørmete å gå.



Figur 6: Registrerte vegar i Barnetråkk-databasen. Hovudruter er markert med raudt.

4.4 Innspel til vidare arbeid

Det er viktig at dei mest nytta ferdselsårane opplevast trygge og er godt tilrettelagt for mjuke trafikantar. Registreringskarta frå dette arbeidet gjer oss informasjon om kvar born og unge faktisk går og sykklar, og ein kan sjå at dette ikkje alltid er langs dei same trafikkårane som bilane nyttar. For gåande og syklande er avstand ein viktig faktor, og snarvegane i bustadområda gjer gang- og sykkelnettet meir effektivt og attraktivt.

Ved å studere kommentarar knytt til skumle/farlege område er det tiltaka "belysning" og "gangfelt" som går igjen flest gongar. Mange kommenterer at strekningar er mørke og skumle å gå om vinteren eller kvelden. Elevane har også konkrete framlegg til stader dei skulle ynskje det var gangfelt. Det kan virke som at meir belysning og fleire gangfelt er viktige tiltak for å gjere skule- og fritidsvegane tryggare og meir attraktive for elevane.

Tabellen i figur 7 inneheld innspel til kommuneplanen sin arealdel og til trafikktryggingsplanen. Nokre av tiltaka og innspela er henta direkte frå skuleelevane sine egne kommentarar. Andre innspel er laga med utgangspunkt i analysen av dei viktigaste ferdselsårane inkludert informasjon om viktige møtepunkt. Tiltaka er ikkje gjennomgått i detalj, og det er naudsynt med nærare vurderingar ved konkretisering av tiltaka (ev. inkludert undersøkingar i felt).

Tiltak/innspel:	Kommentar/skildring:	Innspel til:
Gangfelt i krysset ved Vikebygdvegen – Årnesvegen		Trafikktryggingsplanen
Vurdere gangfelt og trafikktryggingstiltak ved idrettsbygget og VGS.		Trafikktryggingsplanen
Fortau langs Sjukehusvegen.		Trafikktryggingsplanen
Fortau/gang- og sykkelveg langs E39 nord for ferjekaia.	Betre tilkomst til mellom andre til Munken.	Trafikktryggingsplanen
Belysning i Elvadalen.	Alle stiane i Elvadalen bør verte belyst.	Trafikktryggingsplanen
Belysning langs snarvegar.		Trafikktryggingsplanen
Belysning i Porsemyrvegen.		Trafikktryggingsplanen
Belysning ved Smalebakken, inkludert langs snarvegane i området.		Trafikktryggingsplanen
Generell gatebelysning i bustadområde.		Trafikktryggingsplanen
Snarvegar i friområde som vert mykje nytta bør opparbeidast med grus eller asfalt.	Kommentarar knytt til snarvegane viser at nokre av dei er gjørmete å gå på etter regnver eller dei er attgrodd om sommaren.	Trafikktryggingsplanen
Skilting av snarvegar	Skilting av snarvegar vil gjere dei meir tilgjengelege og synlege	Trafikktryggingsplanen
Gode løysingar for gåande og syklende i/ved rundkøyring på E39		Arealdelen
Tiltak for å redusere fart på bilar i Kleppevegen, t.d. fartsgrensejustering.		Trafikktryggingsplanen
Sette ut kassar med strøsand	Nokre kommentarar går på at det er glatt om vinteren. Langs bratte snarvegar eller andre gang- og sykkelvegar kunne det vore sett ut kassar med strøsand.	Trafikktryggingsplanen
I nye bustadområde bør ferdselsårar for gåande og syklende vurderast isolert.	Gåande og syklende går ikkje alltid langs bilvegane, men nyttar snarvegar der det er mogleg. I reguleringsplanar for nye bustadområde bør ein vurdere ferdselsårar for gåande og syklende isolert, og legge til rette for effektive snarvegar/gang- og sykkelvegar uavhengig av kvar bilvegane går.	Arealdelen

Figur 7: Tabellen syner innspel til trafikktryggingsplanen og kommuneplanen sin arealdel.

5 METODESPØRSMÅL

Gjennomføringa vart gjort med skuleelevar i forskjellige klassetrinn. Dei yngste elevane nytta lengst tid på å orientere seg og forstå kartet. Dei yngste elevane skreiv også få kommentarar. Når ikkje det er registrert kommentarar til registreringane kan det vere vanskeleg i etterkant å vite kva registreringa betyr i praksis.

Ei mogleg feilkjelde er at elevane har teikna feil på kartet (markert feil område, eller andre vegar enn dei faktisk nyttar i det daglege). Det kan også hende elevane ikkje har vore presise nok i markeringane, og at markeringane har vore tolka feil. Ei anna feilkjelde kan også vere at elevane har gløymt å markere viktige område. Det at eit område ikkje er markert på kartet betyr ikkje at elevane ikkje nyttar dette området på fritida. Elevane hadde ikkje førebudd noko på førehand, og det kan hende resultatet hadde vore annleis om dei var meir førebudd, og hadde hatt anledning til å tenkje gjennom problemstillingane på førehand.

Elevar på Bratteberg skule arbeida to og to. Det betyr at registreringar frå to elevar nokre stader berre visast som ein på kartet. (Til dømes viss det er registrert eit hjarte på ein badeplass, skulle det kanskje vore to hjarter der dersom begge elevane var einige om dette hjartet.) Dette er ein svakheit med registreringane.

Registreringane vart seinare digitalisert av studentar frå høgskulen. Studentane vart bedd om å vere nøyaktige, og registrere akkurat det same som skuleelevane hadde gjort på kartet (bortsett frå at registreringane skulle anonymiserast). Dette kan likevel vere ein feilkjelde, dersom studentane til dømes har gløymd å få med nokre av registreringane eller kommentarane til skuleelevane. Kommentarene kan vere tolka feil, eller registreringane kan ha vore plassert på feil stad. Det kan også vere at studentane ikkje har vore nøyaktige nok i digitaliseringa, og at områda er markert feil.

6 AVSLUTNING

Når ein skal arbeide for å gjere det meir attraktivt å gå eller sykle er det ein fordel å snakke med dei som allereie går og sykklar i områda. Born og unge i Volda er av dei som har mest kunnskap om korleis det er å gå og sykle i området. Dei kjenner til snarvegane og dei effektive gangrutene, dei veit kvar det er ekkelt å krysse vegane og dei veit kvar det burde vore meir belysning. Saman med informasjon om målpunkt og registreringar av viktige ferdselsårar er dette ein god hjelp for kommunen i arbeidet med å planlegge og prioritere tiltak.

Bruken av nærområda varierer frå år til år. Viktige målpunkt kan flytte på seg (til dømes viss det byggast ein ny skule eller svømmehall i området). Nye bustadfelt skapar nye viktige ferdselsårar. Ein vil difor anbefale å gjennomføre barnetrakk med jamne mellomrom, så ein har ferske data å arbeide med. Som nemnd i kapittel 5 metodespørsmål kunne ein truleg fått meir informasjon frå elevane om dei hadde vore meir førebudd. Både digitalisering og tolking av data kan også innehalde feilkjelder. Men jo fleire registreringar ein har, jo betre bilete får ein

av bruken av området. Ved å registrere barnetrakk med skuleelevar med jamne mellomrom, og samle saman data, styrkar ein kvaliteten på materialet. Talet registreringar kan gjere både politikarar og administrasjonen tryggare på kvar det er viktig å prioritere å gjere tiltak.

I dette registreringsarbeidet var det eit stort område som vart registrert, og mange detaljar kan ha vore oversett. I arbeid med mindre områdeplanar eller reguleringsplanar vil det vere ein fordel å gjennomføre nye barnetrakkregistreringar for å få fram fleire detaljar knytt til det aktuelle området. Da kan ein også diskutere heilt konkrete problemstillingar og framlegg til tiltak med elevane.

7 VEDLEGG

Vedlegg 1: Registreringar vist i kart og tabell.

8 KJELDER

Barnetråkk:

www.barnetrakk.no

Barnetråkk Veileder 2010:

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/MD/Bilder/Planlegging/Veiledere/barn/barnetrakk_2010.pdf

FN sin barnekonvensjon:

<https://www.unicef.no/barnekonvensjonen>

Kongeriket Noregs grunnlov:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn>

Plan- og bygningslova:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>

Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rikspolitiske-retningslinjer-for-a-styrk/id519347/>

T-2/08 Om barn og planlegging (inkludert rundskriv frå Erik Solheim):

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/t-2-08/id516949/>

Volda kommune sine heimesider:

volda.kommune.no

Volda kommune sin kommuneplan, samfunnsdelen:

<https://www.volda.kommune.no/plan/samfunnsdel/>

Volda kommune, planprogram arealdelen:

<https://www.volda.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=18&Filld=4556>



Volda kommune
Stormyra 2
6100 Volda
postmottak@volda.kommune.no



Registreringar vist i kart og tabell

Barnetrakk Volda sentrum, hausten 2017


Registreringar frå Bratteberg skule, Øyra skule og Volda ungdomsskule hausten 2017, samla i tabell. Tabellen er laga for å samle og tolke registreringane, og for å undersøkje om fleire elevar har registrert det same. Tabellen er ikkje ei fullstendig oversikt over elevregistreringane. Registreringar knytt til private bustadhus eller private hagar er til dømes ikkje tatt med. Det er lagt vekt på å ta med område/stader med offentleg interesse, og stader der fleire har registrert det same. Kommentarfelta i tabellen inneheld ei samanstilling/oppsummering av elevkommentarane.

Tabell 1 er ei samanstilling av område elevane nyttar til aktivitetar og stader dei liker spesielt godt.

- Elevane vart bedt om å markere område dei nyttar på fritida (både sommar og vinteraktivitetar), og skrive kommentarar til områda. Desse registreringane er samla under «Aktivitet», markert med blått i tabellen.
- Elevane var i tillegg bedt om å markere område dei likar spesielt godt med eit raudt hjarte på kartet. Dei kunne også skrive ein kommentar til hjartet, og forklare kva som var spesielt bra med staden. Desse registreringane er samla under «Liker», marker med grønt i tabellen.

Tabell 2 viser områder som opplevast skumle/farlege/dårlege.

- Elevane vart bedt om å markere område som opplevast skumle eller farlege på ei eller anna måte med eit raudt kryss eller raud strek på kartet. Dei skulle også skrive på kommentar til markeringa.



Figur 1: Kartutsnitt med eit utval registreringar

Tabell 1:

Nummer på kart	Namn	Aktivitet			Liker 	
		Aktivitet/oppsummering kommentarar	Årstid	Tal registreringar	Kommentar	Tal registreringar
(Utanfor kartutsnittet)	Munken	Bade, grilling. Svømming. Bade, grille og slappe av. Bading og hygge.	Sommar	9	Fint. Beste badeplassen. Fin utsikt. Bade. Ein fin plass. Munken er ein koseleg plass der ein kan grille, bade og slappe av. Bade og vere med vener.	5
1	Grindaløda			2	God utsikt. Her er fin utsikt og eit fint sted å gå til. Fin utsikt. Stille og rolig.	9
2	Akebakke	Akebakke	Vinter	2		3
3	Voldahallen, fotballbanen, basketballbanen	Handball. Fotball og basketball.	Sommar og vinter	13		
4	Svømmehallen		Sommar	2	Kjekt å bade	2
5	Parken foran Kaarstadbygget (Høgskuleparken)			1	Fint og gøy å leike.	3
6	Jungelen, fotballbanen og klinkekulebana	Jungelen.	Sommar	7		5
7	Øyra skule	Øyra skule; gå på jujitsu-trening. Musikkskule. Piano. Aktivitet.	Sommar og vinter	12	Kjekt å vere på skulen. Gøy. Klasserommet har bra utsikt. Ny-skulen.	5

8	Berte Kanutte		Sommar	3	Høgskulen er fine. Høgskulebygget; stilig, moderne og kult. Høgskuleparken; fin plass å vere.	5
9	Volda ungdomsskule	Aktiviteter sommer. Skule.	Sommar og vinter	4		
10	Europris/Kiwi	Shopping.	Sommar og vinter.	2	Matbutikk. Kiwi. Euroris, godt utval av godteri.	7
11	Circle K.	Bensinstasjon	Sommar.	3		
12	Leikeplass i rådhusparken	Leikeplass. Rådhusparken, treffe venner.	Sommar og vinter	20	Fint å leike med vener. Hyggeleg plass å vere. Møtested. Fin utsikt.	6
13	Biblioteket	Gjøre lekser, slappe av.	Sommar og vinter	8	Free wifi. Data og bøker. Gøy å vere der	6
14	Samfunnshuset	Kinoen. Sjå på film med vener.	Sommar og vinter	5	Godt popcorn. Fin kino.	3
15	Volda sentrum	Gågate	Sommar og vinter	10	God softis. Matbutikk.	8
16	Naustet	Vere med venar, gå på Naustet.	Sommar og vinter	3	God mat. Naustet grill. Verdas beste milkshake med fin utsikt.	6
17	Grøn utfylling ved fjorden				Fin utsikt.	4
18	Utløpet av Øyraelva.		Sommar	1	Ender. Fin utsikt. Fine ender.	4
19	Mega		Sommar og vinter	2		3

20	Spinneriet.	Shopping. Kjøpesenter. Spinneriet. Butikk. Oppholdsplass.	Sommar.	7	God mat. Butikkar. Gøye butikkar.	6
21	Elvadalen	Markane speider	Sommar og vinter	3	Benker og info om gamle bygg.	5
22	Rotset barnehage		Sommar og vinter	3		
23	Stadion	Mørehallen. Skateparken. Fotballtrening og leik. Ballspel. Fotball og møte vener. Stadion, bra anlegg for å spille fotball.	Sommar og vinter.	65	Spele fotball med venner. Stadion, sosialt. Gøy. Liker fotball. Eg likar vere her fordi eg elskar å spele fotball. Gøy med ny bane. Fotball. Gøy å være. Fin utsikt over skog.	24
24	Årneset/Rotevatnet	Bade, volleyball, sosialt. Badeplass. Skøyter om vinteren. Aking om vinteren. Aking. Bade, være med venner. Bade om sommaren eller bare vere der med vener. Koseplass. Gøy å bade og leike. Båt rett over vatnet.	Sommar og vinter.	61	Liker å bade Fint sted. Fin badeplass, fin utsikt. Hyggelig. Eg likar å vere her fordi eg likar å bade. Fin strand. Fin utsikt over naturen. Gøy å bade og gå på skøyter. Fin bade/leikeplass	32
25	Kiwi		Sommar	2	Bra tilbod	2
26	Spar		Sommar	2	Ein god matbutikk	2
27	Sjukehusparken		Sommar og vinter	2		1
28	Oppigarden barnehage	Leike, vere med vener	Sommar	6		3
29	Grønbakken			1	Fin utsikt	2

30	Bratteberg skule	Tar med besøk hit.	Sommar	1		2
31	Heltne	Ake	Vinter	3		
32	Botnasanden	Bade om sommaren eller bare vere der med familie og vener. Svømming, bade.	Sommar	2		1

Tabell 2:

Misliker			
Nummer på kart	Namn	Kommentar	Tal registreringar
A	E39 nord for ferjekaia	Ikkje fortau å gå på. Biler i høg fart, ingen fortau. Vanskeleg å kome til Munken når du går. Mykje trafikk, manglar gang- og sykkelveg.	4
B	Engesetvegen	Ser ikkje når det kjem bil	2
C	Svingen rundt løda	Vanskeleg å gå når det kjem bilar. Skummel og uoversikteleg. Burde ha overgangsfelt.	2
D	Kleppevegen	Glatt. Biler køyrar fort. Skummel sving (frå Engesetvegen). Mange bilar som køyrar veldigfort og svingar inn på det som skal vere fortau.	5
E	Snarvei; Gamletunvegen – Kapteinsvegen – Øvrevegen	Gjennomgrodd, gjørmete og bratt.	2
F	Svarvei Rognelida	Blir ikkje måka om vinteren lenger, og vi blir våte på beina før vi kjem på skulen.	1
G	Fotballbanen	Skumle vidaregåandefolk her. Russ som køyrer fort.	4

H	Kryss Kårstadvegen – Skjervavegen – Engesetvegen – Fjellvegen	Trenger overgangsfelt mellom idrettsbygget og VGS	4
I	Skjervavegen	Mykje trafikk	3
J	Porsemyrvegen	Dårlig belysning. Vokser gress og asfalt bryter frå kvarandre.	8
K	Kryss E39 – Ristevegen	Ikkje gangfelt. Skummelt å gå over. Langt å gå til gangfelt.	2
L	Ristevegen	Det er mange lastebilar som køyrer alt for fort.	3
M	Elvadalen ved Kvernabakken (bru over Øyraelva)	Tagging/mørkt. Elvadalen kan av og til vere ubehageleg å gå. Der er litt mørkt og det gjer det vanskeleg å gå om vinteren, eller seint om kvelden med tanke på det å møte på folk. Mørkt om vinteren. Elvadalen: mørkt, skummelt å gå alene om kvelden.	9
N	Elvadalen (ulike stader)	Mørkt i Elvadalen. Folk sitter og drikker alkohol på benker og i busker.	3
O	Rundkjøyringa	Mykje bilar	7
P	Sjukehusvegen	Vil ha gangfelt. Ikke gangfelt. Lite gangfelt. Mykje trafikk	7
Q	Kløvertunvegen	Mykje trafikk på skulevegen min.	3
R	Smalebakken	Skumle folk.	6
S	Snarvei til Mosevegen	Ikkje noko lys. Mosevegen og over brukar vegen. Ikkje noko lys om kvelden.	2
T	Håmyra	Skummel byggeplass	2
U	Raudemyrvegen	Mørkt om natt og om vinteren. Mørkt, ingen belysning.	3
V	Heltneelva	Utrygg bru	2



W	Kryss Heltnevegen - Vikebygdvegen	Ein stor hekk dekker, slik at bilane som kjem ikkje kan sjå oss og vi kan ikkje sjå dei.	3
X	Kryss Vikebygdvegen – Årnesvegen	Treng overgangsfelt.	10
Y	Årneset	Årneset er ein uhyggeleg plass, mye festing som ender i forsøpling og glass. På Årneset kan det av og til vere litt ubehageleg å vere, det kjem an på kven som er der. Det er også av og til litt rotete.	2

Nesten 1000 færre arbeidslause siste året



– Talet på arbeidslause har gått ned med 966 det siste året. Nedgangen har og vore markant siste månaden. Når vi tek omsyn til vanlege sesongvariasjonar er reduksjonen siste månaden på 136. Dette er noko vi og merker i vårt oppfølgingsarbeid. No er det mangel på arbeidskraft i ein del bransjar. For eksempel innan bygg og anlegg er det blitt meir utfordrande for mange bedrifter å finne kvalifisert arbeidskraft, seier fylkesdirektør Stein A. Veland.

– Samtidig med at talet på arbeidslause går ned er også utviklinga god blant dei som har vore ledige i over 6 månader. Som det går fram av figurane under som viser utviklinga over tid, ser ein at utviklinga dei siste månadane har vært god også blant unge under 30 år, seier Veland.

Utvikling av sesongjustert arbeidsløye:



Utvikling av faktisk arbeidsløye:



I november 2017 er det 3 359 personar heilt utan arbeid i Møre og Romsdal. Det utgjer 2,4 prosent av arbeidsstokken og er ein nedgang i arbeidsløysa på 22,3 prosent frå same månad i fjor.

I november 2017 hadde vi 1152 arbeidssøklarar i ulike arbeidsmarknadstiltak, 198 fleire enn i november 2016. Til saman gjev dette ei brutto arbeidsløye på 4 511 personar i fylket. Arbeidsløysa i Møre og Romsdal er no 1,8 prosent for kvinner og 2,9 prosent for menn.

I landet er det 64 216 heilt arbeidslause. Dette er 2,3 prosent av arbeidsstokken, og er ein nedgang på 17,8 prosent samanlikna med same periode i fjor.

NAV MØRE OG ROMSDAL

Post- og besøksadresse: Gotfred Lies plass 3 // 6415 Molde

Kontaktperson: Fylkesdirektør Stein Veland, tlf. 930 33 656

Neste publisering av statistikk om arbeidsmarknaden: 22. desember 2017

Ved publisering av tall frå denne pressemeldinga skal NAV Møre og Romsdal oppgis som kilde.

Reduksjon blant dei som har vore arbeidslause lenge



Det har dei siste månadane vore ein reduksjon i talet på dei som har vore arbeidslause lenge. Dette gjeld både blant alle heilt ledige og blant dei heilt ledige under 30 år. Den nedste tabellen syner at vi har hatt ei auke siste året blant dei som har vore arbeidssøkarar i over 1,5 år har.

Definisjonar:

Med **langtidsledig** meiner vi ein arbeidslaus som har vore heilt ledig samanhengande i over 6 månadar.

Med **langtidsarbeidssøkar** meiner vi ein arbeidslaus som har vore samanhengande arbeidssøkar i over 6 månadar. Til forskjell frå ein langtidsledig kan denne i 6 månaders-perioden ha vore på arbeidsmarknadstiltak og i forskjellige jobbar(f.eks deltidstilling) men samstundes heile tida stått som arbeidssøkar.

Vi tar med 2 figurar som viser utviklinga sidan 2015 for desse 2 gruppene, samt en tabell som syner utviklinga siste året:



Varighet som arbeidssøkar	nov.16	nov.17
Under 4 uker	697	493
4-12 uker	916	677
13-25 uker	666	537
26-51 uker	961	609
52-77 uker	542	443
78-103 uker	280	287
104 uker og mer	262	313
Totalsum	4324	3359

Tabellen til høgre syner at samtidig som vi har hatt ein reduksjon i talet på arbeidslause som er langtidsarbeidssøkarar så har talet på dei som har vore i arbeidssøkarar i over 1,5 år auka. Spesielt ser vi ei klar auke blant dei som har vore arbeidssøkande i over 2år

**Talet på helt ledige -
November 2017**

Fylke	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstokken	Endring siste mnd	Endring siste år
01 Østfold	2 080	1 832	3 912	2,7 %	-141	-350
02 Akershus	3 348	2 871	6 219	1,9 %	-167	-784
03 Oslo	5 143	4 269	9 412	2,5 %	-418	-1 308
04 Hedmark	922	801	1 723	1,8 %	-7	-207
05 Oppland	840	655	1 495	1,5 %	80	-250
06 Buskerud	1 822	1 385	3 207	2,2 %	-44	-495
07 Vestfold	1 942	1 478	3 420	2,7 %	-69	-401
08 Telemark	1 167	790	1 957	2,3 %	-110	-393
09 Aust-Agder	1 052	638	1 690	3,0 %	-29	-311
10 Vest-Agder	1 475	991	2 466	2,6 %	-70	-696
11 Rogaland	4 903	3 088	7 991	3,1 %	-365	-3 714
12 Hordaland	4 645	2 780	7 425	2,7 %	-22	-1 977
14 Sogn og Fjordane	508	276	784	1,3 %	8	-128
15 Møre og Romsdal	2 214	1 145	3 359	2,4 %	-117	-966
16 Sør-Trøndelag	1 898	1 268	3 166	1,8 %	-136	-680
17 Nord-Trøndelag	773	508	1 281	1,8 %	-22	-136
18 Nordland	1 405	835	2 240	1,8 %	-167	-654
19 Troms	911	490	1 401	1,6 %	-4	-342
20 Finnmark	716	341	1 057	2,6 %	2	-141
99 Ikke i et fylkesdistrikt	6	5	11		2	-8
Riket	37 770	26 446	64 216	2,3 %	-1 796	-13 941

I tabellen under inngår Eide i Romsdal og Sandøy i Sunnmøre

Region	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstokken	Endring siste mnd	Endring siste år
Sunnmøre	1 158	666	1 824	2,3 %	-117	-470
Romsdal	550	255	805	2,4 %	-3	-213
Nordmøre	506	224	730	2,5 %	3	-283
Fylket	2 214	1 145	3 359	2,4 %	117	-966

**Talet på helt ledige –
November 2017**

Kommune	Menn	Kvinner	Sum	I prosent av arbeidsstokken	Endring siste mnd	Endring siste år
1502 Molde	206	97	303	2,1 %	13	-79
1504 Ålesund	345	214	559	2,2 %	-29	-187
1505 Kristiansund	324	132	456	3,7 %	-13	-206
1511 Vanylven	11	5	16	1,0 %	-2	-18
1514 Sande	25	11	36	2,7 %	-1	-13
1515 Herøy	72	64	136	2,9 %	-24	-48
1516 Ulstein	115	61	176	3,8 %	-38	-45
1517 Hareid	76	46	122	4,6 %	7	-18
1519 Volda	53	28	81	1,7 %	-5	-19
1520 Ørsta	93	32	125	2,2 %	-11	-30
1523 Ørskog	16	10	26	2,1 %	5	-2
1524 Norrdal	9	3	12	1,4 %	0	-2
1525 Stranda	30	13	43	1,7 %	1	-28
1526 Stordal	4	6	10	1,9 %	-2	3
1528 Sykkylven	45	19	64	1,5 %	-10	4
1529 Skodje	31	15	46	1,8 %	-5	-11
1531 Sula	55	40	95	2,0 %	-6	-12
1532 Giske	49	35	84	2,0 %	5	-20
1534 Haram	123	58	181	3,7 %	-4	-23
1535 Vestnes	76	32	108	3,1 %	6	-20
1539 Rauma	53	16	69	1,8 %	-5	-45
1543 Nesset	38	9	47	3,1 %	-3	-9
1545 Midsund	14	5	19	1,9 %	-4	-13
1546 Sandøy	6	6	12	1,8 %	2	-1
1547 Aukra	51	20	71	3,9 %	1	10
1548 Fræna	85	57	142	2,7 %	-8	-32
1551 Eide	27	19	46	2,5 %	-3	-25
1554 Averøy	35	26	61	2,0 %	2	-8
1557 Gjemnes	25	7	32	2,4 %	3	-5
1560 Tingvoll	19	11	30	2,0 %	3	8
1563 Sunndal	31	23	54	1,5 %	9	-37
1566 Surnadal	29	8	37	1,2 %	1	-7
1567 Rindal	4	4	8	0,8 %	-3	-4
1571 Halså	11	5	16	2,1 %	4	2
1573 Smøla	5	2	7	0,6 %	-1	-2
1576 Aure	23	6	29	1,6 %	-2	-24
Sum	2 214	1 145	3 359	2,4 %	-117	-966

Fra: Rune Sjurgard[Rune.Sjurgard@volda.kommune.no]
Sendt: 03.12.2017 18:16:39
Til: Sonja Håvik
Tittel: Fwd: Pressemelding arbeidsmarknaden november 2017

Orienteringssak fsk

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Eli Grøtta <eli.grotta@nav.no>
Dato: 01.12.2017 12:22 (GMT+01:00)
Til: "(DG) NAV Ørsta 1520" <DGOOrstaTK1520@adeo.no>
Ko: Knut Åmås <Knut.Amas@orsta.kommune.no>, Wenche Solheim <Wenche.Solheim@orsta.kommune.no>, Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>, Janne Gerd Dagfinrud <Janne.Gerd.Dagfinrud@orsta.kommune.no>, Asbjørn Moltudal <asbjorn.moltudal@volda.kommune.no>
Emne: Pressemelding arbeidsmarknaden november 2017

Hei!

Her kjem oversikt over arbeidsløysa pr. november -17. Som vi ser, er det positiv utvikling både i landet, i fylket og for våre kommuner. Volda har no ei arbeidsløyse på 1,7%, medan Ørsta ligg på 2,2%. Begge kommunene har hatt reduksjon frå førre månad, og ligg under både fylket og landet.

Dette er sjølvstøtt svært positivt, og ein situasjon vi må dra nytte av i vårt oppfølgingsarbeid! Minner om våre satsingsgrupper (ungdom, flyktingar og langtidsledige), og at oversikten i Modia vert nytta til å skaffe oversikt over, og prioritering av, saker og brukarar.

Minner også om ungdomsgarantien (evt. ny behovsvurdering etter 8 veker/tilbod om tiltak), og at det kanskje må stillast meir krav om aktivitet for dei med nedsett arbeidsevne.
Pass på kvalitetssikring av CV og still krav om yrkesmessig og geografisk mobilitet.

Bruk tiltak klokt og målretta, prioriter verkemiddel som gir innpass hos ordinære arbeidsgjevarar, og ha ordinært arbeid som mål!

Mvh. Eli Helene Grøtta
NAV-leiar, NAV Ørsta/Volda
Tlf.: 90 67 55 99/ 55 55 33 33
E-post: eli.grotta@nav.no
www.nav.no